



Høgskulen på Vestlandet

Samfunnsfag 3, emne 4 - Masteroppgave

MGUSA550-O-2022-VÅR2-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	02-05-2022 09:00	Termin:	2022 VÅR2
Sluttdato:	16-05-2022 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave		
Flowkode:	203 MGUSA550 1 O 2022 VÅR2		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	511
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	35874
----------------------	-------

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/uirksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Falske framstillingar og konkurrerande diskursar:
Norsk okkupasjonshistorie i offentleg debatt

Fake history and conflicting narratives:
Cultural representations of the Norwegian
occupation history discussed in the public debate

Grete Roska

Master i samfunnsfagdidaktikk, GLU 5-10, MGUSA550

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Christian Melby

15. mai 2022

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

Denne oppgåva undersøker korleis ulike populærkulturelle framstillingar av norsk okkupasjonshistorie 1940-1945 blir diskutert i offentleg debatt. Analysen tar for seg debattane rundt to TV-seriar og éi bok som gjekk føre seg i tidsrommet 2018-2021. Med veksande avstand til krigen, der det kommunikative minnet gradvis forsvinn, vil slike kulturelle minne vere sentrale i formidlinga av okkupasjonshistoria. Debattar rundt *nyare* framstillingar av okkupasjonshistoria kan dermed fortelje oss noko om måtar vi no, 77 år etter frigjeringa, diskuterer krigen på i Noreg. Med ein diskursanalytisk tilnærming, set studien søkelys på *kva* som blir diskutert i debattane og *korleis*, samt *kvifor* framstillingane skapar reaksjonar.

I analysen kartla eg fire hovudtematikkar som dei mest sentrale diskusjonsemna: Sannheit og fiksjon i framstillingane, nyansering og nye perspektiv, forskingsarbeidet bak framstillinga og på fagfeltet, og tolking av fortidige hendingar i notid. Studien diskuterer korleis ein deltakande historiekultur, der både faghistorikarar og andre som set historisk kunnskap på agendaen, bidrar til den allmenne historieforståinga. Mine funn viser at debattantane deltar med ulike formål, og rettferdiggjær sine argument på forskjellige grunnlag – etter ekspertise, interesse, erfaringar og opplevingar. Gjennom meningsutveksling blir ulike syn på okkupasjonshistoria, og formidlinga av den, forsterka i desse debattane.

Konkluderande slår studien fast at sjølv med krigen på avstand vekker temaet stort engasjement, og er framleis ein viktig del av kulturen. Nye perspektiv av okkupasjonshistoria vert sett på som både viktig og riktig å framheve, men det er også desse som kan reknast som hovudårsaka for ueinigheitene. Dei delte meiningane handlar om korleis kjeldematerialet skal tolkast i arbeidet med nyanserande historiesyn, kva som skal forteljast og korleis det skal framstillast, og på kva premiss.

Abstract

This thesis is a study of how various popular cultural representations of the Norwegian occupation history 1940-1945 are discussed in the public debate. The study examines the debates around two TV series and one book in the period 2018-2021. With an increasing distance to the war, as the communicative memory gradually disappears, cultural memories like these will be crucial in the remembrance of the occupation. Analysing debates that address *recent* representations of the historical event can expose the ways in which we now, 77 years after the liberation, discuss the wartime in Norway. With a discourse-analytical approach, the study seeks to find out *what* is being discussed in the debates and *how*, as well as *why* the representations cause reactions.

The most central topics of discussion identified in the analysis are facts and fiction, production and research, new perspectives, and how past events are interpreted in the present. The study discusses how a participatory historical culture, where both professional historians and others who put historical knowledge on the agenda, contributes to the historical understanding in the public. The debaters participate with different purposes and justify their arguments on separate grounds – depending on expertise, interest, and experiences. Consequently, the public debates reinforce the multiple views and interpretations of the Norwegian occupation, and the different opinions on how it should be disseminated.

In conclusion, this study finds that even with the war at a distance, the subject arouses great engagement and is still considered culturally significant. New perspectives and narratives are seen as important to shed light on the war, but such new perspectives can also be considered the main reason for these popular debates. The debates uncover the diverse opinions on how the historical sources should be interpreted when presenting these new perspectives, what stories should be told and how they should be presented, and what premise they are based on.

Forord

Dette masterprosjektet begynte med ei interesse for korleis historie blir framstilt utanfor skulen som arena – spesielt i bøker, på TV og i media. Sjølv har eg alltid opplevd det som spennande med dokumentarar og filmar som er «basert på en sann historie». Gjennom lærarutdanninga har også fokuset på kritisk tenking gjort meg endå meir merksam på kor viktig denne eigenskapen er i møte med slike framstillingar. For det finnast alltid fleire sider av ei sak, og det er ikkje alltid like lett å vite kva som er sant og ikkje. I arbeidet med denne masteroppgåva har eg fått moglegheita til å fordjupe meg i nettopp dette.

Prosesen har likevel vore lang, der eg i starten gjekk mykje fram og tilbake mellom fleire aktuelle tema før eg endeleg landa på noko som var midt i blinken for meg. Undervegs i arbeidet har eg lært mykje og oppdaga fleire interessante perspektiv på temaet som eg ikkje hadde tenkt på før. Det har vore både ein spennande, utfordrande og givande prosess.

Vegen fram til mål har eg ikkje fullført aleine. Eg vil rette ein stor takk til min rettleiar, Christian Melby, for nyttige innspel, idear og tilbakemeldingar i prosessen med masterprosjektet. Det har vore til betydeleg god hjelp. I tillegg vil eg takke mine medstudentar for motiverande samtalar, hyggelege lunsjpausar og sosiale avbrekk frå dei lange dagane på lesesalen. Studietida hadde ikkje vore det same utan dykk.

Grete Roska

Bergen, 14. mai 2022

Innhald

1. Innleiing og forskingsspørsmål	1
1.1. Tema og bakgrunn	1
1.2. Relevans og aktualitet	2
1.3. Problemstilling og avgrensing	3
2. Teori og tidlegare forskning	5
2.1. Sentrale omgrep	5
2.2. «Den sosiale minneproduksjonen»	6
2.3. Okkupasjonen i Noreg: historieskriving, minne og myte	8
2.3.1. Det kulturelle minnet om krigen	10
2.3.2. Kollektivtradisjonen: Okkupasjonshistoria i norsk kultur	11
2.3.3. Okkupasjonshistoria i debatt	12
2.4. Historie som dannelsingsfag	14
2.4.1. Historiedidaktikk	14
2.4.2. Å lære av historia?	15
3. Kjelder og rammeverk for studien	17
3.1. Utval av kjeldemateriale	17
3.1.1. Innsamling og behandling av data	19
3.2. Analysestrategiar	19
3.3. Presentasjon av debattane	20
4. Mellom fakta, falske framstillingar og fiksjon	22
4.1. «Inspirert av sanne hendelser»	22
4.2. Bruken av filmatiske verkemidlar	24
5. Nyansering og nye perspektiv	28
5.1. Kvinner under krigen	28
5.2. «På feil side»	31
5.3. «Å rokke ved etablerte sannheit»	33
5.3.1. Heimefronten – ei helteforteljing?	35
5.3.2. Jødane sitt perspektiv? Eller heimefronten sitt perspektiv?	38
5.4. Mangelen på nyanser	40
6. Med rett til å publisere?	43
6.1. Forskingsarbeid og kjeldegrunnlag	43
6.1.1. Michelets kjeldemateriale – eit tolkingsspørsmål?	45

6.1.2. Ut mot faghistorikarane	47
6.1.3. Sjå til Danmark?	49
6.2. Etske vurderingar	50
6.2.1. Forskingsetikk i grenseland	50
6.2.2. «Å henge ut enkeltpersoner som ikke lenger kan forsvare seg»	52
6.2.3. Når kunstnariske fridommar går utover verkelege personar.....	55
6.3. Makt og ansvar.....	56
6.3.1. NRK og Gyldendal som publiseringsplattform	56
6.3.2. «Hypotesebekreftande metode»	59
6.4. Faglege ueinigheiter.....	61
6.4.1. Kritiske spørsmål og «bombastiske uttalelser» om Frontkjempere	61
6.4.2. «Et lærestykke i dobbeltkommunikasjon»	64
6.4.3. «Bokkamp er samfunnsdebatt på høyt nivå»	65
7. Fortida i notida	69
7.1. I etterpåklokskapens lys.....	69
7.1.1. «Den moraliserande historieskrivar»	70
7.1.2. Kva visste eigentleg Sønsteby?.....	73
7.1.3. Fluktapparatet: Med livet som innsats.....	74
7.1.4. Antijødiske haldningar i heimefronten.....	79
7.2. Kan ein forstå utan å fordømme?	82
8. Diskusjon: Historiekrigen.....	85
8.1. Sentrale tema og fellestrekk i debattane	85
8.1.1. Deltakarane	85
8.1.2. Kva blir sett på som viktig i debattane?	88
8.2. Korleis burde historia bli framstilt, 77 år etter krigen?	92
9. Oppsummering og konklusjon	96
10. Kjeldeliste	99
10.1. Avisinnlegg	99
10.2. TV-program	107
10.3. Bøker og artiklar.....	107
Vedlegg 1	110
Vedlegg 2.....	115
Vedlegg 3.....	119

1. Innleiing og forskingsspørsmål

1.1. Tema og bakgrunn

Vi blir aldri ferdig med krigen. Stadig kjem det nye bøker, TV-seriar og filmar som viser nye perspektiv, nye funn i forskinga og presenterer sider ved okkupasjonshistoria som lenge har vore neglisjert, gøymd bort og gløymt. Gjentatte gongar skapar dette debatt og store diskusjonar i media. Vi blir aldri einige heller, for det finnast ingen eintydig framstilling av okkupasjonshistoria i Noreg. Den tradisjonelle grunnforteljinga om krigen som dominerte historiebildet i etterkrigstida, blir stadig utfordra av alternative narrativ som ikkje stemmer overeins med den patriotiske historia nordmenn flest er vand med. 77 år etter krigens slutt er historia om okkupasjonen under andre verdskrig framleis eit tema som engasjerer det norske folk – både innanfor og utanfor det historiske fagmiljøet.

I eit innlegg i Morgenbladet, som del av ein historiedebatt, skildra historikar Astrid Sverresdotter Dypvik formidling av krigshistoria som «ei slagmark der historikarar er i profesjonskamp med journalistar og med kulturlivet» (Dypvik, 2021). Ho skreiv også at dei nasjonale debattane er med på å forme minnekulturen knytt til krigen, og at minnekulturen skil seg frå det vitskapelege historiefaget gjennom eit klart «folkepedagogisk» føremål (Dypvik, 2021). Dette er eit interessant utgangspunkt for å undersøke korleis ulike oppfatningar og tolkingar av okkupasjonshistoria kjem til uttrykk i kulturen og blir diskutert i offentlege debattar.

Tema for denne oppgåva er nettopp historiebruk i kultur og debatt – ei undersøking av offentlege debattar rundt ulike populærkulturelle framstillingar av okkupasjonstida i Noreg 1940-1945. Bakgrunnen for valet av tema er at historie har bruksområde også utanfor skulen og vitskapen, og at historisk læring og tileigning av kunnskap om fortida derfor skjer i eit mangfald av arenaer. Kven som helst kan bidra til å produsere historie, og på denne måten fremje bestemte perspektiv på bakgrunn av ulike motiv og føremål. Krittisk tenking i møte med ulike framstillingar av historie er derfor sentralt – ikkje berre for historikarar, men også for blant anna skuleelevar. Populærkulturelle framstillingar vil slik sett egne seg godt for å ta opp diskusjonar rundt ulike tolkingar av okkupasjonshistoria (Ferrer, 2019, s. 114).

1.2. Relevans og aktualitet

Med veksande distanse til krigen er det mogleg vi no står i eit vegskilje i formidlinga av den norske okkupasjonshistoria. Minne om krigen kan kome til uttrykk på ulikt vis. Ein kan skilje mellom kommunikativt minne og kulturelt minne. Medan det kommunikative minne vert fortalt av menneska som opplevde krigen, tidsvitna, vil det kulturelle minnet fortelje okkupasjonshistoria gjennom kulturprodukt. Etter kvart som tidsvitna dør, vil det kommunikative minnet gradvis forsvinne og føre til eit vendepunkt i formidlinga av okkupasjonshistoria (Stugu, 2021, s. 17-18). Dette vendepunktet er spesielt aktuelt å tale om no som det er over 80 år sidan tyskarane invaderte Noreg. Stugu viser derfor til kulturprodukt som den viktigaste kjelda for kollektive minne (Stugu, 2021, s. 20-22).

Teknologiske utviklingar har også betydning for denne perspektivendringa ettersom det kan føre til nye måtar å skrive og produsere historie på (Prost & Winter, 2020, s. 193).

Kulturprodukta kan til dømes vere i form av TV-produksjonar. Forskingslitteraturen på dette feltet gir inntrykk av at TV, film, massemedia og populærkulturen generelt er hovudkjelda til historisk læring hos folk flest – med større gjennomslagskraft enn mange faglege historiebøker. Dette gjeld også kunnskapar om norsk okkupasjonshistorie (Grimnes, 2009, s. 486; Stugu, 2016, s. 139, 2021, s. 160; Tosh, 2008, s. 133).

Historieframstillingar på TV vil ifølgje historikar John Tosh (2008, s. 34) ofte presentere tema og tolkingar av fortida som kan ha verdifulle kulturelle betydingar. Dette er også tilfellet i Noreg – der det mytiske i forteljinga om krigen er spesielt viktig for kulturen og det nasjonale fellesskapet: Patriotiske helteforteljingar og kampen mellom det gode og det vonde har vore sentrale i film- og TV-framstillingane om okkupasjonen (Eriksen, 1995, s. 18, 141; Stugu, 2021, s. 171).

Med tida har nye fortolkingar og forteljingar av okkupasjonstida blitt belyst – nokre innanfor den patriotiske grunnforteljinga sine rammer, og andre utanfor (Stugu, 2021, s. 11-12).

Kritikken ligg likevel ofte ikkje langt unna når det gjeld slike historieframstillingar. Nye perspektiv som blir formidla på kostnad av andre perspektiv skapar ueinigheiter og kontroversar. Historieformidling vil dermed ikkje vere ein nasjonal konsensus, men heller fungere som ei kritisk oppfordring (Tosh, 2008, s. 138-139). Auka kunnskap om ulike perspektiv på historia vil kunne bidra til utvikling av historiemedvit. Historiedebattar er slik

sett ein måte å opplyse det allmenne publikum på. Gjennom kritisk tenking og opparbeida kjennskap til temaet kan ein også engasjere seg i samfunnsdebatten om ulike historieframstillingar. Ikkje berre er dette grunnleggande for ein demokratisk kultur, men det koplar også historie og samfunn saman (Tosh, 2008, s. 138-139).

Historieforfalsking, uetisk forskning og selektiv kjeldebruk er å finne blant kritikken som har prega historiedebattane i mediebildet i Noreg dei siste tre åra. Slik det blir forklart ovanfor, kan reaksjonane mot aktuelle framstillingar av okkupasjonshistoria også komme av perspektiv og narrativ som bryter med den leiande diskursen og myten om «dei gode mot dei vonde». For både skulebarn og vaksne er det viktig å vere bevisst på at historia som blir framstilt på TV, i bøker og i media er tolkingar og ikkje nødvendigvis fakta og sannheit. I ein debatt som gjekk føre seg i fjor, om historiefaget i skulen, vart det understreka kor viktig det er med utvikling av kritisk tenking og historiemedvit i møte med falske framstillingar og polariserte debattar (G. S. Eriksen, 2021; Melby, 2021). På bakgrunn av dette er det interessant å undersøke kva som faktisk blir diskutert i slike historiedebattar – kva som blir sett på som viktig og korleis ulike synspunkt, tolkingar og konkurrerende diskursar kjem til uttrykk i diskusjonane.

1.3. Problemstilling og avgrensing

Det finnast fleire døme på populærkulturelle og populærvitskaplege produkt som formidlar ulike forteljingar og sider av den norske okkupasjonshistoria, og som har skapt offentleg debatt i media. Ettersom andre verdskrig truleg er det temaet det har blitt skriva mest om i norsk historieforskning, samt eit populært tema i kulturen elles, trengst det ei avgrensing for omfang av kulturprodukt og debattar som skal undersøkast i denne oppgåva. Ei fornuftig avgrensing, med tanke på relevans og aktualitet, vil vere debattar rundt *nyare* kulturprodukt som omhandlar temaet. To fjernsynsseriar og éi bok, publisert i tidsrommet 2018 til 2021, har utmerka seg spesielt i avisspaltene dei siste åra gjennom store debattar. Det gjeld sakprosa-boka *Hva visste Hjemmefronten?*, fiksjonsserien *Atlantic Crossing* og dokumentarserien *Frontkjempere*. Desse omhandlar ulike tema ved okkupasjonshistoria: Frå kronprinsesse Märtha sin innsats for Noreg under krigen – stasjonert i USA, til den norske motstanden i heimefronten, jødedeportasjonane og nordmenn som deltok i tysk krigsteneste på austfronten.

Med tre ulike historiefremstillingar, som varierer i både sjanger og form, er det spesielt interessant korleis debattane har gått føre seg offentleg i media, kva dei har til felles og kvifor dei har skapt så mykje engasjement. Denne oppgåva skal dermed svare på følgjande problemstilling:

Korleis blir framstillingar av norsk okkupasjonshistorie i nyare TV-produksjonar og bøker diskutert i offentleg debatt?

Meir konkret vil eg svare på problemstillinga ved å diskutere kva som blir sett på som viktig i desse debattane, kven som debatterer og korleis folk med ulike synspunkt rettferdiggjær sine argument i diskusjonane. I tillegg vil eg setje søkelys på i kva grad framstillingane vert opplevd som avvikande frå den tradisjonelle grunnforteljinga om krigen, og kva synspunkt debattantane har når det gjeld denne utviklinga.

2. Teori og tidlegare forskning

I dette kapittelet skal eg gjere greie for teoretiske perspektiv og tidlegare forskning på feltet – om historie og minne, bruk og forståing av forteljinga om krigen, samt kva betyding dette har for kulturen og samfunnet. Først vil eg kort avklare nokre omgrep som er sentrale for denne studien.

2.1. Sentrale omgrep

Historieforståing er eit omgrep som vil ha ei overordna betyding for denne oppgåva.

Omgrepet vart definert i Kunnskapsløftet og handlar om korleis menneske kan ha ulike oppfatningar av fortida, samt korleis desse tolkingane vidare kjem til uttrykk i forteljingar og historiske framstillingar. Oppbygging, formidling, forståing og vurdering av historisk kunnskap, samt korleis historia vert brukt, inngår i omgrepet (Kunnskapsdepartementet, 2009; Syse, 2011, s. 27).

I samanheng med historieforståing, er det sentralt å trekke fram *multiperspektivet* som grunnleggande for historiefaget. Multiperspektivet handlar om å kunne sjå ei historisk hending frå fleire ulike synspunkt (Skram, 2011, s. 11–12). Det finnast eit mangfald av oppfatningar av fortidige hendingar. Dette krev forståing, respekt og anerkjenning for andre sine tenkemåtar, men også dømmekraft og ei evne til å tenke kritisk i møte med ulike perspektiv på historia (Ferrer, 2019, s. 154–155; Lenz, 2011, s. 251; Skram, 2011, s. 11–12).

Medan historie i seg sjølv er eit fag som har fokus på innhaldet i historia og fortidige hendingar, vil *historiebruk* heller vere eit omgrep for å forstå historie på eit metanivå. Her er det ikkje empirien og dei fortidige oppfatningane som står sentralt, men bruken av det; oppfatninga om oppfatningane. Studiar om historiebruk vil slik sett ofte ha fokus på notid heller enn fortid, og det er dermed samtida si bruk av historie som er interessant på dette feltet (Bøe, 2006, s. 16).

Historiebruk har ein innflytelse på utviklinga av *historiemedvit*. Historiemedvit er ein samanheng mellom notidsforståing, fortidsfortolking og framtidsforventingar. I samspelet mellom desse tidsdimensjonane, vil historiebruken bidra til å setje oppfatningane og fortolkingane i kontekst; kva for samanhengar historia vert formidla i, og korleis historia kan bli brukt ulikt og endre seg etter ulike formål (Bøe, 2006, s. 24; Kvande & Naastad, 2020, s. 48–49). Ifølgje Kvande og Naastad inneber utviklinga av historiemedvitet også at ein klarer å

historisere seg sjølv – å forstå fortida ved å setje seg inn i den historiske konteksten (Kvande & Naastad, 2020, s. 48–49). *Historisering* vert ytterlegare forklart som «å forstå fortidens mennesker og samfunn på deres egne premisser» (Kvande & Naastad, 2020, s. 56).

Historiekultur er det breiaste av omgrepa nemnt her. Både historieskrivinga og minnekulturen inngår i dette omgrepet. Kvande & Naastad skriv at historiekultur vanskeleg lar seg definere då det finnast fleire ulike betydningar (Kvande & Naastad, 2020, s. 61–62). Stugu definerer likevel historiekultur kort og greitt som «kjeldene, artefakta, rituala, sedvanane og påstandane med referansar til fortida som byr seg fram til å binde saman fortid, notid og framtid» (Stugu, 2016, s. 20). Med dette blir det tydeleg at både historiebruk og historiemedvit går inn under omgrepet.

2.2. «Den sosiale minneproduksjonen»

Historiedidaktiker Ola Svein Stugu har i si bok *Den andre verdskrigen i norsk etterkrigsminne* (2021) satt fokus på omgrepet *minne*. Han forklarar at omgrepet inneber at nokon ser tilbake på noko som har vore, og kallar fram bilde av dette (Stugu, 2021, s. 15). Stugu skriv at desse bilda handlar om *førestillingar* av fortida, og derfor ikkje treng å referere til den faktiske fortida. Som individ kan ein ha forskjellige minner og erfaringar frå historiske forhold, men når dette blir delt i fellesskap med andre, og ein finn parallellar mellom dei individuelle minna, får vi det som vert kalla *kollektive minne*. Når desse kollektive minna og førestillingane om fortida fører til ein kultur, eller tar del i ulike felt i kulturen, kan vi kalle det for ein *minnekultur* om krigen (Stugu, 2021, s. 15).

Studiar av minne vil ha interesse i kva forteljingar som i ettertid har blitt fortalt og ikkje, og korleis fortida blir avbilda i samtida. Historie, i betydning faghistorie, vil derimot søke å forstå og forklare ulike hendingar, handlingar og tenkemåtar slik det faktisk var. Ved historisering og bruk av historiefaglege metodar kan ein skaffe ein tilnærming til den faktiske fortida (Stugu, 2021, s. 15–16).

Historiske forhold og fortidige hendingar kan med andre ord representerast på fleire måtar. Kulturhistorikar Anne Eriksen (1999, s. 14) fortel at «den totale historieproduksjonen i et samfunn kan betraktes som et kor med mange stemmer», og understrekar at i tillegg til historiefaget finnast det mange andre som deltar i historiefordlinga. Teorien om *popular memory* viser til dette, og handlar om å «inkludere alle de måter å bygge opp en forståelse

av fortiden på, som eksisterer i vårt samfunn» (Eriksen, 1995, s. 14). Omgrepet dekker likevel ikkje alt: Faghistoria har sin plass i ein meir omfattande prosess, kalla *den sosiale minneproduksjonen*. Her vert både *popular memory* og den akademiske historieskrivinga inkludert. Det blir ein kollektiv produksjon der alle deltar på kvar sin måte – både offentleg og privat (Eriksen, 1995, s. 14–15, 1999, s. 14).

Sett i samanheng med forteljinga om krigen, forklarar historikar Ole Kristian Grimnes desse forholda slik: «Det kollektive minnet inkluderer de oppfatningar om okkupasjonstiden som man finner i alle lag av samfunnet, både hos alminnelige folk, i mediene, i litteraturen, skolen, museene og i forskningen» (Grimnes, 2009, s. 484). Den sosiale minneproduksjonen blir dermed eit samanhengande felt i kulturen, der bruken og hensikta bak historia som vert formidla varierer. Til dømes vil ikkje ein TV-serie nødvendigvis ha same intensjonar for formidling av historisk kunnskap, og like tydelege kriterium for truverdighet, som den vitskaplege standarden (Eriksen, 1995, s. 14–15, 1999, s. 14).

Historikar John Tosh har også skrive om forholdet mellom historie som akademisk fag og populærhistorie. Han skriv at spørsmål som opptar og interesserer historikarar i academia ofte vil vere noko heilt anna enn det som interesserer det allmenne publikum i historie. I dagens samfunn ser ein derimot at dette skiljet ikkje lenger er like tydeleg. Mellom historie som vitskap og populærhistorie finn ein det Tosh skildrar som *public history* – eit felt der desse ulike interessa for historie smeltar saman (Tosh, 2008, s. 99). Vidare har Tosh i ein annan artikkel forklart *public history* som historie produsert og formidla utanfor academia, der initiativtakarar til dømes kan vere TV-produsentar, museumskuratorer og kulturminnevernarar (Tosh, 2014, s. 191–192).

For å forklare fenomenet ytterlegare kan ein sjå det i samanheng med omgrepa *underground history*, *people's history* og *history from below* – som alle viser til historie fortalt av og for alminnelege menneske (Prost & Winter, 2020, s. 202; Tosh, 2014, s. 195). Slik sett kan ein seie at historie har fått ein anna betydning enn tidlegare, der engasjement og interesse for historie også er å finne blant alminnelege i samfunnet, og ikkje berre lukka i fagmiljøet. Med utgangspunkt i dette har Tosh undersøkt kva rolle historikarar har på dette feltet – om dei har ein sentral eller perifer betydning i *public history* (Tosh, 2014, s. 191–192).

Denne rolla kan vere vanskeleg å definere. *Public historians* kan vise til både historikarar som oppsøker eit allment publikum, historikarar som arbeider i den offentlege sektor, eller ein person med stor interesse for historie – utan kvalifikasjonar og fagleg bakgrunn (Tosh, 2014, s. 194). Eit alternativt omgrep, og kanskje også eit betre eit, vil vere *historians in public* som tydelegare viser til historikarar som arbeidar i akademia, men som når ut til allmenta når dei føler dei har noko å bidra med i den allmenne historieforståinga (Tosh, 2014, s. 211). Dette ser ein typisk ved at historikarar deltar i den sosiale minneproduksjonen i samfunnet og bidrar i historiefordlinga gjennom å til dømes hjelpe å setje saman ein TV-serie eller kome med bidrag og innspel til både faglege og populærkulturelle bøker. Ei viktig rolle for historikaren her er å stille seg kritisk til den informasjonen om ulike historiske forhold som kjem ut i offentlegheita (Prost & Winter, 2020, s. 207–210). På denne måten blir det ein «deltakande historiekultur» mellom historie som fag og historie som allmenn interesse – der historisk kunnskap blir satt på agendaen av interesser som opptar samfunnet, medan historikarar fungerer som rettleiarar eller bidragsytarar (Tosh, 2014, s. 195).

Dette ser ein også i formidlinga av okkupasjonshistoria. Ifølgje Grimnes (2009, s. 486) legg den alminnelege samfunnsdebatten grunnlaget for tolkingsperspektiva av okkupasjonshistoria, der spesielt populærkulturen og massemedia setter sine preg på oppfatningane av den. Vidare vert det understreka at akademiske historikarar verken har ei enkel eller takksam oppgåve i denne samanhengen, men at dei likevel deltar i den offentlege debatten. Her kan historikarane tilføre sentrale fakta og påpeike feil og manglar i dei populære framstillingane. Dermed får dei også ei rolle i å setje konkrete forteljingar inn i ein større historisk kontekst (Grimnes, 2009, s. 486).

Grimnes poengterer til slutt at det ikkje blir brukt nok tid på å diskutere kva som burde vere den akademiske forskinga si oppgåve i det populære feltet når det gjeld okkupasjonshistoria. Her blir det stilt spørsmål ved om historieforskinga driver fram kunnskap basert på eigne premisser – eller samfunnet og offentlegheita sine premisser (Grimnes, 2009, s. 486).

2.3. Okkupasjonen i Noreg: historieskriving, minne og myte

Eit sentralt verk å trekke fram er Synne Corell sin *Krigens ettertid: okkupasjonshistorien i norske historiebøker* (2010). I denne studien har Corell forska på korleis okkupasjonshistoria har blitt fortalt i den vitskaplege historieskrivinga. Ho har analysert tre verk, publisert

mellom 1947 og 1995, for finne ut korleis krigen har blitt framstilt i faghistoria.

Historiebøkene, eller bokseriane, ho har analysert er *Norges krig (1947-1950)*, *Norge i krig (1984-1987)* og *Norsk krigsleksikon 1940-1945 (1995)* – alle forfatta av akademiske historikarar med ei brei målgruppe. Desse vil ifølgje Corell finne stad i spenningsfeltet mellom akademisk historie og populærhistorie – mellom historisk kunnskap og historie med andre hensikter (Corell, 2010, s. 9-12).

Stugu har i si bok om norsk etterkrigsminne undersøkt om det framleis finnast ei einskapleg grunnforteljing om krigen som dominerer, eller om den i auka grad blir fragmentert av konkurrerande perspektiv (Stugu, 2021, s. 12). I etterkrigstida har forteljinga om okkupasjonstida blitt bygd på ein svart-kvit-motsetning; dei gode på ei side, dei vonde på ein annan – jøssingar mot quislingar, det nasjonale «vi» mot det «unasjonale». Denne dikotomien skapte fundamentet for den nasjonale grunnforteljinga om krigen – utan fargenyansar og gråsoner (Grimnes, 2009, s. 481). Ei slik forståing av krigen har lenge stått så sterkt i minnekulturen at ein kan tale om ei kanonisk forteljing, eller eit «nasjonalt konsensussyndrom» (Stugu, 2021, s. 39).

I seinare tid har grunnforteljinga blitt utfordra og kritisert for mangelen på nyansar (Stugu, 2021, s. 48). Til dømes har offergrupper og «gløymde» grupper, som jødar, sjøfolk og kvinner, kome meir i fokus og fått sin anerkjenning. Det same gjelder ut-grupper og «dei andre», som NS-medlem, landssvikarar, nazistar og kollaboratørar. Nye generasjonar skriv historia på nytt etter spørsmål og behov i samtida. Slik blir okkupasjonshistoria forma på ein annan måte i dag enn i dei første etterkrigsåra (Grimnes, 2009, s. 483; Stugu, 2021, s. 77–78).

Grimnes forklarar at desse nye og utfordrande tematikkane som har kome med utviklinga av historieskrivinga har blitt fortalt innanfor ramma av grunnforteljinga, slik at grunnforteljinga i seg sjølv framleis står uendra (Grimnes, 2009, s. 485). Stugu stiller likevel spørsmålet om desse endringane, konkurrerande forteljingane og nyansane er så vesentlege at ein i dag kan tale om ei ny, eller eventuelt ei reformert, grunnforteljing (Stugu, 2021, s. 12, 48). I boka hans konkluderer han med at norsk minnekultur har vore prega av sterk konsensus, der berre forteljingar som presenterer Nasjonal Samling (NS) sine perspektiv på historia er det som hovudsakleg verkar avvikande frå den hegemoniske grunnforteljinga. Det er stort sett den forskingsbaserte litteraturen og lærebøkene som kan vise til ei meir reformert forteljing

om krigen. I andre medium, meir retta mot det allmenne publikum, vil patriotiske helteforteljingar framleis vere hovudregelen (Stugu, 2021, s. 48, 170-171). Filmar som tar utgangspunkt i verkelege hendingar og fortel om aktive motstandsfolk er eit døme på dette – slik som *Max Manus* (2008) og *Den 12. mann* (2017) (Stugu, 2021, s. 126).

2.3.1. Det kulturelle minnet om krigen

Aktørar som produserer kulturprodukt om krigen vil ha makt til å kunne fremje bestemte syn og interesser gjennom historieformidlinga, samt ha ulike motiv for produksjonen. Brukarane sine motiv for å søke opp kulturprodukta kan også variere i stor grad. Stugu skil likevel mellom to hovudtypar motiv: Den eine handlar om å søke opplevingar, fascinasjon og spenning, medan den andre er å søke opplysning og lærdom (Stugu, 2021, s. 20–22).

Det er ikkje mangel på bøker og filmar om krigshistoria. Ein statistikk viser at tal på utgivingar av sakprosa-bøker med krigen som tema har auka etter 2005. Ein viktig grunn til dette er nettopp avstanden til krigen og overgangen til det kulturelle minnet som den mest sentrale forvaltaren av okkupasjonshistoria (Stugu, 2021, s. 109–112). Stugu understrekar at «eit viktig spørsmål er i kva grad bøker og filmar har formidla ei patriotisk grunnforteljing, og kor brei plass ein kan finne for alternative forteljingar» (Stugu, 2021, s. 13).

Film vert hevda å vere «det sterkaste mediet for å forme biletet av krigen» (Stugu, 2021, s. 160). Krigen sitt potensial som eit opplevingsunivers har vore viktig for underhaldningsindustrien i etterkrigstida. I ein film kan krigen blant anna vere hovudtema, sidetema eller fungere som ei meiningsgjevande ramme (Eriksen, 1995, s. 140–142). Det finnast både dokumentarfilmar og fiksjonsfilmar med krigen som tema, samt filmar som er ei blanding av desse to overordna kategoriane. Dokumentarfilmen har gjerne ei rolle i å opplyse publikum og presentere faktiske forhold, medan fiksjonsfilmen på si side vil bygge på oppdikting av personar og handling med krigen som bakgrunnstema. Ein mellomting vil vere å dramatisere faktiske hendingar med verkelege personar, eller bruke fiktive hovudpersonar i verkelege, historiske hendingar. Stugu viser til «sjåarkontrakta» og poengterer at publikum vil stille andre forventningar og autentisitetsskrav til ein dokumentarfilm enn til ein fiksjonsfilm (Stugu, 2021, s. 122–123).

For å vidare undersøke korleis okkupasjonshistoria har utfolda seg i ulike sider av samfunnet og kulturen, vil eg gå nærare inn på tidlegare forskning om okkupasjonshistoria i kollektivtradisjonen og i offentlege debattar.

2.3.2. Kollektivtradisjonen: Okkupasjonshistoria i norsk kultur

I boka *Det var noe annet under krigen* (1995) har Anne Eriksen forska på kollektivtradisjonen om krigen. Med eit kulturanalytisk siktemål undersøker ho korleis kunnskap om okkupasjonsåra 1940-1945 har blitt forvalta i norsk kultur (Eriksen, 1995, s. 10–11). Ho forklarar kollektivtradisjonen, eller den kollektive erindringa, som den samla kunnskapen, erfaringane og minna frå krigen (Eriksen, 1995, s. 14). Parallelt med den sosiale minneproduksjonen, der yrkeshistorikarar og lekfolk får bidra til historieskrivinga av okkupasjonen i Noreg, er det uttrykt eit behov for korrekt framstilling og vidareformidling av historia. Framstillingar som ikkje tilfredsstillar dette behovet, og som opplevast som uriktige, vil ifølgje Eriksen bli «forsøkt korrigert i den offentlige debatten» (Eriksen, 1995, s. 10–11).

Eriksen diskuterer forholdet mellom det realistiske og det mytiske når det kjem til okkupasjonshistoria, samt forholdet mellom det dominerande historiesynet og dei opposisjonelle oppfatningane av historia. Ho understrekar at okkupasjonshistoria blir framstilt forholdsvis eintydig i kulturen, med unntak av NS sin versjon som står i klar motsetnad til grunnforteljninga (Eriksen, 1995, s. 15–16).

Myten vert framheva som spesielt viktig for kollektivtradisjonen. Medan den realistiske måten å lese historia på ser etter ein mest mogleg sann forteljing av hendingane og faktiske forhold, vil myten reknast som eit eige kulturuttrykk – ein verdifull del av kulturen der forteljinga har betydning ut over seg sjølv. I kollektivtradisjonen om krigen viser det mytiske ein forteljing om kampen mellom godt og vondt, eit moralsk fellesskap og verdiar knytt til norsk historie og kultur. Ifølgje Eriksen, består grunnforteljinga om den norske okkupasjonshistoria av eit samanfall mellom det realistiske og det mytiske (Eriksen, 1995, s. 16–19). Kunnskap om krigen blir på denne måten eit viktig kriterium for nasjonal identitet og tilhørslse. Historia forvaltar også verdiar som framleis er viktige og relevante i etterkrigs-Norge, og kunnskapen om den må derfor kunne vidareførast til nye generasjonar (Eriksen, 1995, s. 29–30).

Ifølgje Eriksen er det ofte motstandsarbeidarane med heltestatus som blir framheva i forteljinga om krigen. Til tross for at heltane var unntaksmenneske, fungerer «sabotørlitteraturen» og mytiske helteforteljingar likevel integrerande; det skapar eit nasjonalt fellesskap gjennom kvardagstradisjonar og felles opplevingar, og representerer viktige kulturelle symbol (Eriksen, 1995, s. 61, 73).

Kollektivtradisjonens bruk og utvikling, og vidareføring av kunnskapen, er sentrale tema i Eriksen sin studie. I tillegg til historieundervising og lærebøker, finnast det andre framstillingsformar og formidlingsarenaer som i større grad kan byggje på eit innlevings- opplevingsaspekt – som til dømes utflukter og filmar (Eriksen, 1995, s. 97, 102–107). Opplevingar som kan relaterast til ei sann hending, og som på denne måten møter realismekravet og kunnskapsaspektet, er viktig for historielæringa. Eit overordna tema er ofte kampen mellom det gode og det vonde, noko som også gjer mytologiseringa av okkupasjonshistoria tydeleg (Eriksen, 1995, s. 139–143).

Eriksen konkluderer at historieskrivinga, både vitskapleg og kulturelt, har vore viktig for kollektivtradisjonen – for nasjonale verdiar og kulturell identitet. Mytologiseringa av okkupasjonshistoria viser at det spesifikke historiske over tid kan bli tona ned, medan dei allmenne verdiane vert framheva (Eriksen, s. 173). Den nasjonale konsensusen om kampen mot det vonde står framleis sterkt. Historia vil på denne måten ha ei overføringsverdi til andre deler av kulturen og i andre samanhengar (Eriksen, 1995, s. 167–170).

2.3.3. Okkupasjonshistoria i debatt

Susanne Maerz har i sin studie *Okkupasjonstidens lange skygger. Fortidsbearbeidelse i Norge som identitetsdiskurs* (2010) analysert offentlege debattar rundt okkupasjonshistoria i perioden 1965-2005. Her blir det undersøkt kva betydning desse diskusjonane om okkupasjonshistoria har for den norske, kollektive identiteten. I studien viser Maerz til førestillinga om eit todelt samfunn – dei gode og dei vonde – og stiller ei hypotese om at denne oppdelinga lenge har hindra fortidsbearbeidelsen av krigsåra, og framleis held fram på denne måten. Ho kan likevel sjå ei utvikling på dette feltet (Maerz, 2007, s. 365).

Maerz kjenneteiknar historieskrivinga på 1960-talet som eit ønske om å formidle eit einskapleg historiebilde. Ueinigheiter og kontroversar til den nasjonale grunnforteljinga vart satt lokk på. Diskusjonane bar preg av dette, der blant anna debatten om Quisling-

biografien, skrive av den britiske journalisten Ralph Hewins i 1965, skapte bekymring for at Noreg skulle bli stilt i eit dårleg lys. Debatten om rettsoppgjeret på Stortinget i 1964 viser også til måten førestillinga om eit todelt norsk samfunn vart opprettheldt – med gode nordmenn og motstand på eine sida, og NS-medlem og kollaboratørar på den andre. Bestemte aspekt og eit «riktig syn» på okkupasjonshistoria vart satt. Denne framstillinga vart viktig for norsk, kollektiv identitet og nasjonale verdiar. Likevel skulle dette historiesynet straks bli utfordra neste tiår (Maerz, 2007, s. 366–368).

Ifølgje Maerz, fekk det einskaplege, svart-kvitt bildet av okkupasjonshistoria sine første sprekkar på 70-tallet. Debattane som gjekk føre seg dette tiåret synleggjorde gråsonene, der todelinga av samfunnet til dels vert avvist: I nokre tilfelle kunne ein ikkje plasserast på verken rett eller gal side – som til dømes debatten om Knut Hamsun som var skildra som nazist og landssvikar, men likevel rekna som ein del av det nasjonale fellesskapet. Det som lenge vart sett på som nazistisk og tysk kunne no assosierast med «våre eigne» nordmenn. Debatten om den amerikanske fjernsynsserien *Holocaust* (1979) satt til dømes i gang ein diskusjon om nordmenn si rolle i arrestasjonane og deportasjonen av jødar i Norge. Merksemda rundt «dei andre», forsømte grupper og offergrupper aukar i løpet av dei neste åra (Maerz, 2007, s. 369–370, 2010, s. 151–152).

På 80-talet fekk revisjonismen av historieskrivinga sitt gjennombrot, der en ny generasjon historikarar viste interesse for «den andre sida» som fram til då hadde vore eit neglisjert tema i forskinga (Maerz, 2010, s. 12–13). Igjen vart okkupasjonshistoria gjenstand for debatt. Både Maerz, Eriksen og Grimnes viser til den omstridde dokumentarserien *I solkorsets tegn* som vart sendt på NRK i 1981 og belyste NS sitt perspektiv på krigen. Medan nokre var positive til at andre sider av krigen vart belyst, kritiserte fleire serien for historieforfalsking, skjønnmaling og feilinformasjon (Eriksen, 1995, s. 150–156). Til provokasjon for fleire fekk NS-folka eit menneskeleg ansikt og sto fram som heilt vanlege nordmenn, og ikkje «vonde» landssvikarar, noko som stridar mot den nasjonale konsensusen om det gode og det vonde. Den nye generasjonen, født etter krigens slutt, meinte derimot at det var positivt at historiebildet vart meir nyansert, og at «den andre sida» også skulle få lov til å ytre seg (Grimnes, 2009, s. 482; Maerz, 2007, s. 370–371).

NRK vart også stilt til ansvar etter sendinga av *I solkorsets tegn*: Det vart stilt spørsmål om det var forsvarleg av statskanalen å sende denne serien som framstilte eit «uriktig» bilde av

forholda under krigen. I tillegg vart det uttrykt bekymring overfor ungdommen som kunne ta skade av serien – og ta interesse av nazistiske, eller nynazistiske, haldningar. TV-serien vart oppfatta som eit grovt brot på realismekravet i kollektivtradisjonen (Eriksen, 1995, s. 150–156). I forsoninga av det gode og det vonde, vart det slik sett også eit brot på det mytiske.

Diskusjonar rundt okkupasjonstida har heldt fram på denne måten sidan 1990-tallet – med forsvar av den tradisjonelle historieforteljinga og nasjonal konsensus på den eine sida, og formidling av nyansar, gråsoner og eit oppgjær med det heroiske motstandsbildet på den andre (Maerz, 2007, s. 372, 376). I kontekst av desse debattane, diskuterer Grimnes kva som er det norske traumet frå krigen. Han peikar på «mindre traume» som historier knytt til skam i etterkrigstida – til dømes forholda til jødane, eller behandlinga av tyskarjentene. Det som blir beskrive som «det store traumet» har med Quisling og NS å gjere (Grimnes, 2009, s. 481). Forteljingar som skil seg frå «jøssinghistoriene» er det som ofte skapar store historiedebattar. Debattane tar blant anna opp det vanskelege med å forsone «rett» og «gal» side (Grimnes, 2009, s. 481–484). Dette har bidratt til å framheve nyansane i forteljinga om okkupasjonstida.

2.4. Historie som dannelsingsfag

2.4.1. Historiedidaktikk

Historiedidaktikk kan definerast som «refleksjoner over hva historie *er*, i skole, samfunn, akademia og profesjonsutdanninger, i forhold til kva det *kunne* eller *burde* være» (Kvande & Naastad, 2020, s. 20). I tillegg til teoriar om *popular memory*, den sosiale minneproduksjonen og *public history*, samt ulike formar for historiebruk, viser også denne definisjonen at ein historisk kunnskap utanom det reint faglege. Dette vil sjølvstundt også gjelde barn og unge i skulealder. Lenz & Nilssen (2011, s. 13) poengterer nettopp at det finnast eit mangfald av arenaer som bidrar til historisk læring – skulen er berre éin av desse.

Stugu (2004, referert til i Kvande & Naastad, 2020, s. 23-24) forklarar at slike ikkje-faglege tolkingar og forteljingar, formidla utanfor klasserommet, er ei utfordring for historieundervisinga i skulen. I kontekst av dette kan ein skilje mellom *historiefagsdidaktikk* og *historiebruksdidaktikk*. Kort forklart vil *historiefagsdidaktikken* bygge på det som vert kalla *nedsilningsteorien*, der historie som vitskapeleg fag vert overført til eit skulefag gjennom historiedidaktikken. På denne måten vert historisk kunnskap tilpassa elevane. Elevane kan

likevel tileigne seg historisk kunnskap utanfor skulen – og dermed utanfor rammene av nedslingsteorien. På denne måten oppstår også ulike tolkingar, eller *historieforståingar*, av historiske hendingar (Skram, 2011, s. 13). Med dette beveg vi oss over til *historiebruksdidaktikken*, som i større grad bygger på teorien om historiemedvit og handlar om formidling og forståing av historie i dagens samfunn – også utanfor skulen og vitskapen (Kvande & Naastad, 2020, s. 23–24).

Fleire uformelle undersøkingar har vist at barn og vaksne tileignar seg historisk kunnskap i mange forskjellige samanhengar og på fleire ulike stader. Det kan vere i dialog med besteforeldre, i bøker, gjennom film, TV, musikk, internett og andre medium. Historiefaget i skulen blir sjeldan nemnt i denne samanhengen (Kvande & Naastad, 2020, s. 63). Dette aktualiserer historiebruksdidaktikken og viktigheita av historiemedvit og historieførståing i høgste grad.

I historiebruksdidaktikken får skulen ei viktig rolle i å setje elevane i stand til kunne stille seg kritisk og opplyst til alle formar for historiebruk og historieframstillingar som dei møter på (Lenz & Nilssen, 2011, s. 13). Lenz & Nilssen skriv at utviklinga av kritisk sans «setter elevane i stand til å delta i debattene om fortiden som inngår i en levende demokratisk kultur», og poengterer at den andre verdskrigen framleis er ein levande del av norsk historiemedvit (Lenz & Nilssen, 2011, s. 14). Ferrer (2019, s. 112–113) argumenterer også for at kjeldekritisk kompetanse og historisk tenking er essensielt i eit aktivt og kritisk medborgarskap.

2.4.2. Å lære av historia?

Ifølgje ei undersøking gjort i 2011 er spesielt andre verdskrig eit tema elevar flest ser på som både interessant og viktig å lære om i historiefaget. Ein opplagt grunn til dette er at krigshistoria er eit tema som opptar historiekulturen i samfunnet elles, noko som gjer at skuleelevane gjerne allereie har opparbeidd ein del kunnskap om temaet også utanfor skulen. Med auka kunnskap, aukar også interessa – og omvendt. Krigshistoria og forteljinga om kampen mellom det gode og det vonde gir også gode føresetnadar for innleving, identifikasjon og demokratisk danning (Kvande & Naastad, 2020, s. 125–126). Temaet kan dermed ha ein overføringsverdi til dagens samfunn gjennom demokratifostring,

identitetsdanning og utvikling av felles verdiar, normer og haldningar (Kvande & Naastad, 2020, s. 100).

Historia sine identitetsskapande funksjonar heng også tett saman med utviklinga av historiemedvit: Ei forståing av kven ein er, kor ein kjem ifrå og kor ein har tenkt seg vidare (Kvande & Naastad, 2020, s. 49). Fortida kan vere med å bygge identitet gjennom felles opplevingar, erfaringar eller referansepunkt. Konkrete hendingar frå okkupasjonstida i Noreg kan på denne måten få betydning utover seg sjølv (Kvande & Naastad, 2020, s. 108–110).

Krigen får slik sett ein viktig relevans og betydning for dagens samfunn og i historiedidaktikken. Saman med paradokset mellom å framheve gråsoner i historieforteljinga og samtidig bevare historia si betydning for nasjonal identitet og kultur, skapar dette eit fundament for min studie. Det den tidlegare forskinga og teorien viser om den sosiale minneproduksjonen og bruksområda for historia, og då spesielt den offentlege debatten si rolle når det kjem til historiske framstillingar, aktualiserer temaet i stor grad i dagens samfunn og for det kulturelle minnet. Korleis blir eigentleg okkupasjonen av Noreg framstilt og diskutert 77 år etter krigens slutt? Analysen i denne studien vil diskutere dette på bakgrunn av teorien og den tidlegare forskinga på feltet.

3. Kjelder og rammeverk for studien

Denne studien bygger på kvalitative undersøkingsmetodar med ulike tilnærmingar til innhald- og tekstanalyse. Dette er gjort med eit formål om å avdekke dei innhaldsmessige eigenskapane i debattane. Ytringane i debattane er systematisert og kategorisert ut ifrå analytiske beskrivingar. Slik vart det mogleg å finne meiningsdimensjonen i det som vart diskutert (Grønmo, 2016, s. 142–146; Aase & Fossåskaret, 2014, s. 13).

3.1. Utval av kjeldemateriale

Som problemstillinga viser, skal eg analysere debattane rundt utvalde populærkulturelle framstillingar av okkupasjonshistoria. Med populærkultur meiner eg her framstillingar som er laga for eit allment publikum. Desse kan vere skriva og produsert av folk både med og utan bakgrunn i historiefaget, og går inn under det eg tidlegare har definert som *public history*, den sosiale minneproduksjonen og ein deltakingande historiekultur. Ut ifrå dette har eg valt éi bok, éin film og éin TV-serie som alle handlar om norske forhold og nordmenn under andre verdskrig og okkupasjonen 1940-1945. Desse er produsert og forfatta i nyare tid, frå 2018 til 2021, og fekk spesielt mykje merksemd i media denne tidsperioden. Framstillingane som er valt, og som eg tidlegare har nemnt, er følgjande:

- *Hva visste Hjemmefronten?* (2018), skriva av journalist Marte Michelet, utgitt av Gyldendal forlag
- *Atlantic Crossing* (2020), dramaserie produsert av Cinenord Drama for NRK, med regissør Alexander Eik (Amlie, 2020)
- *Frontkjempere* (2021), dokumentarserie produsert av Filmavdelingen for NRK, med regissør Alexander Kristiansen (Sand, 2021)

Kjeldematerialet til debattane rundt desse framstillingane består primært av innhald i aviser. NRK har i tillegg sendt eitt debattprogram for kvar av dei tre nemnde framstillingane i TV-programmet *Debatten*. Desse TV-sendingane fungerer som kjelder for utfyllande og supplerande informasjon, og bidrar med eventuelle relevante ytringar som ikkje kom med i utvalet av avisinnlegga.

I utval av avisinnlegg starta eg med å gjere søk i Atekst – eit digitalt mediearkiv for aviser. Dette arkivet inneheld treff i dei fleste aviser i Noreg og kan dermed gje ein god oversikt

over medieomtalar av dei utvalde historieframstillingane i både papiravisene og nettavisene. I Atekst vart det brukt bestemte søkeord for dei tre debattane for å finne fram relevante innlegg til studien (sjå vedlegg). Alle søka var avgrensa til perioden frå omtrentleg tidspunkt for publisering til og med august 2021 då dette prosjektet starta. Kvar av dei tre debatterte historieframstillingane hadde svært varierende omfang av medieomtale. Til saman resulterte søka i 2238 artiklar i alle avisene i Atekst. Debatten om *Hva visste Hjemmefronten?* står for fleirtalet av desse med 1126 artiklar (vedlegg 1).

Alle desse artiklane vart deretter sortert og filtrert gjennom visse kriterium: Først og fremst hadde eg på førehand valt ut bestemte aviser som eg skulle hente avisinnlegg frå. Desse består av NRK, Aftenposten og Morgenbladet. Aftenposten vart valt ut fordi det var tydeleg at historiedebattane fekk mykje merksemd i denne avisa. Det same gjelder NRK – i tillegg til at dette er ein statskanal med medieinnhald på fleire plattformer der tilgjengelegheita er open for absolutt alle. NRK står også for sending og strømming av fjernsynsseriane det blir debattert rundt. Morgenbladet har ikkje fullt så mange treff på søket etter avisinnlegg som omhandlar desse historieframstillingane, men er inkludert ettersom det er ei riksdekkande, uavhengig avis som står fram som ein viktig plattform for debatt. Ved å undersøke i ulike typar aviser på denne måten kan det også tenkast at forfattarar av innlegga, eller deltakande debattantar, vil variere i større grad – noko som kan bidra til eit meir dekkande svar på problemstillinga i denne studien.

Etter å ha valt ut bestemte aviser som første avgrensingskriterium satt eg igjen med totalt 442 avisinnlegg. Her er det viktig å understreke at nokre innlegg frå Aftenposten og Morgenbladet tel dobbelt ettersom dei vart publisert på både nett og i papiravisa. Dette kjeldematerialet vart for stort for denne studiens rammer. Derfor valte eg også å ekskludere innlegg som er reklame for boka eller serien, korte omtaler og innlegg der serien eller boka blir nemnt i irrelevante samanhengar. Det som er inkludert i analysen er det som i avisene går inn under debattinnlegg, lesarinnlegg, kronikk, replikk og kommentar. I tillegg er også lengre omtalar og intervju rundt framstillingane inkludert. Kriteriet er at innlegget skal fremje eit eller fleire synspunkt om ein eller fleire av dei tre utvalde framstillingane. Til slutt fekk eg eit omfang av kjeldemateriale på 104 avisinnlegg.

3.1.1. Innsamling og behandling av data

Framgangsmåte og søkeprosessen i Atekst, med informasjon om søkeord, periodeavgrensing og treff i avisene, ligg vedlagt i oppgåva. I desse vedlegga er det også statistiske oversikter og resultat med talfesting. Der vert det i tillegg ytterlegare presisert kva som ligg til grunnlag for innsamling og behandling av data.

Etter at utveljinga av kjeldene var fullført, brukte eg koding for å finne fram relevant informasjon som kan belyse problemstillinga, ut ifrå framgangsmåten forklart i Grønmo (2016, s. 178–179) og Jørgensen og Phillips (1999, s. 132): Ved å ta ein grundig gjennomgang av dei utvalde avisinnlegga frå dei tre ulike debattane, kunne eg identifisere og kartlegge ulike tema som debattane tok for seg. Tekstutdrag og andre innhaldselement som handla om temaet vart dermed gruppert saman i kategoriar. Dette utgjør datamaterialet i analysearbeidet. Slik var det mogleg å finne dei mest sentrale tematikkane, samt fellestrekk og ulikskapar mellom debattane rundt dei tre forskjellige historiefremstillingane. Analysen vil derfor presenterast tematisk, og ikkje kronologisk. Debattane vil i hovudsak heller ikkje bli analysert og diskutert kvar for seg, men i lys av kvarandre og den tidlegare forskinga.

3.2. Analysestrategiar

Formålet med analysen i denne studien er å avdekke kva som blir sagt og skrive i dei utvalde historiedebattane, kven som ytrar seg og på kva grunnlag dei uttaler seg på. Det er interessant korleis desse debattantane rettferdiggjør eigne argument og gjer seg forstått, samt korleis dei forstår andre sine ytringar, og tillegger desse meining.

Med utgangspunkt i dette formålet, blir det i analysen av datamaterialet i denne studien nytta ulike tilnærmingar til kvalitativ innhaldsanalyse og tekstanalyse. Kvalitativ innhaldsanalyse kan fungere som ein grunnleggande framgangsmåte i ein diskursanalytisk praksis, der innhaldet i tekstane kan avdekke dei større tankemønster dei inngår i (Grønmo, 2016, s. 142). I denne studiens tilfelle vil tekstane – eller avisinnlegga – kunne seie noko om oppfatningane av den norske okkupasjonshistoria, og formidlinga av den, som ligg til grunn for ytringane og argumenta i debattane. Med utgangspunkt i dette vil diskursanalyse fungere som hovudstrategi for analysen i denne studien.

Bratberg (2017, s. 34) definerer ein diskurs som «det konkrete som blir sagt, og rammene for hva som er rimelig å mene og tro innenfor et gitt fellesskap». Ytringane i debattane kan

dermed også avdekke kva førestillingar og framstillingar av okkupasjonshistoria som vert oppfatta som akseptert, eller «riktig», og kva førestillingar som ikkje blir det.

Diskurs er med andre ord verkelegheitsoppfatningar, der diskursen, som ein bevisst eller ubevisst held seg til, legg premis for korleis ein forstår verda (Bratberg, 2017, s. 33-34). *Kollektive* verkelegheitsoppfatningar kan dermed bestå av eit sett felles idear, oppfatningar og tankemønster, der debatt kan analyserast som brytinga mellom desse oppfatningane – eller diskursane. Diskursanalysen ser på korleis desse oppfatningane oppretthaldast og kjem til uttrykk gjennom språk (Bratberg, 2017, s. 33-34).

Bratberg (2017, s. 41) forklarar at vi ofte har «behov for en klar fortelling om hvordan vi skal betrakte ting», og at krigshistorie er eit felt der dette behovet står sterkt. Ein konsensus om tolkingar og forståingar av krigen vore viktig for fellesskapet i etterkrigstida (Stugu, 2021, s. 17). Likevel er krigshistorie også eit felt med eit mangfald av tolkingar som stadig kan endre seg, gjere om på og utfordre dei etablerte oppfatningane (Bratberg, 2017, s. 41, 161). På denne måten vil diskursar kunne stå i eit konkurranseforhold.

I analysen av dei utvalde historiedebattane vil det å fokusere på konkurrerende diskursar kunne avdekke kor dei ulike, motstridande diskursane står sterkast og kva konflikten går ut på. I denne studien er også distribusjonen av diskursen interessant, der debattantar med status som «ekspert» eller «alminnelige menneske» blir av betydning. Der «eksperter» kan uttale seg med autoritet i avisene og forvalte «sannheiter», vil «alminnelege menneske» sine kommentarar i avisene heller stå fram som «meningar» (Jørgensen & Phillips, 1999, s. 146–148). Ut ifrå dette blir det også eit spørsmål om maktforhold i formidlinga av okkupasjonshistoria.

3.3. Presentasjon av debattane

I boka *Hva visste Hjemmefronten?* (2018), skrive av journalist Marte Michelet, blir det stilt spørsmål om kven jødane hadde i ryggen då det gjaldt som mest hausten 1942. Michelet stiller seg kritisk til sentrale personar i motstandsbevegelsen og deira innsats for varsling og redning av dei norske jødane. Ein sentral påstand er at antijødiske haldningar i heimefronten var ein avgjerande faktor for at ein god del jødar ikkje var redda frå okkupasjonsmakta. Delaktigheit og passivitet blant norske motstandsmenn vert eit tema i boka.

Hva visste Hjemmefronten? har vore oppe til debatt i media fleire gongar sidan 2018. I 2020 gjekk debatten også over i bokform. Debatten dreier seg i stor grad om det forskingsetiske, der kritikarane meiner Michelet vrir på kjeldene sine for å få det til å passe inn i sitt eige narrativ, fordømmer og moraliserer. Ho utfordrar i tillegg grunnforteljinga om krigen, og fremjar eit narrativ som ikkje høyrer heime i den patriotiske minnekulturen, noko som ser ut til å vekke reaksjonar. Denne debatten er mykje meir omfattande enn dei to andre og vil derfor ta betydeleg meir plass i analysen.

Fiksjonsserien *Atlantic Crossing* (2020) har kronprinsesse Märtha som hovudkarakter, og handlar om hennar innsats under krigen. Historia går føre seg i USA, og kronprinsessa sitt forhold til president Roosevelt er eit sentralt tema. Kritikarane var raskt ute i debattspaltene, og serien vart blant anna stempla som «historieforfalsking». Fiksjonsserien omhandlar verkelege personar, og ifølgje kritikken har både desse personane og dei historiske hendingane blitt framstilt feil. Merkelappen «inspirert av sanne hendingar» skapar dermed utfordringar for serien. At ei kvinne blir gitt heltestatus i serien skapte også ein diskusjon om kvinnehistorie og utfordringa av den mannsdominerte diskursen om krigen som eit tabu.

I dokumentarserien *Frontkjemperne* (2021) viser den offentlege debatten igjen at skuggesidene av okkupasjonshistoria rører ved nok eit tabu. Her er det nordmenn som deltok i krigen på tysk side som vert tematisert. Serien inneheld intervju med sju frontkjemparar, sju historikarar og dramatiseringar utført av skodespelarar. I debatten blir serien kritisert for å halde seg for lite kritisk til frontkjemparane sine beretningar.

Dramatiseringane som er vist for å rekonstruere beretningane som vert fortalt får også gjennomgå i debatten. Ifølgje kritikarane skapar serien eit feilaktig bilde av historia der frontkjemparane vert skjønsmala og sympatisert med.

4. Mellom fakta, falske framstillingar og fiksjon

Eit tema som utmerka seg i debattane var diskusjonen om i kva grad framstillingane baserte seg på fakta og sannheit. Spesielt i debatten om fiksjonsserien *Atlantic Crossing* og dokumentarserien *Frontkjempere* blir dette diskutert. TV-seriane er av ulike sjangrar og har derfor ulike autentisitetsskrav. I dette kapittelet vil det handle om kor mykje rom det er for dikting i fiksjonsfilmar som framstiller verkelege, historiske personar og hendingar, samt i kva grad dramatiseringar i ein dokumentarserie vil få konsekvensar for serien sin truverd. Falsk historie basert på ukritisk kjeldebruk, romantiserande framstillingar og dramatiseringar som liknar propaganda er blant kritikken som har blitt ytra i debattane.

4.1. «Inspirert av sanne hendelser»

Analysen viser at det temaet som var mest oppe til diskusjon i debatten om *Atlantic Crossing*, handlar om i kva grad serien har klart å mikse fiksjon og fakta. Kritikken mot serien går spesielt hardt ut mot framstillinga om at hovudpersonen, kronprinsesse Märtha, skal ha vore «instrumentell i å få USA med i krigen, og dermed sikre de allierte seieren over Hitler» (Figueiredo, 2020). Kritikanerane beskriv dette som «historieforfalsking» – eller «fake history» (Bomann-Larsen, 2020a; Figueiredo, 2020).

Professor i historie, Tom Kristiansen, og forfattar, biograf og direktør for UiO:Norden, Tore Rem skriv i ein kronikk i Aftenposten at «i virkeligheten skjemmes *Atlantic Crossing* ikke bare av en mengde faktafeil. Den formidler en grunnleggende usann fortelling om krigen» (Kristiansen & Rem, 2020a). At fiksjon blir framstilt som historisk verkelegheit påpeikar Kristiansen og Rem som det problematiske ved denne dramaserien.

Forsvararar av serien, som i hovudsak er serieskapar og manusforfattar, Alexander Eik, og kulturhistorikar og medforfattar av manus, Linda May Kallestein, avviser at serien inneheld historieforfalsking. Dei hevdar at det forfattar Tor Bomann-Larsen – som i stor grad har deltatt i debatten – kallar historieforfalsking, er det «vi andre» kallar fiksjon (Eik & Kallestein, 2020b). I denne argumentasjonen vert det antyda at dei delane av serien som manusforfattarane påstår er rein oppdikting, eller fiksjon, er dei same sekvensane Bomann-Larsen omtalar som «falsk historie». Sjølv hevdar dei at serien står på «trygg, historisk grunn», men understrekar at nokre detaljar ikkje er historisk korrekte. Eik og Kallestein poengterer i denne samanheng at ingen veit kva som skjedde bak lukka dører, og i desse scenene må det vere rom for dikting. Dei understrekar at serien likevel ikkje er dikta heilt

fritt, og argumenterer for at den er forankra i historiske fakta. Ifølgje dei er målet å gje eit heilskapleg og sannsynleg bilde av hendingane (Eik & Kallestein, 2020b). Slik sett kan det verke som at kritikarane i debatten er meir oppteken av deltaljane, medan dei som tar serien i forsvar ser på det som viktigare at serien samla sett – i det store bildet – framstiller historia som «sann» basert på dei mest vesentlege hendingane i historia som blir fortalt.

Eik og Kallestein uttrykker at dei trur folk flest som ser dramaserien forstår at det ikkje er ein dokumentar. Dei poengterer at *Atlantic Crossing* er ein dramatisering av historia – ein fiksjon, og understrekar at dei aldri har påstått at serien representerer sannheita. Serien er også merka som «inspirert av sanne hendelser» – ein merkelapp som dei meiner formidlar at «det i enhver gjenfortelling av fortiden må tas høyde for subjektiv tolkning, agenda, glemsel, ubevisst meddiktning, utelatelse og forenkling» (Eik & Kallestein, 2020a). Bomann-Larsen påstår at serien heller er «forkledd som» sanne hendingar – og ikkje «inspirert av», slik det vert presentert i serien. Ifølgje han er serien «fri fantasi» (Bomann-Larsen, 2020a).

«Sjåarkontrakta», som vist til i kapittel 2.3.1., har betydning for kva forventingar og autentisitetskrav publikum vil stille til filmen. Når Eik og Kallestein i debatten tydeleg understrekar at *Atlantic Crossing* er fiksjon og ikkje dokumentar, er det denne kontrakten dei viser til. Manusforfattarane argumenterer på denne måten at publikum forstår konseptet til serien. Dei som er ueinige i dette, påstår likevel at skiljet ikkje er fullt så tydeleg. Etersom serien er «inspirert av sanne hendingar» formidlar serien at det finnast noko sannheit i den, sjølv om det er fiksjon. Kritikarane meiner i denne samanheng at serien burde tydeleggjere ytterlegare kva som er fiksjon og kva som er fakta (Aune, 2020; Figueiredo, 2020; Snoen, 2020). Det kan verke som at kritikarane ikkje får serien til å falle inn under nokre av kategoriane i sjåarkontrakta: Serien dramatiserer verkelege personar, men hendingane som vert påstått å vere «sanne» av serieskaparen, er for kritikarane oppdikning og falsk historie. Ifølgje dei er dermed sjåarkontrakta uklare.

Med dette i bakgrunn, vil serien kunne kategoriserast som eit opplevingsunivers med eit realismekrav, ut ifrå Eriksen (1995, s. 142-143) sine teoriar. Ueinigheita i debatten handlar slik sett om i kva grad dette realismekravet er oppfylt – kor mykje fakta dramatiseringane av «sanne hendingar» faktisk inneheld. Ifølgje det serieskaparane forklarar, vil publikum sitt motiv for å sjå *Atlantic Crossing* gå inn under det vi tidlegare har sett Stugu (2021, s. 21-22) beskrive som oppleving, fascinasjon og spenning. Formålet med historiebruken i serien vil

slik sett vere å underhalde sjåarane (Stugu, 2016, s. 138-139). Anne Eriksen har i si bok skrive at opplevinga, i dette tilfellet TV-serien, «får sin tyngde nettopp fordi den kan relateres til 'en sann hendelse.» (Eriksen, 1995, s. 142). Ein kan dermed stille spørsmål ved om serien hadde blitt like populær om den ikkje vart hevda å vere basert på sanne hendingar og verkelege personar. Dersom kritikarane har rett, kan det argumenterast for at serieskaparane brukar (eller misbrukar) realismeaspektet for å gje fiksjonsserien meir tyngde – til dømes for å oppnå høge sjåartal. Dersom serieskaparane formidlar sannheit, vil serien derimot kunne bidra til formidling av historisk kunnskap – også sjølv om formålet er å underhalde (Eriksen, 1995, ss. 142-143).

4.2. Bruken av filmatiske verkemidlar

Dei to TV-seriane sine filmatiske verkemiddel vert mykje diskutert i debattane. I debatten om *Atlantic Crossing* vart det argumentert for at oppdikting og endring på historia er heilt naudsynt når ein skal «komprimere fem års krigshistorie inn i nokre få episodar med drama» (Eide, 2020). Manusforfattarane understrekar at dette krev tøffe val (Eik & Kallestein, 2020a).

Eit anna argument som forsvarar serien er at publikum skal kunne oppleve dramaserien som relevant og interessant, noko som gjer at handlingane burde vise «menneskelege dilemma». Her argumenterast det for at oppdikting vil kunne engasjere publikum i større grad enn rein faktabasert historie. Manusforfattarane lagar også eit skilje mellom underhaldningsindustrien si oppgåve og fagmiljøet si oppgåve, og brukar dette som argument for behovet for oppdikting av hendingar i serien: «for oss dramatikere må av og til detaljer vike for vår hovedoppgåve, som er å gå bakom de tørre faktaene og skildre mellommenneskelige relasjoner og følelser. Der ingen dokumentar eller historiker tør, eller bør, trå» (Eik & Kallestein, 2020a). Prodekan og førsteamanuensis i medievitskap, Sara Brinch, støttar dette argumentet når ho uttaler at «Historiske kilder gir ikke et sammenhengende bilde av historien. Derfor er manusforfattere pent nødt til å ta seg kunstneriske friheter når de lager film og TV» (Pettrøm & Schwencke, 2020).

Som vist til i kapittel 2.2., vil dette skiljet mellom underhaldningsindustrien og fagmiljøet sine oppgåver belyse korleis den sosiale minneproduksjonen er eit samanhengande felt i kulturen – der intensjonen bak formidlinga og kriteria for truverdigheit varierer. Det rimeleg å anta at *Atlantic Crossing* har andre intensjonar enn eit faghistorisk arbeid.

Kristiansen og Rem er einige i at dramatiseringar og komprimeringar kan vere naudsynt, og understrekar at «Det er mye vi ikke vet, og oppdiktede dialoger og begivenheter kan fremstå som mer eller mindre troverdige. Eller, i aller beste fall, som sterke og interessante fortolkninger av historien» (Kristiansen & Rem, 2020a). Problemet, ifølgje dei, er at historieframstillinga står «i direkte motsetning til hva vi vet» og at serien går for langt i å fiksjonalisere historia og enkeltmenneske sine liv (Kristiansen & Rem, 2020a). Argumentet om at framstillinga går imot det «vi» veit gir antydningar til at dramatiseringane med oppdikta samtalar og scener i seg sjølv ikkje er eit problem, men heller at dramatiseringane fremjar usannheiter også der det finnast kjeldebelegg for, og kunnskap om, kva som faktisk hendte. I argumentasjonen over, meiner Kristiansen og Rem tilsynelatande at serieskaparen kryssar ei grense for kva som er etisk riktig og forsvarleg å vise i historisk TV-drama. Som vist i innleiinga, kan spesielt krigshistorie engasjere og skape opprør hos publikum då dette er ein viktig del av kulturen og det nasjonale fellesskapet. Grunnen til at framstillinga av historia i *Atlantic Crossing* vert sett på som problematisk, kan vere nettopp fordi det blant nordmenn finnast eit sterkt behov for ei tydeleg forteljing om korleis krigshistoria skal bli betrakta, slik det også vart forklart i kapittel 3.2. Når ei forteljing eller framstilling avviker frå den kollektive oppfatninga av krigen, slik det blir opplevd at *Atlantic Crossing* gjer, vil det kome reaksjonar.

Som vi tidlegare har sett, viser både Stugu og Grimnes til korleis populære framstillingar, spesielt film, vert oppfatta som den sterkaste formidlingsarenaen, og trumfar faghistoriske verk, når det gjeld kunnskap om okkupasjonshistoria (Stugu, 2021, s. 160; Grimnes, 2009, s. 486). At ein TV-serie som *Atlantic Crossing* ifølgje kritikarane framstiller historia uriktig, til tross for at den vert hevda å vere basert på sannheit, vil slik sett vere problematisk. Skal vi tru Stugu og Grimnes, kan det tenkast at publikum ikkje kjem til å slå opp i ei faghistorisk bok for å tileigne seg kunnskap om kronprinsesse Märtha si rolle under krigen etter å ha sett serien. Det som blir vist i TV-dramaet, er det som publikum mest sannsynleg vil ha av kunnskap om temaet. Truleg er det også derfor kritikarane foreslår eit tydelegare skilje mellom fiksjon og fakta i serien.

I debatten om *Frontkjempere* er bruken av filmatiske verkemidlar også ein stor del av diskusjonen. Dokumentarserien brukar dramatiseringar, eller rekonstruksjonar (*reenactment*), til å formidle historia som frontkjemparane fortel i intervju. Serieskaparen,

Alexander Kristiansen, argumenterer for bruken av desse dramatiseringane med eit ønske om å «nå ut til det yngre publikum som har større distanse og mindre kunnskap om historien vår» (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021b). Debattantane som stiller seg positive til dramatiseringane meiner i tillegg at det kan bidra til å «menneskeleggjere» frontkjemparane (Bamle, 2021b; Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021a).

Ifølgje Stugu (2021, s. 21-22) sine hovudmotiv for oppsøking av historie, vil bruken av dramatiseringar føre til at dokumentarserien ikkje berre hamnar inn under kategorien opplysing og lærdom, men også spenning. Ut ifrå Eriksen (1995, s. 16, 142) sine forklaringar, vil intervjuar gjort i serien bygge på eit sterkt realismekrav, medan dramatiseringane høyrer opplevingsuniverset til. På denne måten kan dokumentarserien både informere og underhalde – og dermed også sannsynlegvis nå ut til eit breiare publikum, som Kristiansen argumenterer for over.

Filmskapar Nina Grünfeld er ein av dei som er hardast i kritikken av dramatiseringane i dokumentarserien. Ho meiner måten *Frontkjempere* dramatiserer hendingane på er farleg nær propaganda. I denne serien inneheld dramatiseringane skodespelarar, replikkar, dialogar og verkemidlar som gjer at scenene beveg seg «bort fra det illustrative til det dikteriske», ifølgje Grünfeld (2021). Ho påstår at mengda med rekonstruksjonar kan utfordre seriens truverd (Grünfeld, 2021). Ifølgje kritikken mot dokumentarserien, vil opplevingsaspektet slik sett gå på kostnad av realismekravet og kunnskapsaspektet. Sett i samanheng med sjåarkontrakta vil serien dermed ikkje oppfylle autentisitetetskravet sitt.

Grünfeld meiner eit betre alternativ til dramatiseringane ville vore å til dømes bruke uskarpe bilete til å illustrere beretningane. Kristiansen stiller seg ueinig til dette og grunngir det med at det ville gjort frontkjemparane til «ikkje-menneske», noko som stridar med serien sine ambisjonar. Han påpeikar at serien skal vise at frontkjemparane også var «mennesker av kjøtt og blod» og at «Dramatiseringen forsterker det frontkjemperne opplevde – på godt og vondt» (Bamle, 2021b). Ueinigheita ligg dermed i at Grünfeld meiner dokumentarserien går for langt i dramatiseringane sine, og utydeleggjer sjåarkontrakta med diktning og fiksjon, medan Kristiansen påstår at desse sekvensane er essensielle for å synleggjere frontkjemparane som menneske – og ikkje demonisere dei. Slik sett er dei ueinige om forma på framstillinga, men også innhaldet. Det Grünfeld opplever som farleg nær propaganda er det same Kristiansen meiner er «menneskeleggjering».

Kristiansen sitt argument om å unngå å framstille frontkjemparane som «ikkje-menneske», samsvarar med det Syse (2011, s. 33-34) skriv om rehumanisering av gjerningspersonar. Poenget bør ikkje vere å sympatisere med gjerningspersonane, slik at handlingane deira vert «unnskyldt», men dei bør heller ikkje demoniserast. Dette blir utdjupa med at «Gjerningsmenneskets handlinger kan ikke forsvares, men dersom man skal lære av historien, må man ha som prinsipp at den kan forklares» (Syse, 2011, s. 34).

Noko av kritikken mot dokumentarserien handlar om nettopp dette med konsekvensar av rehumanisering: At dramatiseringane framstiller frontkjemparane for positivt, slik at ein sympatiserer med dei (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021a). Historikar Sigurd Stenwig er blant dei som meiner at reenactment-scenene viser krigsforbrytingane på ein måte som framstiller frontkjemparane som passive, og dei tyske soldatane som «skurkane», noko som kan bidra til skjønning av nordmenn som valte å delta i krigen på tysk side (Stenwig, 2021).

Serieskaparen, Kristiansen, understrekar at dramatiseringane er basert på frontkjemparane sine subjektive forteljingar, og ikkje nødvendigvis fakta (Selmer-Anderssen, 2021a). Dette samsvarar med teorien om *people's history* og *history from below*, som vist til i kapittel 2.2., der historie blir fortalt av og for alminnelege menneske. Måten frontkjemparane blir framstilt på blir dermed grunnleggjande i at det var deira eigne subjektive syn og beretningar som vart utgangspunktet for rekonstruksjonen av hendingane. Dette kan også vere ei forklaring på kvifor dramatiseringane framstiller eit «for positivt» bilde av frontkjemparane.

Faghistorikarane som deltok i serien bidrog med ulike syn og forskningsbaserte funn for å balansere og kontekstualisere skildringane til frontkjemparane (Kalbakk & Sjø, 2021; Ulfstein, 2021). Dette er oppgåver som også blir beskrive i ideen om *historians in public*, som nemnt i kapittel 2.2. Gjennom ein slik deltakande historiekultur, med både frontkjemparane og historikarane sine ulike forteljingar og syn, skal serien teoretisk sett kunne bidra til eit multiperspektiv på historia. Til tross for dette får det ferdige produktet av serien kritikk for å framstille historia skeivt og med for liten grad av objektivitet og truverd.

5. Nyansering og nye perspektiv

Eit anna hovudtema, som gjekk igjen i alle debattane, var dei tre framstillingane sitt bidrag til å belyse og nyansere forteljinga om krigen med nye perspektiv og andre innfallsvinklar. I kva grad dei faktisk klarte dette er det ueinighet om. Ifølgje kritikarane kan det i tillegg verke som at forteljingane er forsøkt nyansert på feil premiss. At det er viktig at vi stadig beveger oss vekk frå den eindimensjonale, tradisjonelle forteljinga og søker inn i gråsonene er det derimot ein felles konsensus for i alle tre historiedebattane.

Dette delkapittelet er hovudsakleg delt inn tematisk etter dei tre ulike framstillingane ettersom dei belyser tre ulike tema i okkupasjonshistoria. Nokre tematikkar vil likevel vere overlappande. Medan *Atlantic Crossing* utvidar helteforteljingane i okkupasjonshistoria med eit kvinneleg perspektiv, handlar nyanseringa i *Frontkjempere* om nordmenn «på feil side» i tysk krigstjeneste. I *Hva visste Hjemmefronten?* vert det forsøkt å avdekke skyggesidene ved heimefronten og norske motstandsmenn.

5.1. Kvinner under krigen

At det er på tide at også kvinnene sin innsats under krigen blir belyst er eit argument som går igjen i *Atlantic Crossing*-debatten. Eik og Kallestein håpar og trur at serien «bidrar til å belyse et underfortalt stykke historie om en kvinne som fortjener å trekkes frem fra glemselen» (Eik & Kallestein, 2020a). Dramasjef i NRK, Ivar Køhn, meiner serien bidrar til eit forteljarperspektiv vi ikkje er vande med i historia om okkupasjonstida ettersom det ikkje er fokus på dei mannlege og aktive motstandsheltane (Køhn, 2020b).

Bomann-Larsen uttrykker seg sterkt kritisk til framstillinga av kronprinsesse Märtha. At ho skal ha vore så betydingsfull og «endra krigens kurs», beskriv han som historieforfalsking (Bomann-Larsen, 2020a). Køhn svarar denne kritikken og opplever det som at Bomann-Larsen «blir direkte støtt over at kronprinsesse Märtha er tildelt en helterolle han mener hun ikke fortjener» (Køhn, 2020a). Vidare legg han fram argumentet sitt slik: «Generelt har kvinners krigsinnsats blitt underfortalt i den offisielle sannheten om krigen. Bomann-Larsens ytring viser på sin måte at det kan være vanskelig å skifte fokus fra det mer maskuline» (Køhn, 2020a). Køhn argumenterer at historia kan tolkast, og at «det er interessant å få inn andre perspektiv enn det Bomann-Larsen representerer» (Køhn, 2020a). På denne måten vert det tydeleg at desse debattantane har ulike tolkingar av historia, samt forskjellige syn på kva som er viktig i eit historisk TV-drama.

Manusforfattarane, Eik og Kallestein, svarar også på kritikken og argumenterer for eit utvida perspektivmangfald med forteljingar om kvinner i krig: «Vår fremstilling av kronprinsesse Märtha passer ikke inn i Bomann-Larsens verden. Der tilhører krigen mennene» (Eik & Kallestein, 2020b). Med dette plasserer Eik og Kallestein historiesynet til Bomann-Larsen i den gamle grunnforteljinga om krigen der tradisjonelle kjønnsrollemønster var hovudregelen: menn i aktivt arbeid ute, og kvinner i hus- og omsorgsarbeid, eller i kontekst av denne serien – som selskapsdamer. Motstandsarbeid som gav kvinner heltestatus på same måte som menn var heller sjeldan. Forteljingar om heltemodige kvinner var også lenge gjort usynleg i grunnforteljinga om krigen – heilt fram til dei siste tiåra (Eriksen, 1995, ss. 50-51). Med dette blir *Atlantic Crossing*, ifølgje argumentasjonen til Eik og Kallestein, eit bidrag til nyansering og utviding av forteljinga om krigen med eit kvinnefokus.

Bomann-Larsen meiner Køhn, Eik og Kallestad misforstår hans kritikk og vrir det til «et spørsmål om maskulin eller feminin historiefortolking» (Bomann-Larsen, 2020b). Dette blir i teorien eit kjønns historisk spørsmål, der det mannlege og kvinnelege har betydning for måten ein forstår verda på (Andresen et al., 2015, s. 204-205). Det Bomann-Larsen uttrykker i sitatet over er at det ikkje er snakk om å tolke historia frå eit visst kjønn, slik manusforfattarane påstår at han gjer når dei tillegger han ein maskulin oppfatning av historia.

Bomann-Larsen gir antydning til at det heller er eit spørsmål om kjeldebruk. Han understrekar at fortolking av historia krev eit korrekt og sannferdig kjeldegrunnlag, og viser til korleis kronprinsesse Märtha også tar betydeleg plass i hans eige verk om den norske kongefamilien. Med dette viser han til korleis hans tolking av historia er forankra i forskning og refererer til historiske kjelder som går imot det som blir framstilt i serien (Bomann-Larsen, 2020b). Køhn og manusforfattarane bak *Atlantic Crossing* hevdar på si side at det vart gjort grundig research i arbeidet med serien (Eik & Kallestein, 2020a, 2020b; Køhn, 2020a). Her er det ulike tolkingar og oppfatningar av det tilgjengelege kjeldegrunnlaget som skapar ueinigheit. Det blir slik sett ein diskusjon om sjølv historieførståinga av temaet.

I eit intervju i NRK, uttrykker skodespelar Sofia Helin (som spelar hovudrolla som kronprinsesse Märtha i serien), at det er spesielt to ting som er interessant i serien: kvinnehistorie og makt. Ho meiner debatten, som i stor grad har handla mest om

historieforfalsking, burde handla meir om at vi no byrjar å nansere historie med nye perspektiv – ved å setje kvinner i fokus i staden for menn (Svelstad, 2021).

Temaet Helin etterlyser i debatten er ein utvikling vi har sett innan historiefaget sidan feminismen på 60- og 70-tallet. I kollektivtradisjonen har denne utviklinga også funne plass, og forteljinga om kronprinsesse Märtha sin innsats for Noreg under krigen vart spesielt framheva etter 50-årsjubileet av frigjeringa i 1995 (Eriksen, 1995, s. 128). Ifølgje Anne Eriksen kan det sjåast på som «en hittil siste utvidelse av kollektivtradisjonen, der tilknytningen til kongehuset gir kvinne- og hverdagsaspektet den endelige anerkjennelse som del av norsk krigshistorie» (Eriksen, 1995, s. 128). Denne observasjonen vart gjort for 25 år sidan, og det er derfor rimeleg å anta at denne delen av norsk krigshistorie har utvikla seg vidare sidan då – ein diskusjon Helin tilsynelatande saknar i debatten.

Førsteamanuensis i historie, David Wagner, er også kritisk til denne debatten i media og meiner serien har rørt ved to tabu: «den mannsdominerte og mannssentrerte diskursen om andre verdskrig, og den nesten heilage plassen Kong Olav har i det norske kollektive minnet» (Svelstad, 2021). Han gir dermed uttrykk for at kvinnefokus er grunnlag for å vekke reaksjonar. Bomann-Larsen understrekar at det er viktig å løfte fram kvinneperspektivet, men avviser samtidig påstanden om at det «framleis er tabu å vise ei feminin kvinne med politisk påverknad», og kallar det ei «feministisk avsporing» (Svelstad, 2021). Ut ifrå dette gir Bomann-Larsen uttrykk for at kvinnefokus blir brukt som ein slags unnskyldning for å drive med diktning og historiefremstilling som ikkje har grunnlag i gyldige kjelder.

Historikar Trond Norén Isaksen, som har skriva eit verk om kronprinsesse Märtha og president Roosevelt tidlegare, seier seg einig verken med manusforfattarane eller Bomann-Larsen sin framstilling av kronprinsessa:

Dramaserien *Atlantic Crossing* er full av feilaktige framstillingar av hendelser og personligheter, men om ikkje annett kan den kanskje bidra til å skape oppmerksomhet om den viktige politiske, diplomatiske og humanitære innsatsen kronprinsesse Märtha gjorde bak kulissene i verdenskrigens Washington - selv om det ikkje foregikk slik serien framstiller det. (Isaksen, 2020, s. 25)

Isaksen avviser at kronprinsessa skal ha endra krigens kurs, men understrekar at «for Norges sak var innsatsen hennes verdifull», og påpeikar at «kronprinsesse Märtha – i likhet med

mange andre kvinner – i stor grad er blitt skrevet ut av historien» (Isaksen, 2020, s. 25). Han argumenterer at kvinners rolle, og i denne samanheng Märthas rolle, under krigen er eit tema som burde bli meir belyst. Dette kjem fram i poenget om at vi no, 75 år etter krigen, burde «være ferdige med en historieskriving hvor kvinner ikke har noen annen funksjon enn som selskapsdamer for menn med makt» (Isaksen, 2020, s. 25).

Nokon som er delvis ueinig i at *Atlantic Crossing* er eit bidrag til å framheve kvinner sin innsats under krigen, er historikar Mari Jonassen som meiner resultatet av serien er «en forspilt mulighet» til dette (Jonassen, 2020). Jonassen, som har skriva bok om norske kvinner i krig, argumenterer for at dei feilaktige framstillingane går utover serien sitt potensial til å fremje ein god og viktig forteljing om krigen med eit kvinneleg perspektiv:

Det er synd at serieskaperne går seg vill ved å gi en skjev fremstilling av fakta når en kvinnes innsats endelig løftes frem. Det var selvsagt ikke kronprinsessen som sto bak den viktige låne- og leieavtalen, slik serien gir inntrykk av. (Jonassen, 2020)

Jonassen poengterer deretter at ein ikkje treng å dikte for å fortelje spennande historier om kvinnene sin innsats: «Ett bidrag til å nyansere bildet vil være at film- og serieprodusenter begynner å inkludere kvinnene som en integrert del av motstandsbevegelsen, slik de var, på alle områder, på alle nivåer» (Jonassen, 2020). Ho etterspør slik sett fleire kvinneperspektiv i forteljinga om krigen – der både store og små innsatsar i motstandsarbeidet er inkludert.

5.2. «På feil side»

I debatten om *Frontkjemperne* vert det argumentert for at det er på tide med ein TV-serie som omhandlar frontkjemparane sin historie, og at dette er ein gruppe som også må få kome til orde og fortelje sin versjon av historia. Ein av dei som meiner dette er forfattar Eirik Veum som sjølv har skriva bøker om frontkjemparane. Dette kjem fram i eit intervju i Aftenposten der han uttaler at «Vi kan ikke sensurere frontkjemperne fordi vi ikke liker det de mener» (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021a). Forteljinga om frontkjemparane kan høyre til det Grimnes (2009, s. 481) har omtalt som «det store norske traumet» om krigen. Dette traumet kan også vere grunnen til at frontkjemparane sitt perspektiv på krigshistoria lenge vart «sensurert» eller «gøymd».

Også professor og forfattar Geir Ulfstein understrekar viktigheita av bevege seg vekk frå den eindimensjonale framstillinga, og skape kunnskap om, og forståing av, handlingane til dei

menneska som kjempa på «feil side» i krigen: «Frontkjempernes fortellinger gir et bidrag til å forstå hvordan de tenkte og tenker, både om sine motiver og sine handlinger. Vi bør være klare for dette 76 år etter at krigen tok slutt» (Ulfstein, 2021).

Ulfstein, som også er son av ein frontkjempar, understrekar at ein forståing av menneska ikkje hindrar ein fordømming av handlingane (Ulfstein, 2021). Med dette kan det verke som at han indirekte meiner at grunnen til at mange er skeptisk til ein TV-serie om frontkjemparane er fordi det finnast ein redsel for at handlingane deira no blir «akseptert» eller «unnskyldt» på eit vis, som ein konsekvens av det som i kapittel 4.2. vart forklart som rehumanisering av gjerningspersonar.

Noko av kritikken går ut på akkurat dette, der det blir stilt spørsmål om «hvorvidt nazismen egentlig var så ille» (U. Eriksen, 2021, også referert til i Bamle 2021a). Etik kredaktør i NRK, Per Arne Kalbakk, uttrykker ueinighet i denne kritikken og meiner det kjem tydeleg fram i dokumentarserien at nazismen var ille. I debatten kjem det også fram at frontkjemparane som gruppe har nyansar: Kalbakk understrekar betydinga av at frontkjemparane fortel ulike forteljingar og oppfatningar av det som skjedde, og meiner dette skapar utfyllande beretningar der ulikskapar mellom deira motivasjonar og bakgrunnar vert belyst (Bamle, 2021a).

Alexander Kristiansen, som aleine har ansvar for både regi, produksjon og manus, uttrykker også at formålet med serien er å formidle forteljingar som høyrer til på gråtoneskalaen: «Det blir for enkelt å tegne et svart-hvitt bilde av gode nordmenn og onde nazister. Det er mer nyansert enn dette. Jeg er interessert i gråsonene» (Selmer-Anderssen, 2021a). Han utdjupear dette slik: «Nyansene ligger mellom krigsforbryter og uskyldig, mellom en overbevist nazist og en som melder seg av eventyrlyst» (Selmer-Anderssen, 2021a). Han peikar dermed på korleis frontkjemparane som gruppe ikkje kan generaliserast, og at både motiv og motivasjon for å melde seg til austfronten var varierende. Ut ifrå det både Kristiansen og Kalbakk har uttalt i debatten, vil frontkjemparane kunne plasserast langs heile spekteret frå svart til kvitt.

Historikar Sigurd Sørli, som også har deltatt i både debatten og dokumentarserien, har skrive bok om frontkjemparane. Studien hans kan bekrefte at dette var ein nyansert og samansett gruppe, med ulike bakgrunnar, føresetnadar og motiv for å verve seg til tysk

teneste (Sørli, 2015, s. 90, 107, 113, 423). Politisk-ideologiske motiv, som sympati for NS, Tyskland og nasjonalsosialismen, var normalt ein hovudårsak og ein *nødvendig* føresetnad for verving. Likevel var desse føresetnadane ikkje alltid tilstrekkeleg: Ikkje-ideologiske vervingsmotiv kunne ligge til grunn for valet desse nordmennene tok. Det kunne vere både overtaling frå kameratar, eventyrlyst, flukt frå vanskelege forhold heime, eit ønske om privilegium, materielle og karrieremessige fordelar, makt og prestisje (Sørli, 2015, ss. 113-115, 423). Det er dette debattantane argumenterer for ovanfor – at dokumentarserien ikkje berre er nyansering i form av å løfte fram ei lite synleggjort forteljing frå okkupasjonstida, men også eit forsøk i å vise at frontkjemparane som ei gruppe i seg sjølv var nyanserte. Diskusjonen om frontkjemparane sine motiv for å delta på tysk side, vil bli ytterlegare diskutert i kapittel 6.4.1., 7.1. og 7.2.

5.3. «Å rokke ved etablerte sannheitar»

Forfattaren av den omdiskuterte boka om heimefronten, Marte Michelet, meiner «vi må kunne forholde oss til nye funn om andre verdenskrig, selv om de gjør vondt og rokker ved etablerte sannheter» (Michelet, 2018a). At det gjer vondt er ein indikasjon på at det å gjere endringar på den allereie etablerte oppfatninga om krigen rører ved noko i den nasjonale identiteten som grunnforteljingane og heltebilda har skapt. Forlagssjef for sakprosa i Gyldendal, Reidar Mide Solberg, er blant dei som støttar Michelet i dette. Han poengterer at til tross for at det utfordrande perspektivet har sin pris for det nasjonale sjølvbildet, må ein kunne sjå historia frå fleire sider for å forstå kompleksiteten av den (Solberg, 2020).

Historikar Astrid Sverresdotter Dypvik har skrivne eit essay i Morgenbladet der ho trekk fram det ho synes er viktig med Michelet si bok – og kva vi kan lære av den. Ho skriv blant anna at:

Perspektivet handlar om at det også blant dei som var «gode nordmenn» i krigsåra, fanst mange som ikkje hadde blikk for eller ikkje interesserte seg for okkupasjonsmakta si forfølgning av jødar. Det vil vere uheldig om den sterke kritikken mot Michelets bok gjer at andre ikkje vågar gå inn i liknande problemstillingar. Eg trur omgrepet *minnekultur* kan vere nyttig for å forstå diskusjonen. Mi tese er at når debatten ein gong har lagt seg, vil vi sjå at Michelets bok opna opp for ei ny forståing av den norske krigserfaringa. (Dypvik, 2021)

Omgrepet *minnekultur*, slik også Dypvik bruker det her, viser at det kollektive minnet må ha plass til alle dei forskjellige minna og erfaringane frå krigen – slik det blir forklart i teorien om den sosiale minneproduksjonen i kapittel 2.2. Å gje rom for ulike narrativ på denne måten vil kunne kollidere med oppfatningar av den allereie etablerte grunnforteljinga om krigen, og dermed skape reaksjonar. Som vi også såg i debatten om *Atlantic Crossing*, og som Eriksen (1995, s. 10-11) skriv, er det eit behov for korrekte framstillingar av krigshistoria. Dersom framstillingar blir oppfatta som uriktige, og bryt med leiande diskursar, vil det kunne oppstå debatt (Bratberg, 2017, s. 34; Eriksen, 1995, ss. 10-11).

Ut ifrå det Dypvik skriv i innlegget, kan perspektivet Michelet bringer fram bli ein del av vår felles forståing av krigen etter at debatten har lagt seg. Ho skriv også at: «Michelet gir plass til historier mange har hatt vanskar med å ta inn over seg fordi dei ikkje heilt har fått dei til å stemme med det ein veit frå før» (Dypvik, 2021). Dette tyder på at det i byrjinga kan vere vanskeleg for folk flest å akkommodere ny kunnskap om krigen og godta perspektivet inn i sin verkelegheitsforståing.

Dypvik argumenterer at perspektivet Michelet belyser har eksistert blant historikarar lenge før hennar bok, og at det finnast fleire faglege verk om holocaust i Norge. Ho legg deretter til: «Men problemstillingane ho [Michelet] tek opp, var likevel så lite kjent for ei brei offentlegheit at Michelets bok skapte sensasjon då den vart gitt ut» (Dypvik, 2021). Dette samsvarer med det som tidlegare har blitt forklart i kapittel 2.2. om *public history* og den sosiale minneproduksjonen – der historiefornidling i populærkulturell form gjerne har større påverknadskraft hos det allmenne publikum, eller den «breie offentlegheit», enn det reint historiefaglege.

I innlegget gir Dypvik dermed uttrykk for at Michelet si bok skapar så mykje merksemd fordi ho utforskar temaområde som ikkje har hatt plass innanfor den nasjonalpatriotiske minnekulturen i Noreg. Med debatten som boka skapte, påstår Dypvik at denne minnekulturen allereie er endra (Dypvik, 2021). Nedanfor vil det bli gjort ytterlegare greie for kva som har kome fram i debatten når det gjeld ei mogleg oppløysing av det som blir framstilt som det mytiske om krigen, samt kva betyding perspektiv og narrativ har for måten ein forstår, skriv og diskuterer okkupasjonshistoria på.

5.3.1. Heimefronten – ei helteforteljing?

Hva visste Hjemmefronten? legg opp til ein interessant diskusjon om nyansane mellom «dei gode og dei vonde». Marte Michelet prøver å avdekke kva som svikta i den norske heimefronten når det gjaldt redninga av jødane under krigen, og utfordrar dermed eit narrativ om «gode nordmenn» og «norske heltar». På denne måten belyser ho det Grimnes (2009, s. 481) meiner er eit av dei «mindre trauma» om krigen.

Michelet uttaler i ein artikkel i *Morgenbladet* at historieskrivinga om andre verdskrig i Noreg lenge har vore unison, der forteljinga formidlar ei myte om at «Aksjonen [arrestasjonen og deporteringen av jødene] kom som lyn fra klar himmel, ingen kunne vite om jødeutryddelsen og motstandsbevegelsen gjorde alt den kunne for jødene når dette ble kjent for dem» (Lunde, 2018a). Ho kritiserer historikarane for å vere «mytebyggerar» som dyrkar forteljinga om motstandsheltar og gode nordmenn. Michelet meiner dette er «et veldig lite historiefaglig syn» som «retusjerer» vekk, eller ekskluderer, delar av historia, som til dømes nordmenn med haldningar tilhøyrande «feil side» (Lunde, 2018a).

Moland, som Michelet ser på som ein sentral mytebygger (Lunde, 2018a), meiner på si side at det tvert imot er «ahistorisk» å skape ei forteljing om at heimefronten ikkje greip inn. Grunngevinga er at «Det var umulig for en okkupert nasjon å stå imot verdens sterkeste militærmakt som dessuten sto for en brutalitet uten sidestykke» (H. Gundersen, 2018). Han brukar uttrykket «nasjonal selvpisking» for å beskrive det Michelet gjer i boka si, og påpeikar at dette «bør vi slutte med før vi står igjen uten noe som helst av motstandskampens innsats» (H. Gundersen, 2018).

I argumentasjonen til Moland kjem det fram at Michelet i historieskrivinga ikkje har tatt i betraktning dei premissane som låg til grunn for heimefronten sin motstandskamp under krigen. Dette skal eg komme tilbake til i kapittel 7.1. «Nasjonal selvpisking», slik Moland brukar omgrepet, viser til at Michelet si bok potensielt er eit bidrag til å rive ned grunnforteljinga og fjerne det vi kjenner som helteforteljingar, motstand og nasjonalt fellesskap. For å vise til motstandskampen sin innsats for jødane, og viktigeita av å framheve den, poengterer Moland at heimefronten tross alt redda over tusen jødar (H. Gundersen, 2018). I artikkelen blir det tydeleg at Moland meiner det er uheldig å skrive ned heimefronten og motstandsheltane slik Michelet gjer ettersom dei gjorde ein betydeleg innsats for landet og for jødane.

Michelet uttrykker i ein kronikk at Moland ikkje har grunn til bekymring overfor den etablerte forteljinga om krigen og motstandskampen: «Den overveiende delen av norsk okkupasjonshistorisk forskning står seg nok helt fint, blant annet fordi den overveiende delen av norsk okkupasjonshistorisk forskning ikke har dreid seg om jødeforfølgelsene i det hele tatt» (Michelet, 2018b). Ho påpeikar at hennar bidrag til okkupasjonshistorisk forskning er ein naturleg del av utviklinga og nyanseringa av forteljinga om krigen, der jødane gradvis har fått større plass i bildet:

Det som skjer nå, er at den innarbeidede motstandshistorien kolliderer med alt det som gradvis er kommet frem om jødeutryddelsen. Den prosessen startet lenge før min bok. Egentlig har det gnisset helt siden 1945, først nå har det ført til et sammenstøt som blir tydelig for hele befolkningen. Som historiker Synne Corell presist peker på i Klassekampen denne uken [20. november 2018, s. 26]: «Et av feltene som har forandret seg minst i historieskrivingen, er historien om motstandskampen under andre verdenskrig. Et av dem som har forandret seg mest, er historien om jødene i Norge.» (Michelet, 2018b)

Sitatet over viser også at det er kollisjonen mellom ulike narrativ som skapar opprør. Når ho skriv at dette først no har blitt tydeleg «for hele befolkningen» tyder det på at dei konkurrerande diskursane lenge har eksistert i det vitskaplege miljøet, men kanskje ikkje skapt like stor merksemd hos det allmenne publikum. At Michelet har skrive ei sakprosa bok for allmennheita har betydning for at historia no vekker oppsikt også her. Dette samsvarer med teorien om *public history*, samt det Tosh (2008, s. 99) forklarar om at skiljet mellom spørsmål som interesserer akademiske historikarar og det som opptar samfunnet elles i historie ikkje er like distinkt i dagens samfunn som før.

Michelet skriv at «Selv mer enn 70 år etter krigen viser det seg at det er svært vanskelig å føre en åpen, nyansert diskusjon om hva som faktisk skjedde under den tyske okkupasjonen. Diskusjonen dreier seg nesten umiddelbart inn på enkeltpersoners ettermæle» (Michelet, 2018b). Dette tyder på at nyanseringa av krigshistoria framleis er problematisk fordi etterkommarar av motstandsfolka kan oppleve det som sårt og krenkande overfor seg og sine foreldre som blir omtalt i forteljingar om okkupasjonshistoria sine skyggesider. Michelet understrekar, på tross av kritikken frå blant anna Moland, at hennar intensjon aldri har vore å «rive ned heltene» (Michelet, 2018b).

I ein artikkel i Morgenbladet tar kunstnaren Victor Lind heimefronten i forsvar mot Michelet sine påstandar, men understrekar likevel at han synes boka hennar er viktig (Lunde, 2018b). Lind, som også har jødisk mor og laga fleire kunstarbeider til minne om jødeforfølginga, svarar bekreftande på spørsmål om dei mørke nyansane av okkupasjonshistoria tidlegare har vore unngått: «jeg tror det har vært tatt hensyn til etterkommerne av redningsmennene og redningskvinnene» (Lunde, 2018b). Dette gir inntrykk av at nyansane no har blitt ytterlegare belyst fordi Michelet i mindre grad har tatt omsyn til etterkommarane.

Historikar Bjørn Godøy argumenterer for at Michelet framstiller heimefronten på ein unyansert og antipatisk måte, noko han meiner er uheldig ettersom ho på denne måten har laga «lissepasninger til dem som har rykket ut for å ta hjemmefronten i forsvar» (Godøy, 2018). Han grunngir dette med at vi ikkje kan oversjå Michelet sin påstand om at antisemittiske haldningar påverka heimefronten sine handlingar, og poengterer at «Tross alt har Norge aldri vært så preget av rasisme som da tyskerne gikk til angrep» (Godøy, 2018). Med dette meiner han at nordmenn sine haldningar mot marginaliserte grupper på denne tida kan vere ei forklaring på passiviteten i redninga av jødane hausten 1942. Godøy legg til at dersom okkupantane hadde bestemt seg for å ta tatarar og samar også, hadde heimefronten lite sannsynleg lagt inn ein større innsats for å redde desse. Han påpeikar at slike forteljingar har blitt meir synleg dei siste 30 åra, og gir uttrykk for at det er på tide å erkjenne desse sidene av historia som ikkje står heilt i stil med grunnforteljinga: «Vi må se i øynene at det store flertallet av nordmenn ikke opptådte spesielt heltmodig i møte med det tyske maktapparatet. Snarere tilpasset de seg» (Godøy, 2018).

Professor i historie og direktør ved Det Norske Nobelinstitutt, Olav Njølstad, meiner på lik linje med Godøy at Michelet sitt narrativ er for unyansert og enkelt. Han gir likevel uttrykk for at boka hennar er viktig i den betyding av at ho har opna opp eit lite utforska felt, og satt viktige spørsmål på agendaen: «med Michelets bok er det blitt vanskeligere å lukke øynene for at svaret til dels må søkes i det norske samfunns holdning til jødene både under og før krigen» (Njølstad, 2018). Det handlar slik sett om å fortelje ein tidlegare gløymd historie – eit argument vi også har sett i debatten om *Atlantic Crossing*. Vi har tidlegare også sett liknande argument blitt brukt om *Frontkjempere*, berre at det her kan tenkast at det ikkje handlar om ei «gløymd» historie, men heller ei «sensurert» eller «gøymd» historie. Felles for initiativtakarane bak desse tre framstillingane er med andre ord at dei har eit formål om å

skape ein begynnande kartlegging av eit tema i okkupasjonshistoria som treng meir merksemd og utforsking.

5.3.2. Jødane sitt perspektiv? Eller heimefronten sitt perspektiv?

I debatten om *Hva visste Hjemmefronten?* blir det diskutert kva for perspektiv ein har i formidlinga av historia. Michelet gir i eit debattinnlegg uttrykk for at det er på tide å sjå fleire sider av historia: «Jeg tror at vi, endelig, kan bli ferdige med fasen der kildene automatisk leses ut fra hjemmefrontens perspektiv» (Michelet, 2018c). Ho går ut mot historikarane som ho meiner har bidratt til å bygge opp forteljinga om krigen sett med heimefrontens blikk: «Tangestuen og andre historikere som har skrevet om den jødiske flukten, har stått parat med bortforklaringer og unnskyldninger hver gang de har kommet inn på transportens skyggesider – i den grad de i det hele tatt har beskrevet skyggesidene» (Michelet, 2018c). Ifølgje Michelet handlar ueinigheita mellom ho og desse historikarane om kva for blikk ein vel å ha på kjeldene – der ein enten tar heimefronten sitt perspektiv, eller dei forfølgde sitt perspektiv (Michelet, 2018c).

På bakgrunn av dette framstiller Michelet det som eit tolkingsspørsmål av materialet, der perspektivet er heilt avgjerande for kva ein finn i kjeldematerialet – og dermed også avgjerande for kva narrativ som vert belyst, og korleis okkupasjonshistoria vert presentert. Slik sett vil det å fremje eit perspektiv på kostnad av eit anna vere å bruke kjeldene selektivt, noko som blir ytterlegare diskutert i kapittel 6.3. om maktbruk og hypotesebekreftande metode for forskning.

I spørsmålet om Michelet trur hennar arbeid med å sjå kjeldene med nye auge bidrar til at den etablerte historieforteljinga vert endra, svarar ho bekreftande:

Det er jeg ikke i tvil om. En del av disse funnene gjør at man ikke kan skrive om hendelsene høsten 1942 på samme måte, de forandrer bildet helt. Og det gjelder jo særlig hovedfortellingen om at ingenting var kjent på forhånd og at med en gang man fikk vite om det, så gjorde motstandsbevegelsen alt den kunne. Dette er ikke sant. (Harbo, 2018)

Michelet hevder på denne måten at tidlegare okkupasjonshistorisk forskning har vore for einsidig i sitt arbeid, der heimefronten sitt perspektiv har dominert på ein måte som bygger opp om den etablerte grunnforteljinga. Hennar funn, med eit blikk på jødane, meiner ho har

så stor påverknadskraft at det vil gjere endringar i den kollektive historieforståinga om krigen.

At Michelet leser kjeldene sine med «de forfulgtes blikk» heller enn «hjemmefrontens blikk» (Michelet, 2018c), kan framstå som eit misvisande argument då det tross alt er heimefronten sine handlingar ho undersøker og fortel om i boka si. Poenget ho truleg forsøker å få fram, er at det trengs meir fokus på jødane sin situasjon fordi dette er ei marginalisert gruppe i historia. Heimefronten har derimot allereie fått mykje merksemd i historieskrivinga, ifølgje Michelet sine argument. Slik sett handlar det ikkje om å velje det eine eller det andre perspektivet, men å heller forsøke å utfylle historia med fleire perspektiv – i tråd med historiedidaktikkens multiperspektiv (Skram, 2011, s. 11-12).

Det er eit gjennomgåande argument frå dei som støttar Michelet si bok at ho kjem med sentrale forteljingar til forståinga av krigen og det norske holocaust. Blant dei er det ein konsensus om at temaet ho tar opp er viktig å setje på dagsorden ettersom det var lite forska på i tiåra etter krigen (Bjørhovde & Aasmundsen, 2021; Svelstad & Grøndahl, 2020). Nokon som tilsynelatande er positive til Michelet si bok er Rolf Golombek og Ervin Kohn – begge knytt til Det mosaiske trossamfunn. Eit debattinnlegg dei har skrive startar slik:

I flere tiår etter andre verdenskrig var deportasjonen av jøder fra Norge i 1942–43 nesten ikke omtalt av våre okkupasjonshistorikere. Selv etter Oskars Mendelsohns referanseverk *Jødenes historie i Norge gjennom 300 år*, Bjarte Brulands *Holocaust i Norge* og mer enn 100 andre arbeider om norsk-jødisk historie, visste få at nordmenn deltok i nazistenes forsøk på å tilintetgjøre de jødene som bodde i Norge. (Golombek & Kohn, 2020)

Golombek og Kohn meiner Michelet har endra dette permanent. Dei legg til at ho har lagt til rette for at behandlinga av dei norske jødane under okkupasjonen no blir ein del av den kollektive historieforståinga i Noreg. Som sitatet over viser, påstår desse to at det til tross for ei rekke arbeider om temaet, er det først no denne sida av historia har blitt synleg. Dei uttrykker takknemlegheit for at «Marte Michelet stilte de spørsmålene vi ikke har våget å stille» (Golombek & Kohn, 2020). Dette gir inntrykk av at forskinga på okkupasjonen i Noreg truleg lenge har vore prega av forsiktigheit når det kjem til behandlinga av dei norske jødane.

Espen Sjøbye er også ein av dei som i aller høgste grad støttar Michelet sitt arbeid og perspektivet ho presenterer: «Marte Michelets bok var en øyeåpner. Boken reiste spørsmål mange ikke hadde tenkt på før» (Sjøbye, 2020, s. 26). At nye perspektiv som blir belyst kan gå på kostnad av andre perspektiv forklarar han slik:

Bildet av fortiden er ikke et puslespill der det finnes ledige plasser for nye brikker. Fortiden formes til en helhet uten mangler. Det finnes heller ingen brikke det står jødeforfølgelsene på. Denne brikken må lages og den må plasseres i helheten, men da må noe annet endres og noe må forminskes. (Sjøbye, 2020, s. 26)

På bakgrunn av dette meiner Sjøbye at Michelet har «gitt vesentlige bidrag til å utforme den manglende brikken og å gjøre plass til den i det store bildet» (Sjøbye, 2020, s. 26). Han understrekar deretter at dette er noko ho har gjort ved å utfordre etablerte sannheiter (Sjøbye, 2020, s. 26). Som vist i kapittel 2.3.3. og 3.2., er det perspektiv og narrativ på kollisjonskurs som skapar strid og diskusjon rundt korleis historia skal bli forstått. Her blir det slik sett ein kamp om plassen i det store bildet. Val av perspektiv får betydning for korleis okkupasjonshistoria vert oppfatta.

5.4. Mangelen på nyanser

I debatten om *Frontkjempere* kritiserer Filmskapar Nina Grünfeld dokumentarserien for mangel på perspektiv, og peikar på kva som kunne vore gjort annleis. Blant anna meiner ho at det i serien kunne blitt intervjuet fleire: til dømes kunne synspunkt frå psykologar og familiane til frontkjemparane bidratt til eit perspektivmangfald med interessante innspel. Ifølgje Grünfeld kunne serien på denne måten forsøkt å forstå handlingane til frontkjemparane og setje deira «traumer i perspektiv», samt avdekke eventuelle vanskelege forhold (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021b). Grünfeld påpeikar også at serien med fordel kunne inkludert barn, kvinner og jødar. Ho framhevar då spesielt eit sagn etter frontsostre og kvinnelege historikarar i materialet (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021b). Dette tyder på at Grünfeld meiner serien er for mannsdominert og einsidig ettersom alle frontkjemparane og historikarane i serien er menn. Med kvinnelege historikarar og eit søkelys på frontsostre ville dette vore balansert ut, i tillegg til at fleire perspektiv hadde blitt belyst.

I debatten om heimefronten er diskusjonen om nyanser, eller mangelen på nyanser, også eit tema. Kritikken mot Michelet går ut på at ho er for einsidig i sitt arbeid, noko som også kjem

fram i delkapittelet ovanfor der ho sjølv har uttalt at ho har tatt jødane sitt perspektiv. I kritikarane sine auge, har dette ført til at beretningane om heimefronten står fram som lite nyansert då deira side av saka ikkje vert tatt i betraktning.

Eit innlegg i Aftenposten, skrive av kommentator Andreas Slettholm, startar slik:

«Nyanseringer av norsk motstandskamp fortjener også nyanser» (Slettholm, 2020).

Kommentatoren meiner Michelet sitt forsøk i å komme med nye perspektiv og nyansere okkupasjonshistoria «ironisk nok» sjølv ender opp som unyansert. Etter å ha lese kritikken som kjem fram i motboka skrive av tre historikarar, stiller han spørsmål ved Michelet sin påstand om at antisemittisme var ein avgjerande faktor for varslinga og redninga av jødar i Noreg. Til tross for at han synes boka sviktar på det empiriske, meiner han at boka har ein verdi: «Den løfter frem problemstillinger som har levd ganske langt fra de heltehistoriene som fortsatt produseres i populærkulturen» (Slettholm, 2020).

Godøy framhevar korleis historiefaglege framstillingar av okkupasjonsåra stadig vert meir nyansert, der konfliktlinjene vert meir diffuse og dei kjende helteberetningane fortrenkt. Han påstår deretter at nyansane er fråverande i Michelet si bok: «særlig får Milorg gjennomgå i en renspektet svart-hvitt fremstilling. Gunnar Sønsteby og hans medarbeidere var såpass organiserte og kompetente til at de kunne ha reddet jødene ut av tyskernes klør, mener Michelet. De valgte ikke å gjøre noe» (Godøy, 2018). På denne måten avviser han Michelet sitt narrativ.

Leiar ved Norges Hjemmefrontmuseum og førsteamanuensis, Frode Færøy, meiner Michelet blir «stående ved sitt enøyde narrativ om den norske antisemittismen og jødernes utenforskap i Norge» (Færøy, 2018). I eit debattinnlegg skriv han at Michelet skal ha honnør for stille kritiske spørsmål, men at ho er for einseitig og moraliserande i sitt arbeid. Færøy framhevar viktigheita av nyansar i historia, og poengterer at dette er komplekse spørsmål som krev meir grundige og nyanserte svar enn det Michelet har gitt oss:

Vi trenger bøker med nye perspektiver på okkupasjonsårenes historie. Men enkle svar på vanskelige problemstillinger leder sjelden til større innsikt. For god forskning og god formidling handler ikke først og fremst om å fordømme, men om å forklare og å forstå. (Færøy, 2018)

Det siste poenget Færøy legg fram i sitatet over, om fordømming og forståing, vil bli ytterlegare diskutert i delkapittel 7.2. Ifølgje Færøy sine argument gir Michelet eit dårleg forsøk på å nyansere okkupasjonshistoria. Historieprofessor Kjetil Jacobsen stiller seg også einig i dette då han skriv at Michelet sitt narrativ er for enkelt, og meiner det ikkje gir rom for nyansar (Jacobsen, 2021).

6. Med rett til å publisere?

Ein sentral diskusjon i alle debattane var i kva grad TV-seriane og Michelet si bok er basert på forskning og godt nok kjeldegrunnlag, samt korleis prosessen og forskingsarbeidet vart utført, og om det var riktig av Gyldendal forlag og NRK å publisere dette. Spesielt får *Hva visste Hjemmefronten?* kritikk for brot på forskingsetiske retningslinjer, men også *Atlantic Crossing* blir kritisert for å «vri på kjeldene» sine. *Frontkjempere* hamna på si side i hardt vær for å ikkje stille nok kritiske spørsmål til frontkjemparane. Aktørar både innanfor og utanfor det historiske fagmiljøet stilte med store ueinigheiter i diskusjonen om forskingsmetodar, kjeldegrunnlag og det ferdige produktet av framstillinga. Det blir stilt spørsmål om det er grunnlag nok til å bevise om framstillinga er sannferdig eller feilaktig, eller om det heller handlar om ulike tolkingar av kjeldematerialet.

6.1. Forskingsarbeid og kjeldegrunnlag

Ivar Køhn forklarar at forfattarane av *Atlantic Crossing* har arbeida med historia i nesten ti år, og gjort «bred research i både gamle og nye kilder» (Køhn, 2020a). Han har uttalt at NRK ikkje har kopla inn sjølvstendige historikarar eller «ansatt noen som kontrollerer sannheter»: «Det er manusforfatterne i serien som selv har gjennom research snakket med historikere» (Khorami & Vestheim, 2020). Tore Rem meiner på si side at det ikkje finnast kjeldebelegg for å hevde at «kronprinsessa endra krigen sin gang», slik det blir framstilt i serien, og legg til at dette er eit lite kjeldekritisk syn (Eide, 2020).

Manusforfattarane bak fiksjonsserien argumenterer likevel at det er mykje som er kjeldebelagt i serien (Eik & Kallestein, 2020a). Bomann-Larsen hevdar derimot at dei historiske kjeldene han har brukt ikkje stemmer med framstillinga i serien. Han skriv at «i stedet for primærkilder forholder de seg til udokumenterte uttalelser og løse erindringer fra etterkrigstiden. Det kan være greit innenfor rammen av fiksjon, men de bør nedtone påstandene om årelang forskning og ‘dramatisering av virkeligheten’» (Bomann-Larsen, 2020b).

Køhn (2020a) har, som vist i kapittel 5.1., uttalt at historia kan tolkast. Kristiansen og Rem avviser dette argumentet. Dei understrekar at problemet nettopp er at «denne serien *ikke* fortolker, men presenterer åpenbare usannheter og kaster vrak på en 80 år lang, i store deler sofistisert og avansert fortolkningstradisjon» (Kristiansen & Rem, 2020b).

Med bakgrunn i dette blir det synleg at det er uklart i kva grad serieskaparane kan argumentere for at serien er «inspirert av sanne hendingar» basert på fleire år med brei research: NRK og serieskaparane meiner at dei har godt nok kjeldebelegg, medan kritikarane – i hovudsak historikarar – argumenterer for det motsette.

I dokumentarserien *Frontkjempere* er det sju frontkjemparar som fortel sine personlege beretningar frå krigen. Etik kredaktør i NRK, Per Arne Kalbakk, og prosjektredaktør i NRK, Marie Sjo, framhevar den historiske verdien av førstehandsskildringar: «De forteller om hvorfor de vervet seg, og hva de opplevde. De er førstehåndskilder til noen av krigens verste slag – de lå i skyttergravene på Østfronten og kjempet i en brutal krig på tysk side» (Kalbakk & Sjo, 2021). Også professor i film- og fjernsynsvitenskap, Søren Birkvad, meiner det er «i seg selv prisverdig at man har intervjuet veteranene» (Bamle, 2021b). At intervjuar med frontkjemparane vert oppfatta som verdifulle kjelder kan vere fordi dei høyrer det kommunikative minnet til. Slike kjelder blir stadig meir sjeldan med den veksande avstanden til krigen (Stugu, 2021, s. 17-18).

Kalbakk og Sjo er klar over at dette er subjektive forteljingar som ikkje kan stå aleine som kjelder i serien, og framhevar derfor betydinga av at dei også har med bidrag frå sju ulike historikarar: «De bidrar med ulike og nødvendige perspektiver som setter frontkjempernes beretninger i en sammenheng. Via disse fagpersonene får vi fakta, kontekst og korreksjon til subjektive fortellinger» (Kalbakk & Sjo, 2021). Desse sju historikarane kan dermed falle inn under kategorien *historians in public*, vist til i kapittel 2.2., ettersom dei deltar i ein TV-serie der dei brukar kunnskapen sin til å formidle, informere og korrigere eventuelle feil. På denne måten bidrar dei til den allmenne historieførståinga.

Marte Michelet skriv at boka hennar er «basert på fire års graving i arkiver og studier av et omfattende tysk og norsk materiale», og påstår at mykje av det aldri før har vore undersøkt (Michelet, 2018a). Fleire historikarar meiner derimot at denne tematikken har vore godt behandla i forskingslitteraturen, og at Michelet sine påstandar no fører til at «flere tiår med forskning, innsikt og forståelse ligger tilbake i ruiner» (Moland, 2018). Kritikken mot boka handlar i stor grad om at Michelet manglar kjelder og dokumentasjon på det ho skriv. Færøy meiner påstandane hennar «fremstår som absurd» når ho ikkje kan bevise dei (Mauren, 2018). Sjølv meiner Michelet at boka hennar er godt nok kjeldebelagt (Michelet, 2018c).

Historikar Arnfinn Moland argumenterer at Bjarte Bruland sitt arbeid om holocaust i Norge vil vere standardverket på dette feltet (H. Gundersen, 2018). Han legg heller ikkje skjul på at han synes fagleg arbeid trumfar historieformidling initiert frå aktørar utanfor akademien: «jeg må si jeg har større tillit til et slikt faghistorisk arbeid som resulterer i en doktorgrad, enn jeg har til en journalist som arbeidet i fire år med et tema» (H. Gundersen, 2018). Forfattarar Jan Erik Vold og Espen Sjøbye meiner derimot at dette er ein styrke hos Michelet, der ho kombinerer «historisk metode med det beste fra journalistikken» (Sjøbye & Vold, 2020). Sjøbye har også uttalt i eit intervju at dei feila som kritikarane har funne i Michelet si bok skuldast den journalistiske stilen hennar. Han meiner at det journalistiske språket gjer at Michelet tar eit tydeleg standpunkt, og den journalistiske arbeidsmetoden fører til at ho har ein større distanse til kjeldene sine enn det historikarar er vand med (Selmer-Anderssen, 2021b).

Michelet sitt verk blir dermed tydeleg eit resultat av det som i kapittel 2.2. har blitt forklart som *public history*. Dette kjem også til syne i eit debattinnlegg der historieprofessor Øystein Sørensen blir sitert på at det er «påfallende at det er en ikke-faghistoriker som har skrevet en sånn bok, tatt i betraktning at vi har store og tunge institusjoner som man skulle tro ville grepet fatt i temaet» (T. R. Gundersen et al., 2020). Også professor i nordisk litteratur, Ståle Dingstad, meiner at dei utanforfaglege aktørane er viktige for okkupasjonsforskinga og historieformidlinga, samt for å nå ut til det allmenne publikum: «Perspektivet Michelet har valgt, deler hun med flere. Men i Norge er det ikke faghistorikerne som har vist vei. Det har derimot journalister, sosiologer og filosofer [...] Michelet spisser det til for et bredere publikum [...]» (Dingstad, 2018).

6.1.1. Michelets kjeldemateriale – eit tolkingsspørsmål?

Gyldendal har forsvart seg sjølv og Michelet ved å påstå at ueinigheitane i debatten handlar om «fortolkning, utvalg og valg av perspektiv» (Solberg, 2020). Forlaget brukar slik sett ein argumentasjon som liknar definisjonen av historieforståing, slik omgrepet blir forklart i kapittel 2.1. Berggren, Bruland og Tangestuen, som har skriva ei motbok med kritikk av Michelet si bok, meiner derimot at det ikkje berre er snakk om tolkingsspørsmål, men bevislege feil. Dei stiller seg kritisk til om påstandane og konklusjonane i Michelet si bok har grunnlag i kjeldene. Historikarane hevdar at Michelet har skapt eit «feilaktig bilde av nesten

50 år med norsk holocaustforskning», og at ho «baserer en utgreiing om det mørkeste kapitlet i norsk historie på flere feilaktige premisser» (Berggren et al., 2020a).

Forfattar og lektor Hilde Vesaas meiner Michelet sine påstandar i boka er «fullstending usanne», og vil vere til belastning for etterkommarane av dei omtalte motstandsfolka – og då spesielt når det gjeld Carl Fredriksens Transport og Alf. T. Pettersen (Vesaas, 2020). Ho skriv: «Det er ikke snakk om å tolke kilder ulikt, men om å manipulere dem og utelate sentrale opplysninger» (Vesaas, 2020). Ifølgje Vesaas sine argument gjer Michelet brot på etiske retningslinjer ved å legge fram falske opplysningar og usanne påstandar om enkeltpersonar i heimefronten.

Njølstad har drøfta nokre av dei sentrale påstandane i Michelet si bok. Den første påstanden går ut på at «det forelå et pålitelig og konkret forhåndsvarsel om hva jødene hadde i vente, og at varslet kom tidsnok til at hjemmefronten kunne ha rukket å iverksette en større redningsoperasjon» (Njølstad, 2018). Her er Njølstad einig med kritikarane som synast Michelet ikkje har belegg nok til å kome med denne påstanden. Han understrekar at dette ikkje betyr at ho ikkje kan ha rett, og grunnir dette med at kjeldematerialet opnar for fleire tolkingar. Likevel synes han Michelet lykkast i å «sannsynliggjøre summen av tilgjengelig informasjon» (Njølstad, 2018). Ut ifrå rapportar og varslar, må informerte aktørar i heimefronten ha forstått at jødane i Noreg var trua, ifølgje Njølstad (2018).

Den andre påstanden handlar om at «hjemmefrontens illegale eksporttjeneste faktisk hadde kapasitet til å hjelpe et så ekstraordinært stort antall flyktninger ut av landet på kort varsel» (Njølstad, 2018). Njølstad argumenterer for at vi umogleg kan vite om redningsaksjonen kunne ha redda fleire jødar enn det dei gjorde. Han skriv at «Michelet tar for lett på hvor belastet hjemmefrontens etablerte fluktapparat var og hvor risikofylt det ville være å øke belastningen ytterligere. Det gjaldt for de involverte motstandsmenn- og kvinnene (å hjelpe folk å flykte, kunne medføre dødsstraff)» (Njølstad, 2018). Denne diskusjonen vil bli ytterlegare drøfta i kapittel 7.

Påstand nummer tre er som følger: «å iverksette en slik redningsaksjon ville være i overensstemmelse med hjemmefrontens oppdrag, slik den selv tolket det» (Njølstad, 2018). Njølstad sitt svar på dette er at for Milorg var det ikkje det, men for Sivorg kunne det vere godt mogleg. Han grunnir dette med at 1942 var eit vanskeleg år for Milorg, og at dei hadde

andre mål og eit anna fokus i sitt motstandsarbeid. For Sivorg var det derimot eit godt år, ifølgje Njølstad. Han forklarar at deira hovudoppgåve var å «slå vern om norske verdier, tradisjoner og institusjoner som ble utsatt for fremstøt fra okkupasjonsmakten og NS» (Njølstad, 2018). Med dette meiner han det er grunnlag til å spørje kvifor ikkje sikkerheita til dei nær 2000 jørdane i Noreg vart prioritert i Sivorg sine oppgåver. I innlegget diskuterer han nordmenn sine haldningar – ideologi, samt fordommar mot jørdar og antisemittisme. Njølstad vil likevel ikkje utelate at passiviteten kan skuldast andre forhold. Eit vesentleg poeng Njølstad gjer greie for her, er at Michelet sitt «angrep» på sentrale personar i Milorg, slik som Sønsteby, verkar urimeleg (Njølstad, 2018).

Den siste påstanden Njølstad diskuterer i kronikken sin er at «det i de avgjørende ukene høsten 1942 ikke fantes andre utfordringer og trusler som opptok og uroet Hjemmefrontens ledere vel så mye som ryktene om en mulig forestående aksjon mot jødene» (Njølstad, 2018). I diskusjonen av denne påstanden meiner Njølstad at Michelet utelet viktige opplysingar frå sentrale kjelder, slik at det blir ei skeiv og selektiv framstilling (Njølstad, 2018). Igjen blir kjeldebruken til Michelet eit tema. Her har ho og Njølstad ulike oppfatningar kjeldematerialet.

Samla sett kan det sjå ut til at Njølstad sine konklusjonar er at Michelet for det første har brukt gode kjelder, men at ho enten tolkar dei feil eller brukar dei selektivt. For det andre verkar det som at ho legg skulda delvis på feil gruppe ettersom Sivorg hadde betre føresetnadar enn Milorg når det gjeld redninga av jørdane. Ut ifrå Njølstad sin argumentasjon, tar ikkje Michelet i betraktning kva for føresetnadar Milorg og heimefronten hadde hausten 1942, noko som kan vise til ein mangel på historisering i tolkinga av kjeldene. Dette vil også bli vidare diskutert i kapittel 7.

6.1.2. Ut mot faghistorikarane

I Michelet sine auge er hennar bok ein «begynnende kartlegging, i eit landskap som aldri har vært kritisk undersøkt før» (Michelet, 2018b). Ho meiner det burde bli satt i gang meir og grundigare forskning på temaet ho tar opp i boka. Ytterlegare forskning burde også skje fort, i følgje Michelet, «slik at beretninger fra gjenlevende jørdar som flyktet til Sverige systematisk kan samles inn før det er for sent» (Michelet, 2018b). Ho gir dermed inntrykk av at det hastar å skaffe informasjon frå tidsvitne. Som vi også observerte i *Frontkjempere*-debatten, synleggjer dette verdien av førstehandsskildringar. Poenget Michelet framhevar kan dermed

forståast i kontekst av det vegskiljet vi står i når det gjeld minnet om krigen, der det kommunikative minnet snart ikkje vil vere tilgjengeleg lenger.

I ein kronikk i Aftenposten har tre redaktørar i tre ulike forlag slått seg saman for å forsvare Michelet sitt arbeid. Dei argumenterer for kor viktig sakprosaen har vore i formidling av forteljinga om krigen og det norske holocaust, og meiner det stort sett er forfattarar av denne sjangeren som har gjort banebrytande arbeid på feltet – og ikkje faghistorikarar:

Fortsatt er – utrolig nok – Bjarte Brulands *Holocaust i Norge* den eneste større studien av det norske holocaust i bokform skrevet av en norsk faghistoriker. Fortsatt er det slik at de viktigste utgivelsene på feltet [...] har kommet utenfra det tradisjonelle faghistoriske miljøet. (T. R. Gundersen et al., 2020)

Forleggarane svarar på eit debattinnlegg skrive av historikarane, Berggren, Bruland og Tangestuen (2020a), der det vert påstått at Michelet sitt verk ikkje har betydning for den «offentlige samtalen om det norske holocaust» fordi ho ikkje er «den første som har tatt opp temaet i allmennheten» (T. R. Gundersen et al., 2020). Historikarane skriv at det i dag er «skrevet minst 150 arbeider om norsk-jødisk historie og norsk antisemittisme» og framhevar Oskar Mendelsohn, Per Ole Johansen og Ragnar Ulstein som pionerar på feltet (Berggren et al., 2020a). Forleggarane understrekar her at ingen av desse var faghistorikarar heller (T. R. Gundersen et al., 2020). Dei meiner historikarane sine argument ikkje held:

150 arbeider i stort og smått burde ikke imponere. Særlig når vi tar med i beregningen at de tre her [Berggren, Bruland og Tangestuen] ikke bare teller det norske holocaust, men alt som noensinne er skrevet på norsk om norsk-jødisk historie og norsk antisemittisme. (T. R. Gundersen et al., 2020)

I kronikken forleggarane har skrive kjem det tydeleg fram at dette er eit felt der det framleis er mykje ugjort. Dei skriv at «*Holocaust i Norge* [av Bjarte Bruland] er et imponerende verk. Men boken er ikke heldekkende – eller eviggyldig» og at «behovet for utfyllende undersøkelser – og flere bøker – er åpenbart» (T. R. Gundersen et al., 2020).

I tillegg til at forleggarane forsvorar Michelet sitt arbeid og spørsmåla ho stiller, peikar på kunnskapshol og etterspør meir forskning på temaet, lagar dei eit skilje mellom faghistorikarar og forfattarar utanfor det historiske fagmiljøet. Ifølgje det som kjem fram i kronikken, er det ikkje-historikarar som i størst grad har løfta temaet rundt det norske holocaust opp og fram i

offentlegheita. Dette kan ein også kan kjenne igjen frå ideen om *public history*, eller *public historians*, vist til i kapittel 2.2. Initiativtakarane er forfattarar med interesse for historie – utan fagleg bakgrunn.

6.1.3. Sjå til Danmark?

I diskusjonen om mangel på forskning har Noreg blitt samanlikna med andre land når det gjeld arbeider om jødane under krigen. Spesielt Danmark blir trekt fram som eit land som har dekkja dette temaet grundig. Michelet har i ein kronikk i Aftenposten påstått dette:

Plyndringen av jødene har vært et fullstendig neglisjert tema i norsk Holocaust-forskning, i motsetning til blant annet i Danmark, der temaet for lengst er grundig avdekket og gjennomanalysert. En dansk journalist som intervjuet meg denne uken, kunne rett og slett ikke forstå hvorfor dette var et kontroversielt tema. (Michelet, 2018b)

Med bakgrunn i dette foreslår Michelet at dansk forskingshjelp i eit større forskingsprosjekt på feltet kan vere fordelaktig ettersom temaet framleis opplevast som kontroversielt i Noreg (Michelet, 2018b). Sosiolog Lars Grue meiner i denne samanheng at dersom Michelet først skal samanlikne jødane sin situasjon under krigen i Noreg med den danske okkupasjonshistoria, «kunne hun i rettferdighetens navn også si noe om likheter og forskjeller i jødernes situasjon i de to landene, og hvordan flertallet av jøder i Danmark ble reddet fra nazistenes folkemord» (Grue, 2019). Han argumenter for jødane si historie i Noreg og Danmark er svært ulike.

Grue framhevar at jødane i Danmark først og fremst hadde betre føresetnadar enn jødane i Noreg. Han går heilt tilbake til 1600-talet for å understreke sitt poeng i korleis jødane i Danmark var mykje meir integrert enn jødane i Noreg: I Danmark kunne jødane då busetje seg, og antisemittisme var i tillegg ikkje lov å fremje i landet, medan det i Noreg ikkje var tillat for jødar å busetje seg før i 1851 (Grue, 2019). Dette kan tolkast som at det dermed også kan ha vore færre fordømmar mot jødar i Danmark enn i Noreg – noko som igjen kan ha påverka innsatsen som vart lagt inn for å redde dei frå nazistane under krigen. Dette kan sjåast i samanheng med Godøy (2018) sitt argument, i kapittel 5.3.1., om at Noreg var på sitt mest rasistiske på denne tida.

Situasjonen under sjølve okkupasjonen var også svært ulik, ifølgje Grue: Då landa vart okkupert, fekk Danmark behalde si regjering og stort sett styre seg sjølv – noko som ikkje var situasjonen i Noreg. Motstandsmannen Kaare Dyvik har også poengtert at den «nazityske okkupasjonen av Norge var spesielt brutal sammenlignet med for eksempel Danmark» (Dyvik, 2018). Grue skriv at danskane var tydelege på at fjerning av jødane ville skape problem for det dansk-tyske samarbeidet, noko okkupasjonsmakta respekterte – heilt fram til 1943. Han framhevar viktige og avgjerande faktorar som skapa ein vellykka redningsaksjon av dei danske jødane då okkupasjonsmakta i 1943 først bestemte seg for å deportere jødane likevel: Varslinga gjekk raskt, hjelpa kom frå heile nasjonen og føresetnadane for aksjonen låg også langt betre til rette hausten 1943 enn det som ville vore mogleg hausten 1942 (Grue, 2019).

Poenga Grue og Dyvik argumenterer fram i debatten vil kunne grunngje kvifor dette temaet er meir kontroversielt og mindre forska på i Noreg enn i Danmark. Basert på dette, samt det Michelet skriv om at forskinga i Danmark «for lengst» har dekkja dette temaet, kan denne delen av den danske okkupasjonshistoria lenge ha vore ein del av kollektivforteljinga om Danmark under krigen. I og med at «heile nasjonen» deltok i å redde jødane over til Sverige, kan det i tillegg vere ei helteforteljing i det danske minnet om krigen. Dermed blir det også sjølvstapt at temaet ikkje vil stå fram som like kontroversielt som i Noreg.

6.2. Etiske vurderingar

6.2.1. Forskingsetikk i grenseland

Historieprofessor Kjetil Jacobsen har under overskrifta «Marte Michelet forstår ikke forskningsetikk» skrive eit innlegg i Morgenbladet som i stor grad omhandlar temaet dette delkapittelet tar for seg. Han er tvilende til Michelet sine framgangsmåtar:

[Det er] tvilsomt om boken tåler en etisk vurdering, enten det nå er sakprosaforfatternes etiske sjekklister, journalistenes Vær Varsom-plakat eller forskningsetikken som gjelder. *Hva visste hjemmefronten* er en dokumentarbok om et historisk tema skrevet av en journalist, og Michelet beveger seg i et grenseland mellom sakprosa, journalistikk og forskning. Alle tre etiske normverk stiller imidlertid klare krav til etterrettelighet i omgang med kildene, ganske særlig når enkeltmenneskers omdømme står på spill. Samtidig er normverkene forskjellige, og noe av bitterheten i diskusjonen har rot i disse forskjellene. (Jacobsen, 2021)

Det Jacobsen påstår er problematisk i Michelet si bok er nettopp den kollisjonen mellom dei ulike fagdisiplinane sine etiske retningslinjer. Han poengterer at forskningsetikken er «strengere og mer detaljert enn tilsvarende plakater for sakprosa og journalistikk» (Jacobsen, 2021). Ifølgje han er det kombinasjonen av det metodiske som gjer boka problematisk. Jacobsen legg også til at Michelet ikkje er forplikta til forskningsetikken slik faghistorikarane er, men understrekar at dette mogleg ikkje er like tydeleg for lesarane av boka:

Forfatteren stiller gode forskningsspørsmål, og hun besvarer dem med det som *ser ut* som vitenskapelig metode. Hun griper eksplisitt inn i en fagdebatt og påvirker offentlighetens syn på historien og historieforskningen. Derfor er det gode grunner til å undersøke hvordan *Hva visste hjemmefronten* ville blitt vurdert om det var forskning, og særlig da hvordan boken står seg i et forskningsetisk lys. (Jacobsen, 2021)

Lesarkontrakta, som på same måte som sjåarkontrakta stiller autentisitetsforventingar til publikasjonen (Stugu, 2021, s. 123), blir slik sett uklar i Michelet si sakprosabok, ifølgje Jacobsen sin argumentasjon. At Michelet mogleg har misforstått forskningsetikken blir det også argumentert for i avisinnlegget. Jacobsen siterer eit eldre intervju av Michelet der ho har uttalt at:

historieskrivning er ikke så veldig ulikt journalistikken. En helt sentral del av begge fagene er å utvise kildekritikk. For både historiefaget og journalistikken handler det om å finne så mange ting som mulig som bekrefter ens påstander, før en publiserer noe. (Michelet, 2019, sitert i Jacobsen, 2021).

Ifølgje Jacobsen har manglande forskningsetisk kunnskap og dei journalistiske framgangsmåtane skapt betydelege konsekvensar. Han argumenterer at det Michelet forklarar i sitatet over står i strid «mot grunnprinsippene både for kildekritikk spesielt og vitenskapelig metode generelt» (Jacobsen, 2021). Grunngevinga er at «forskere er forpliktet til å lete også etter det som taler mot egne hypoteser og å skrive slik at leseren blir kjent med usikkerhet og motargumenter» (Jacobsen, 2021).

Med bakgrunn i dette ser det ut til at ein deltakande historiekultur, der også andre aktørar enn faghistorikarar forsøker å bidra til historieskrivinga, har sine problematiske sider. I

denne samanheng er det Michelet sin posisjon som ein journalist med historieinteresse som skapar utfordringane, medan faghistorikarane ender opp med å korrigere ho offentleg i samfunnsdebatten.

6.2.2. «Å henge ut enkeltpersoner som ikke lenger kan forsvare seg»

Som Jacobsen har vist, innrømmer Michelet at ho leita etter kjeldene som kunne bekrefte hennar påstandar i boka, noko han uttrykker som eit selektivt utval kjelder. Ifølgje han vil ikkje dette berre «gi dårlig og feilaktig historieskrivning», men også bli eit etisk problem «når fremstillingen kommer med så mange krenkende påstander mot enkeltpersoner som har nære levende slektninger» (Jacobsen, 2021).

I debatten kjem det til uttrykk at Michelet i boka ikkje viser etiske omsyn overfor motstandsfolka eller deira etterkommarar i hennar framstilling av enkeltpersonar i heimefronten. Moland er ein av dei som meiner at boka til Michelet ikkje held mål kjeldekritisk, fagleg og etisk, og skriv blant anna at «De som kunne ha tatt til motmæle er, med få unntak døde. Og en av de mest sentrale, som ennå lever [Ragnar Ulstein], er blitt en skyteskive i boka» (Moland, 2018).

Når det gjeld behandlinga av Ulstein beskriv Moland boka som «etisk uholdbar» (Moland, 2018). For å grunnje dette viser han til ein dialog han hadde med Ulstein der Ulstein tilsynelatande kjenner seg svikta av Michelet. Ulstein forklarar at han gjerne skulle sett eit avsnitt av det ho hadde skrive om han før det vart publisert. Sjølv hugsar han lite frå møtet med Michelet (Moland, 2018). Michelet forsvargar seg sjølv i denne saka med at opptaka av intervjuet hennar med Ulstein vart tatt på band, og at sitata er rein avskrift. Derfor meiner ho det heller ikkje var behov for at Ulstein trengte å ta ein sitatsjekk (Michelet, 2018a).

Hilde Vesaas understrekar at nyansering av historia er bra, men kritiserer Michelet på det etiske arbeidet: «Å henge ut enkeltpersoner som ikke lenger kan forsvare seg, er imidlertid ingen god metode for historieskrivning» (Vesaas, 2018). Ein av etterkommarane, Bjørn Gjelsvik, meiner på lik linje med Moland at Michelet har vore uærlig i kjeldebruken hennar, og at dette har ført til feilaktige framstillingar av hans far. Han skriv at Michelet sine påstandar er «sårende og fornærmende for dem det gjelder» (Gjelsvik, 2020).

Også son av den sentrale motstandsmannen Alf T. Pettersen, Jon Elling Whist, meiner hans far blir framstilt feil i Michelet si bok, noko som plagar han enno. I følgje advokat Johan

Christian Elden, vurderer fleire av etterkommarane å gå rettens veg for at boka skal bli tilbaketrekt frå marknaden. Han uttaler at «Det er svært viktig for dei når deira forfedrar, som er heltar, blir skjelt ut og hengt ut på måtar det ikkje er dekning for og ikkje kjeldemessig grunnlag for» (Solheim et al., 2020). Desse etterkommarane har sjølv uttalt dette i debatten:

Marte Michelet tillegger våre fedre og besteforeldre dypt uetiske motiver og holdningar, og mener disse «skyggesidene» forsinket og begrenset innsatsen for å berge jødene og dermed var årsak til at flere endte i nazistenes dødsleirer. Fra å være sett på som hjelpere, blir de nå gjort medansvarlige. De vi trodde var våre forbilder, skal ha sviktet vårt samfunns grunnleggende idealer, skal vi tro Michelets framstilling. (Gjelsvik et al., 2020a)

I sitatet over er etterkommarane tydeleg ueinig med Michelet sin framstilling av deira foreldre. At Michelet «tillegger» deira foreldre uetiske motiv og haldningar, tyder på ei oppfatning om at ho skapar eit narrativ som ikkje har grunnlag i den opplevde verkelegheita dei sjølv har. Denne behandlinga av motstandsfolka er ifølgje Jacobsen brot på dei forskningsetiske retningslinjene punkt 16 som går ut på at «forskeren ikke skal tillegge aktører lite aktverdige motiver uten å kunne gi overbevisende dokumentasjon og begrunnelse» (Jacobsen, 2021). Dei forskningsetiske retningslinjene er utvikla av Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH), og har ansvar for å stille «klare krav til hvordan forskere behandler informasjon og forholder seg til enkeltmennesker» (Jacobsen, 2021). Sjølv er Jacobsen medlem av komitéen, men deltar i denne debatten på eigne vegne. NESH har ikkje vurdert Michelet si bok (Jacobsen, 2021).

Jacobsen skriv at det er tvilsamt at etterkommarane vil nå fram ved å gå rettens veg ettersom «ytringsfriheten er godt beskyttet, og det er uklart i hvilken grad lovverket gir avdøde personer et vern mot injurier» (Jacobsen, 2021). Likevel har han funne nokre punkt i dei forskningsetiske retningslinjene han meiner Michelet har gjort brot på. Michelet har til dømes fått kritikk for tøyning og feiltolking av kjelder som har ført til feilaktige framstillingar av enkeltpersonar, og ifølgje Jacobsen er dette i lys av punkt 37 spesielt alvorleg. Der står det at «kravene til kildemateriale og holdbar argumentasjon får spesiell vekt når forskningen kan få konsekvenser for omdømmet eller integriteten til enkeltpersoner» (Jacobsen, 2021).

Jacobsen legg til at «dette også gjelder for omdømmet til avdøde mennesker», og refererer til punkt 17 i dei forskningsetiske retningslinjene (Jacobsen, 2021).

Michelet forklarar at ho har møtt på fleire dilemma i arbeidet, og har «stor forståelse for at noen av funnene er vonde å ta inn for etterkommere av omtalte personer» (Michelet, 2018b). Grunnen til at ho valte å publisere til tross for dette, er fordi det fantes andre etiske vurderingar som ho meiner var viktigare å prioritere:

Jeg kunne ha tatt hensyn til det og valgt ikke å publisere det jeg fant. Men etter mitt syn ligger den største etiske forpliktelsen i å forstå og beskrive de forfulgtes situasjon slik den virkelig var. Det skylder vi ofrenes etterkommere, og ikke minst de ofrene som aldri fikk noen etterkommere fordi de ble myrdet. (Michelet, 2018b)

På denne måten vurderte Michelet etiske omsyn overfor ofra som viktigare enn etiske omsyn overfor motstandsfolka. Sidsel Levin ser derimot på Michelet sin historieskriving som problematisk også for ofra og dei overlevande jødane: «er det lojalt mot ofrene og overlevende å klippe og mistolke kilder slik at motstandsfolk feilaktig fremstår som antisemitter? Trenger vi å skape flere av dem? Var de ikke mange nok? En slik historieskriving legger bare sten til byrden» (S. Levin, 2020).

Tidlegare formann og forstandar i Det mosaiske trossamfunn i Oslo, Rolf Kirschner, har eit liknande synspunkt. I eit debattinnlegg fortel han at Michelet si bok har skapt stor debatt også innanfor det jødiske miljøet, og at mange var ueinige med konklusjonane i boka (Kirschner, 2020). Kirschner er tydeleg på kva han sjølv meiner om saka: «Som norsk jøde kan jeg ikke akseptere at mitt samfunns 'offerrolle' og historie baseres på at historiske fakta endres, og at flere navngitte personer, spesielt politimannen Alf Pettersen, som satte livet på spill utallige ganger, får sine navn besudlet» (Kirschner, 2020).

Behandlinga av Carl Fredriksens Transport og Alf T. Pettersen blir omtalt av Jacobsen (2021) som «det mest graverende etikkbruddet» i boka og vil bli ytterlegare utdjupa i kapittel 7.1.3. Det som er interessant her er at Kirschner og Sidsel Levin argumenterer for at Michelet ikkje lykkast i sjå historia frå ei jødisk perspektiv heller. Når Michelet får kritikk for mangel av heimefronten sitt perspektiv, samt at ho formidlar jødane sitt perspektiv på feil premiss, er det grunnlag for å stille spørsmål om kva ho eigentleg har basert sitt narrativ på.

6.2.3. Når kunstnariske fridommar går utover verkelege personar

Atlantic Crossing har også fått kritikk for at deira «feilaktige framstillingar» går på kostnad av det etiske. Kristiansen og Rem meiner «Atlantic Crossing forsyner seg grovt av historien og av enkeltmenneskers liv» (Kristiansen & Rem, 2020a). Dei skriv at det er påfallande at NRK verken har hyra inn fagkonsulentar i serien, eller brukt tid på etikk. I tillegg kritiserer dei Kjøhn sine utsegn om at serien er interessant gjennom å vise «velkjente familiekonflikter»: «Det er åpenbart mindre viktig at 'inspirasjonen' mangler basis i sannhet, og at den går utover virkelige personar» (Kristiansen & Rem, 2020c).

Når Kjøhn påstår at serien er «ren fiksjon» meiner Kristiansen og Rem at han fortrenger «hvordan serien er blitt presentert og stadig presenteres», og «ignorerer at dette handler om historiske personar» (Kristiansen & Rem, 2020c). Igjen kjem det til uttrykk at sjåarkontrakta blir uklar – der fiksjon inneheld verkelege personar.

Medieitar Sara Brinch fortel at det er naudsynt å ta seg nokre kunstnariske fridommar når ein lagar film og TV ettersom historiske kjelder ikkje vil gje eit samanhengande bilde. Ho legg til at dette likevel ikkje kjem utan konsekvensar og risiko: «*Pårørende* kan reagere på at slektningar får andre roller og karaktertrekk enn de hadde» (Pettrøm & Schwencke, 2020).

Ifølgje Kristiansen og Rem ser det også ut til at framhevinga av kronprinsesse Märtha si rolle under krigen har gått på kostnad av framstillinga av andre sentrale aktørar:

Når noen skrives opp fordi det passer en fiks idé og et dramaturgisk formål, må andre nødvendigvis skrives ned. Dermed fratras de virkelige historiske aktørene all ære. I *Atlantic Crossing* går det ikke bare utover britene, det amerikanske statsapparatet og norske politikere, men også den norske kronprinsen. Kritikere har påpekt at Olav reduseres til en sjalu og urimelig ektemann. Men han kommer riktignok godt ut av det sammenlignet med arbeiderpartiregjeringen. (Kristiansen & Rem, 2020a)

Kristiansen og Rem argumenterer at desse framstillingane «inneholder graverende desinformasjon» og at det er «vanskelig å akseptere at kongen og kronprinsen blir gjort til rekvisitter i seriemakernes krigsfantasier, på tvers av all kunnskapen vi har om deres virkelige roller» (Kristiansen & Rem, 2020a). Dei meiner det er pussig at framstillinga i *Atlantic Crossing* er «selektiv og manipulert», til tross for at «historien er godt kildebelagt og analysert» (Kristiansen & Rem, 2020a). Det blir tydeleg at desse framstillingane som

opplevst som falske eller misvisande skapar reaksjonar. Ifølgje Brinch handlar dette om at framstillingane bryt med etablerte narrativ og historiske fakta (Pettrøm & Schwencke, 2020).

6.3. Makt og ansvar

6.3.1. NRK og Gyldendal som publiseringsplattform

I debattane har tilliten til NRK og Gyldendal forlag vore diskutert i samband med sending av dei to TV-seriane og publisering av Michelet si bok. Begge desse har, som statskanal og stort norsk forlag, påverknadskraft hos det norske publikum. Med dette følger det også eit ansvar. Kritikken handlar blant anna om ukritisk kjeldebruk, uetisk arbeid, og for svak kvalitetskontroll av arbeidet. I debatten om *Hva visste Hjemmefronten?* er det også gått så langt at det er kome inn forslag om å trekke boka tilbake.

I debatten om *Frontkjempere*, meiner Nina Grünfeld at kritikken som kjem fram «rammer NRK som institusjon» (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021b). Ho peikar på korleis NRK strider imot det ho meiner er deira samfunnsoppgåve:

Etikkredaktør Per Arne Kalbakk skriver at det ikke er NRKs oppgave å sensurere. Jeg vil si at det heller ikke er NRKs oppgave å agitere for fornektende frontkjempere.

Deres oppgave som allmennkringkaster er å gjøre oss klokere – og fortelle hva det vil si å være menneske. Denne serien gjør det motsatte. (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021b)

Kalbakk er ikkje einig i påstanden om at NRK agiterer «for fornektende frontkjempere» ettersom dei belyser fleire synspunkt frå både frontkjemparar og historikarar. Grünfeld meiner derimot at dette ikkje er godt nok, og understrekar at dei burde ha heldt seg endå meir kritisk og analytisk til frontkjemparane i serien (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021b).

I debatten om *Atlantic Crossing*, påpeikar historikar Ivo de Figueiredo at statskanalen har eit ansvar i å tydeleggjere skiljet mellom fakta og usannheiter, og meiner dei undergrev dette skiljet. NRK stiller opp med eigen faktasjekk for kvar episode av serien, noko Figueiredo påstår er for å kome kritikarane i forkjøpet (Figueiredo, 2020). Kristiansen og Rem deler same synspunkt og utdjupar her at NRK sine faktasjekkhar ikkje viser til nokre av dei betydingsfulle feila. Dei skriv at desse faktasjekkane som blir lagt ut gir inntrykk av at «serieskaperne har oversikt over alle 'feil', og at det vesentlige er historisk korrekt» (Kristiansen & Rem, 2020b). Dei meiner statskanalen på denne måten gir serien «et objektivt

skinn», og argumenterer for at «å fremstille dette som 'faktasjekk', undergraver ideen om faktasjekking» (Kristiansen & Rem, 2020b).

Kristiansen og Rem legg også eit ansvar på NRK når det gjeld vidareføring av historisk kunnskap som inneheld usannheiter. Dei skriv at «I markedsføringen forsikres seerne om at de her får en historie med ankerfeste i historisk kunnskap, basert på imponerende 'research'», noko dei meiner er misvisande:

Snarere minner den om revisjonismen som florerer i historieskrivingens eksotiske utmarker, og som NRK burde være varsomme med å legitimere. Fordi fortellingen er underlagt såpeoperaens dramaturgi, har serieskaperne tilsynelatende måttet blåse den seriøse biografiske, historiske og dokumentariske litteraturen fra de siste 80 år i luften. (Kristiansen & Rem, 2020a)

Ut ifrå kritikken serien har fått, og debatten den har skapt, stiller Kristiansen og Rem spørsmålet om dette verkeleg er «et kunnskaps- og historiesyn NRK kan stå inne for?», og uttrykker at det kan påverke NRK sitt omdømme (Kristiansen & Rem, 2020b).

Gyldendal sitt omdømme blir også satt på prøve i debatten om Michelet si bok. Spesielt er kvalitetskontrollen av boka eit diskusjonsemne. Historikarane og forfattarane av motboka *Rapport frå ein gjennomgang av Hva visste Hjemmefronten?*, Elise B. Berggren, Bjarte Bruland og Mats Tangestuen, reagerer på metodane til Gyldendal Forlag:

At Michelets bok har sluppet gjennom det Gyldendal kaller en «omfattende kvalitetskontroll», er én sak. At forlaget i tillegg avviser bevis på omfattende og alvorlige feil i en av deres bøker, er spesielt nedslående. Slik Gyldendal uttrykker seg nå, fremstår de som lite tillitvekkende, og de går på tvers av akademiske tradisjoner. (Berggren et al., 2020a)

Advokaten til fleire av motstandsfolka sine etterkommarar har i debatten også uttalt at: «Dei [etterkommarane] kan ikkje forstå at Gyldendal, som eit ansvarleg forlag, kan gi ut ei slik bok utan noko som helst form for kjeldekritikk» (Solheim et al., 2020). Han legg til at dei ønsker at Gyldendal trekker boka tilbake, og håpar på at nokon vil ta ein grundigare gjennomgang av den. Dei forventar også ein unnskyldning frå Gyldendal for å ha publisert dette verket med det dei meiner er feilaktige framstillingar av sine foreldre og besteforeldre (Solheim et al., 2020).

Etterkommarane uttrykker ein sterk mistillit til Gyldendal som forlag når dei skriv at «Gyldendal Norsk Forlag har gitt ut en bok som setter frem grove ærekrenkende påstander mot våre fedre og besteforeldre ved hjelp av ytterst kritikkverdig kildebruk» (Gjelsvik, Berggrav, Hauge, et al., 2020b). Dei meiner det har blitt gjort etiske brot i denne publikasjonen, og det er tydeleg at Gyldendal blir opplevd å ha eit overordna ansvar i denne saka. Etterkommarane har også understreka at dei ikkje er ute etter sensur, og forslår at kjeldene gjerne må analyserast på nytt, men at dei forventar at ei sakprosabok frå eit «velrenommert forlag» består av etterretteleg arbeid (Gjelsvik, Berggrav, Hauge, et al., 2020a).

Gyldendal påstår i debatten at dei er bevisst over ansvaret dei har som forlag, og understrekar at å gå gjennom boka saman med tilbakemeldingane, vurderingane og innvendingane tar tid, og er eit arbeid dei ikkje vil forhaste seg i. Til etterkommarane av motstandsfolka svarar dei følgande: «Vi vil også følge opp alle involverte – og om det fremkommer grunnlag for beklagelse, vil vi gi det. Vi etterstreber å være grundige, etterrettelige og imøtekommende» (Magnus, 2020).

Tidlegare direktør ved Jødisk museum i Oslo, Sidsel Levin, kritiserer også Gyldendal forlag, og meiner dei fører ein ansvarslaus marknadsstrategi, der jødane si historie blir formidla på feil premiss: «Det er uforståelig at Gyldendal forlag fortsatt tør hevde at Michelet har 'endret vår kollektive forståelse av holocaust ved å se tragedien fra jødernes side'. Selv ønsker jeg ikke å være alibi for en slik marknadsstrategi» (S. Levin, 2020).

At Sidsel Levin ikkje ønsker å vere «alibi» for måten Michelet og Gyldendal har gått fram på, har grunnlag i at ho sjølv har vekse opp i eit jødisk miljø der foreldre og besteforeldre har vist takksamheit overfor sine redningsmenn under flukta i 1942 (S. Levin, 2020). På denne måten gir ho uttrykk for at det å sjå historia frå eit jødisk perspektiv ikkje kan brukast som unnskyldning for å henge ut motstandsmenn i den norske heimefronten – fordi det stemmer ikkje overeins med verkelegheita ho sjølv har vekse opp med.

Gyldendal Forlag sine metodar for kvalitetskontroll blir satt under tvil frå fleire hold. Etterkommarane spør: «Hvis konsulentene hadde fått studere kildene, ville det ha stanset boken?» (Gjelsvik et al., 2020a). Her refererer dei til måten fagkonsulentane vart brukt i kvalitetskontrollen. I ei sak i Morgenbladet vart to av konsulentane, Anette H. Storeide og

Tore Pryser, intervju. Storeide kunne fortelje at hennar jobb var å sjekke om argumentasjonen heldt, og legg til at ho ikkje hadde tilgang til kjeldematerialet Michelet brukte (Lunde, 2020b). Ho understrekar at ho hadde kritiske innspel, men opplevde at desse vart retta på:

Jeg forutsatte at faktaopplysningene var riktige og at kildene var riktig sitert. Hun er en etablert og premiært forfatter. Jeg så ingen grunn til å tvile på kildebruken og sitatpraksisen hennes. Jeg opplevde ikke at jeg hadde ansvar for dette heller, bare hvorvidt argumentasjonen holdt. (Lunde, 2020b)

Storeide gir også uttrykk for at motboka er viktig, og at det er grundig og omfattande arbeid. Når det gjeld kritikken mot Michelet sin kjeldebruk – med selektivitet og sitatkutt, har ho uttalt at «sitater skal ikke manipuleres for å passe til en bestemt tolkning, de skal gjenspeile helheten de er hentet fra», og legg til at «Det er skuffende å lese at så har skjedd, men jeg vil ikke spekulere på hva som har gått galt» (Lunde, 2020b).

Pryser argumenterer at det er krevjande å kontrollere kjelder, og meiner Gyldendal har gjort så godt dei kunne (Lunde, 2020b). Han gir uttrykk for at kjeldebruk ofte er eit tolkingsspørsmål, men at feilsitering sjølvstøtt er eit problem:

Alle historikere tar vurderinger om hva de skal begrense og hva de skal ta med når de viser til en kilde. [...] dette er et skjønsspørsmål man står overfor hele tiden. Men skriver du noe annet enn det som står i kilden, er det selvfølgelig ille. (Lunde, 2020b)

Historieprofessor Tor Egil Førland understrekar også kva for ansvar som følger ved publisering: «I det øyeblikk forfattere og forlag utgir en historiebok, undertegner de en implisitt kontrakt med leserne om å følge reglene for riktig kildebruk» (Førland, 2020). Slik også Pryser har sagt, meiner Førland at kjeldene kan tolkast ulikt, men er tydeleg på at det ikkje er rom for «misvisende sitater» (Førland, 2020).

6.3.2. «Hypotesebekreftande metode»

I debatten blir også maktbruk nemnt av Michelet. Ho påstår at faghistorikarane som har forska på okkupasjonshistoria har makt til å fremje eit bestemt narrativ av forteljinga om krigen, og at det lenge har vore eit ønskje om å kontrollere måten okkupasjonshistoria blir fortalt. På denne måten vil «sannheita om krigen» vere prega av monopolisering frå det historiske fagmiljøet (Harbo, 2018). Michelet framhevar spesielt Hjemmefrontmuseet sin

autoritet til bestemme kva for perspektiv som er godkjent og ikkje (Harbo, 2018). Michelet meiner denne makta vert synleg gjennom korrigering frå historikarar som er lite interessert i å diskutere med eit perspektiv som kjem «utanfrå». Faktumet at ho står utanfor dette historiske fagmiljøet påstår ho er ein føresetnad for at ho har klart å utfordre forteljinga om krigen med eit nytt perspektiv: «Jeg har ingen bindinger, og jeg har ingenting å tape – jeg trenger ikke forskningsmidler eller godvilje fra spesielle forskere eller institusjoner» (Harbo, 2018).

I denne samanhengen har Michelet uttalt at faghistorikarane og Hjemmefrontmuseet si makt og einsidige måte å formidle forteljinga om krigen på også kjem av eit for tett samarbeid med kjeldene sine: Med «heltane» og motstandsmenn på laget, og regelmessige samlingar, vil den naudsynte distansen til desse aktørane ein forskar på vere vanskeleg å halde (Harbo, 2018). I ein annan artikkel påpeikar ho også at Ulstein sin plass i Hjemmefrontmuseet og at det tette miljøet med motstandsheltane må takast i betraktning i spørsmålet om kvifor informasjonen Sønsteby kom med i Ulstein sitt intervju om varslinga ikkje vart undersøkt vidare den gongen (Lunde, 2018a).

På same måte som Michelet kritiserer okkupasjonshistorikarar for å fremje einsidige og selektive narrativ om krigen, får ho sjølv kritikk for å gjere akkurat det same. Både Vesaas og Jacobsen argumenterer for dette. Dei meiner Michelet konstruerer eitt bestemt narrativ der ho konsekvent leitar etter kjelder som kan støtte hennar perspektiv, utelet viktige detaljar som peikar i ein annan retning, vrir på kjelder og setter utsegn ut av kontekst (Jacobsen, 2021; Vesaas, 2018). Jacobsen beskriv dette som eit systematisk skeivt utval av kjelder (Jacobsen, 2021).

Fleire historikarar argumenterer også for at Michelet gjer systematiske feil i boka si. Historikar og fagleg leiar ved Jødisk Museum i Oslo, Mats Tangestuen, er ein av dei som sterkast har kritisert Marte Michelet for sitatfusk og selektivt kjeldeutval i boka om heimefronten (Lunde, 2020a; Tangestuen, 2018). Saman med Berggren og Bruland, har han funne ei rekkje feil i boka. Dei tre historikarane greier ut om kva for konsekvensar dette kan få: «Mange av feilene i Michelets bok er hypotesebekreftende. [...] Dessuten fører feilene ved flere tilfeller til en dominoeffekt: Feiltolkning av en kilde – for eksempel at en hendelse blir feildatert – kan føre til at også neste kilde blir feiltolket» (Berggren et al., 2020a).

Denne dominoeffekten finnast det også eit nyleg døme på: I debatten blir det nemnt at forlaget Vigmostad & Bjørke gav ut ei faktabok om andre verdskrig for barn der Michelet si bok vert brukt som kjelde. Nokre av motstandsfolka sine etterkommarar argumenterer for at det som stod i denne barneboka var feil (Gjelsvik, Berggrav, Hauge, et al., 2020b). Denne versjonen av barneboka vart til slutt trekt frå marknaden – nettopp på grunn av at den brukte *Hva visste Hjemmefronten?* som kjelde, og vidareførte Michelet sitt narrativ om heimefronten og jødane (Bjørhovde, 2021; Jacobsen, 2021).

Det som både Michelet og kritikarane meiner er hypotesebekreftande metodar å tolke historiske kjelder på, kan også tolkast som ein form for narrativitet. Lenz og Nilssen (2011, s. 17) forklarar narrativitet som ein måte å konstruere historie på, der første steg av prosessen går ut på å gjere eit utval av kva for delar av fortida ein vil belyse – og kva som eventuelt må ekskluderast. Dei skriv også at desse narrativa, eller forteljningane, kan «konstrueres på mange forskjellige og motstridende måter» (Lenz & Nilssen, 2011, s. 17). I denne samanheng samsvarar ikkje Michelet sitt narrativ med faghistorikarane sitt. Grunnen kan vere ulik historieforståing, men det kan også vere at Michelet ikkje behandlar kjeldene rett, slik det vert uttrykt i debatten.

6.4. Faglege ueinigheiter

6.4.1. Kritiske spørsmål og «bombastiske uttalelser» om Frontkjempere
Militærhistorikar og forfattar Knut Flovik Thoresen har påpeika spesielt to ting som historikarane er ueinige om når det gjeld dokumentarserien *Frontkjempere*:
Frontkjemparane sin motivasjon for å gå i tysk krigsteneste og deira deltaking i krigsforbrytingar (Thoresen, 2021).

Thoresen har sjølv deltatt i dokumentarserien og meiner at serien står fram som både kritisk og objektiv (Thoresen, 2021). Dette er det fleire historikarar som er ueinige i. Medan Thoresen grunnir sitt argument med at serien også inkluderer dei problematiske sidene av historia, samtidig som at det skapast ein balanse mellom frontkjemparane sin versjon og historikarane sine ulike syn (Thoresen, 2021), har fleire andre fagpersonar uttrykt eit sagn etter kritiske synspunkt i dokumentarserien. Filmskaparen Nina Grünfeld er ein av desse (Grünfeld, 2021).

Slik Kalbakk og Sjø gjer i kapittel 6.1., viser også Veum til førstehandsskildringar når han poengterer at «vi» ikkje var der da det skjedde, og «Dermed er det frontkjempernes versjon som blir utgangspunktet, selv om det kan være feilaktig» (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021a). Sjølv har han skrive to sakprosa-bøker om temaet, og opplever det som vanskeleg å få frontkjemparane til å opne seg om krigsforbrytingar i intervju. Han påpeikar at det kan bli utfordrande å stille kritiske spørsmål, men understrekar at det er viktig å gjere det. Han uttrykker i denne samanheng at han saknar kritiske spørsmål i intervju av frontkjemparane: «Hvis jeg skulle laget en slik dokumentar, ville jeg hatt kritiske spørsmål inne i intervjuene. Da viser du at frontkjemperne får motstand. Nå vet du ikke hva frontkjemperne svarer på, før det kommer en historiker med en generell betraktning» (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021a).

Regissør av serien, Alexander Kristiansen, påstår på si side at frontkjemparane vart stilt kritiske spørsmål, og framhevar poenget om at «også de intervjuede historikerne bidrar til å sette frontkjempernes fortellinger inn i en historisk kontekst og gir dem motstand» (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021a). Dette synspunktet deler han med både Thoresen og Kalbakk (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021b; Thoresen, 2021).

Både Thoresen og representantar frå NRK meiner at det er ein styrke at faghistorikarane som deltar i serien om frontkjemparane er ueinige (Kalbakk & Sjø, 2021; Thoresen, 2021). Av dei sju historikarane som er med i serien, er det fire som har stilt seg kritisk til den i ettertid. Kalbakk har i eit intervju uttalt at dei var kjend med kritikken frå dei medverkande historikarane på førehand, og at regissøren gjorde endringar på bakgrunn av dette. Han forklarar at dei heile tida undervegs i prosjektet har tatt dei ulike historikarane sine synspunkt i betraktning (Bamle, 2021a).

Historikar Vegard Sæther er også ein av dei som har deltatt i serien. Både han og Thoresen meiner debatten har hatt ein usakleg gang med bruk av «bombastiske uttalelser» som kvitvasking og historieforfalsking, noko dei påpeikar har lite for seg då det berre bidrar til splitting og polarisering (Sæther & Thoresen, 2021). Dei legg til at dei meiner «det er en styrke at flere historikere er blitt lyttet til av serieskaperen, nettopp for at en så følelsesladet del av norsk krigshistorie skal være basert på et faktagrunnlag som kan dokumenteres og etterprøves» (Sæther & Thoresen, 2021).

Guri Hjeltnes, direktør ved senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter, har i ein kronikk hevda at det på «fagfeltet om de såkalte frontkjemperne, eller det man i forskermiljøer omtaler som Waffen-SS-frivillige, har HL-senteret mange års forskning å vise til» (Hjeltnes, 2021). Ho påstår også at «de fleste frontkjemperne kom fra NS-miljøet» og «hadde sterke antijødiske ideer allerede før de kom inn i Waffen-SS» (Hjeltnes, 2021). Sæther og Thoresen hevdar derimot at forskning- og faktagrunnlaget om frontkjemparane hittil har vore mangelfullt, og at ein derfor ikkje kan trekke generaliserande slutningar om frontkjemparane sine haldningar og motiv, slik dei meiner Hjeltnes gjer i sitt innlegg: «Tidligere forskning om de norske frontkjemperne er mangelfull og gir ikke grunnlag for å trekke generaliserende slutninger» (Sæther & Thoresen, 2021). Dei argumenterer vidare at «Det øvrige materialet var heller ikke gjennomgått og systematisert i sin helhet – før nå nylig. Det viser også at HL-senteret har operert med manglende tall- og faktagrunnlag i sin forskning» (Sæther & Thoresen, 2021).

Ut ifrå det som kjem fram over, er det ulike oppfatningar av kor godt dekkja dette temaet er i forskinga. Å argumentere kritisk mot framstillinga av frontkjemparane i serien utan nok grunnlag i empiriske fakta blir, ifølgje Sæther og Thoresen, lite konstruktivt (Sæther & Thoresen, 2021).

I TV-programmet *Debatten* på NRK stiller Sørli seg kritisk til dokumentarserien, og er i stor grad ueinig med Sæther sine utsegn om empirien (Solvang, 2021, 14:59-16:31). Sørli skriv også i sin studie at forskingslitteraturen på feltet tidlegare har mangla eit «nedenfra»-perspektiv som kan belyse frontkjemparane sine egne tankar, erfaringar og åtferd. Dette perspektivet undersøker han i sin studie (Sørli, 2015, s. 421). I studien viser han til korleis frontkjemparlitteraturen lenge har forklart dei frivillige sine motiv som eit ønske om norsk sjølvstende, antikommunisme og sympati for Finland etter vinterkrigen – dei same patriotiske motiva som nordmenn på alliert side. Han argumenterer for at dette perspektivet er misvisande (Sørli, 2015, s. 423). Dette synspunktet fremjar han også i debattprogrammet (Solvang, 2021, 13:54-15:05).

Sørli sine funn viser at rekrutteringa må «forstås som et produkt av SS' raseideologi» (Sørli, 2015, s. 421). Dette innebar at både sympati for nasjonalsosialismen, rasistiske og antisemittiske førestillingar inngjekk som element i vervingsmotiva (Sørli, 2015, s. 111, 421-

423). Som vi såg i kapittel 5.2., var desse faktorane likevel ikkje alltid tilstrekkeleg, og andre ikkje-ideologiske motiv kunne derfor vere avgjerande årsaker for at nokre valde å verve seg.

Med utgangspunkt i Sørli sin studie, og ytringane hans i debattprogrammet, har ikkje Hjeltnes nødvendigvis feil i hennar «generaliserande» påstandar i debatten. Påstandane ho kjem med høyrer til det Sørli har forklart som hovudårsaker, bakenforliggende årsaker og «nødvendige, men ikkje alltid tilstrekkelege» føresetnadar for verving til Waffen-SS. Det han forklarar som utløyssande faktorar, tilleggsfaktorar og i nokre tilfelle avgjerande årsaker – ikkje-ideologiske grunner – bidrar til å nyansere frontkjempingane som menneske, og det er desse Sæther og Thoresen forsøker å framheve i sine argument.

6.4.2. «Et lærestykke i dobbeltkommunikasjon»

I debatten om *Atlantic Crossing* er det uklarheit over korleis serien skal betraktast: som eit historisk verk eller som fiksjon. Kritikaner meiner måten serieskaparane forsvargar seg i debatten «er et lærestykke i dobbeltkommunikasjon» (Kristiansen & Rem, 2020b).

Kommentator Frank Rossavik forklarar det slik: «Serieskapernes og NRKs største troverdighetsproblem er at de ikke klarer å bestemme seg. Det ene øyeblikket glemmer de seg bak et skjold med påskriften «fiksjon». Det neste skryter de av historisk nybrottsarbeid» (Rossavik, 2020).

Figueiredo, Kristiansen og Rem kritiserer denne «dobbeltkommunikasjonen». Utdjupande handlar kritikken om at serieskaparane insisterer på sannheit, kjeldebelegg og historiske fakta, men så straks dei får innvendingar frå historikarar om faktafeil forsvargar dei seg med «kunstnarisk fridom» og fiksjon, og nektar for at dei har påstått at serien er sann (Figueiredo, 2020; Kristiansen & Rem, 2020b).

Ifølgje Figueiredo kan dobbeltkommunikasjonen komme av at «filmatiseringene står og faller på at publikum oppfatter fortellingen som historisk sann» (Figueiredo, 2020). Som vi også var inne på i kapittel 4.2., vil krigen som opplevingsunivers få sin tyngde når realismeaspektet står sentralt (Eriksen, 1995, s. 142). Ein kan dermed stille spørsmål ved kor mykje fakta ein fiksjonsserie kan innehalde før den ikkje lenger engasjerer publikum på same måte, og kor lite fakta den kan innehalde før den «mister sin tyngde».

Køhn svarar på kritikken om dobbeltkommunikasjon, og skriv at «selv om man tilstreber det historiske korrekte, så vil en dramaserie alltid være fiksjon» (Køhn, 2020b). Han seier at NRK

tar til seg denne kritikken, men han verkar tilsynelatande å meine at dobbeltkommunikasjonen går begge veier når han skriv at også historikarane vil «akseptere at en dramaserie kan være fiksjonell, samtidig som de kan være kritiske til dramaets historiske uriktigheter» (Køhn, 2020b)

På same måte som i debatten om *Frontkjempere*, blir ueinigheit og ulike synspunkt frå historikarar i den offentlege debatten sett på som ein styrke (Køhn, 2020b). Køhn legg til at «det er bra at andre medier enn NRK griper fatt i dramatiserte enkelthendelser i serien og gir andre – og kanskje mer historisk korrekte – versjoner av det som skjedde» (Køhn, 2020b). På denne måten gjer Køhn det tydeleg at NRK er open for at oppdikting og eventuelle feil i serien blir retta på i samfunnsdebatten. Slik kan ein også nærme seg eit meir riktig bilde av dei faktiske hendingane som blir framstilt.

6.4.3. «Bokkamp er samfunnsdebatt på høyt nivå»

Hva visste Hjemmefronten? vart etterfølgd av ei motbok, skriva av tre historikarar. I tillegg kom det endå ei motbok, samt eit tilsvar til den første motboka. Debatten, eller bokkampen, handlar om tolking av kjeldene, feilaktige framstillingar, forskningsetikk og kjeldebruk.

Forfattarane av motboka, *Rapport frå ein gjennomgang av Hva visste Hjemmefronten?* (2020), Elise B. Berggren, Bjarte Bruland og Mats Tangestuen, har kritisk gått gjennom kjeldene til Michelet. Som nemnt fleire gongar i dette kapitlet, er det systematiske feil som gjer at dei ikkje opplever Michelet si bok som «sannhetssøkende»: Selektivt kjeldeutval, hypotesebekreftande metode, sitatkutt og mangelfull kjeldevising. Ifølgje dei gjer Michelet brot på ei uskriven samfunnskontrakt om at faglitteratur skal vere etterretteleg. Dei meiner at feila dei har avdekkja i boka var «så mange og så alvorlige» at det måtte ein grundigare gjennomgang til – i bokform (Lunde, 2020a).

Etter utgivinga av denne motboka, vart det igjen liv i debatten. Søybe og Solberg er blant dei som meiner historikarane driver med flisespikkeri i sin kritikk av Michelet. I ein kronikk siterer Solberg Aftenposten sin anmelder på at «de tre kritikerne gir inntrykk av å lese Michelet som fanden leser Bibelen», og seier seg einig med dette (Solberg, 2020). Han påstår at Michelet sine hovudkonklusjonar, trass kritikken, står like støtt som før (Solberg, 2020).

Søybe argumenterer at dei tre historikarane har gått for detaljert til verks, og meiner dei heller kunne brukt tida si på meir verdifull forskning. Han oppfattar at dei «overser det store

bildet mens de jakter på faktafeil med lupe» (Selmer-Anderssen, 2021b). Denne observasjonen såg vi også i debatten om *Atlantic Crossing*, der kritikarane tilsynelatande er meir opptatt av detaljar, medan forsvararane i større grad ser betydinga av «det store bildet».

Søbye konkretiserer argumentet sitt ved å skrive at historikarane «behandlar krigshistorien som om det var naturfag. At det først kommer en hypotese, som senere kan sjekkes» (Selmer-Anderssen, 2021b). Han poengterer at det ikkje er slik ein skal gjere det med historiefaget. Sjølv har Søbye i etterkant publisert ei motbok til historikarane sin rapport (Selmer-Anderssen, 2021b). Michelet meiner på same måte som Søbye at «prosjektet om å lage en 'motbok' fører til en fastlåst og lite konstruktiv tenkning – som går på bekostning av å granske materialet med åpent sinn» (Lunde, 2020b). Argumenta viser at boka til Michelet blir forskingsobjektet i rapporten, heller enn sjølve saka.

Ein annan påstand som kjem fram i debatten er at forfattarane bak motboka er meir lojale mot heimefronten enn med jødane. Berggren, Bruland og Tangestuen meiner i denne samanheng at dei blir tillagt eit motiv dei ikkje har. Dei understrekar at dei ikkje avviser økonomiske motiv i deler av fluktapparatet, eller tilfelle av antisemittisme i motstansbevegelsen. Det dei stiller seg kritisk til, derimot, er om desse framstillingane har grunnlag i kjeldene (Berggren et al., 2020a).

Kommentator Andreas Slettholm kan også tenke seg frustrasjonen for historikarane: «Faghistorikere har interessert seg for temaet i flere tiår. For dem som ikke bare har pirket, men brukt store deler av sin karriere på slikt, må det være frustrerende nå å bli oppfattet som voktere av den patriotiske minnekulturen» (Slettholm, 2020). Han har ei oppfatning av at historikarane i motboka ikkje avviser ikkje antisemittismen i Norge, men heller river opp sentrale delar av bildet Michelet har skapt. Til dømes avslører motboka at førehandsvarslinga lite sannsynleg var så konkrete og hendte så tidleg som Michelet hevdar. I tillegg vert det i motboka argumentert for at antisemittisme og profittmotiv tvilsamt skal ha prega fluktapparatet i så stor grad som Michelet vil ha det til (Slettholm, 2020).

Det blir også uttrykt takksamheit for at forfattarane av motboka har gjort eit grundig arbeid i å avdekke feil i Michelet si bok. Kirschner er blant dei som oppfattar motboka som ein påliteleg kvalitetskontroll av Michelet si bok (Kirschner, 2020). Sidsel Levin poengterer i eit

debattinnlegg at «Forskernes detaljerte gjennomgang av det omfattende kildematerialet påviser ikke bare noen enkeltfeil. Den avdekker også hvor selektivt Michelet har valgt ut deler av kildeutsagn – og også gjort endringer – for å finne støtte til sine konklusjoner» (S. Levin, 2020). Når faghistorikarane når ut offentleg slik dei har gjort her, i både debatt og med motbok, trer dei inn i rolla som *historians in public* (Tosh, 2014, s. 211). På denne måten bidrar dei til den allmenne historieforståinga, noko som ser ut til å bli verdsett av fleire.

Michelet meiner på si side at store delar av motboka støttar hennar konklusjonar – og ikkje motsett. Ho oppfattar deira bok som litt nærsynt, og meiner eit samarbeid mellom ho og historikarane i utforskinga av temaet ville vore betre enn at dei leitar etter feil i boka hennar (Michelet, 2020). Ho uttrykker også at føresetnadane for forskingsarbeidet har vore ulikt: «i tett samarbeid med Hjemmefrontmuseet har forfatterne kunnet dekke over langt mer enn jeg alene klarte å gjøre, og dermed har de funnet fram til en hel del interessante nye kilder» (Michelet, 2020). Med desse kjeldene meiner Michelet at motboka «har brakt til overflaten nye dokumenter og kilder som styrker mine konklusjoner» (Michelet, 2020). Berggren, Bruland og Tangestuen meiner her at Michelet igjen feiltolkar kjeldene og argumenta dei legg fram i rapportboka (Berggren et al., 2020b).

Jacobsen roser Michelet sitt arbeid i å setje temaet på dagsorden, men understrekar viktigheita av at boka sine svakheiter og feil blir retta på:

Hovedpåstanden i boken om at mye mer kunne og burde vært gjort for å redde de norske jødene, er utvilsomt riktig. Diskusjonen rundt den har brakt kunnskap ut i offentligheten, og den har allerede generert ny og viktig forskning i form av en motbok. Dessverre har diskusjonen også gjort det klart at *Hva visste hjemmefronten* er en bok som ikke tåler å bli målt mot de relevante etiske standardene. (Jacobsen, 2021)

Ut ifrå Jacobsen sine ytringar her, kan Michelet si bok oppfattast som viktig nettopp fordi den skapte stor debatt, noko som igjen førte til auka merksemd rundt dei norske jødane sin skjebne under krigen. I tillegg vektlegg Jacobsen i sin argumentasjon at boka gjorde slik at faghistorikarar valte å gå enda grundigare inn i Michelet sine kjelder, der temaet vert belyst på ein meir fagleg og «korrekt» måte. Denne historiedebatten kan slik sett føre til eit meir opplyst og «revitalisert» publikum, som forklart i Tosh (2008, s. 138-139), og spele ei viktig

rolle for den demokratiske kulturen. Det er nok også dette Slettholm meiner når han skriv at vi må glede oss over retninga debatten har tatt, fordi «Bokkamp er samfunnsdebatt på høyt nivå» (Slettholm, 2020).

7. Fortida i notida

Spesielt i debatten om Heimefronten og Frontkjemparane har det blitt diskutert korleis historia blir tolka i dagens samfunn, og korleis historieskriving har utvikla seg etter samtidas kontekst. Det vert blant anna understreka at historia må bli forstått ut ifrå fortida sine premisser, og at kontekstualisering er viktig i historieskriving. I denne samanheng kjem det også fram at ein derfor ikkje må stå som ein «moralsk dommar» overfor menneske i fortida og fordømme deira handlingar ut ifrå dagens haldningar og moral. På den andre sida blir det argumentert for at kontekster i samtida vil føre til at ein stadig stiller nye spørsmål om fortida, og på denne måten kome vidare i historieskrivinga – og opne for meir nyanserte forteljingar.

7.1. I etterpåklokskapens lys

I debatten om *Frontkjemperne* understrekar Thoresen at motiva til frontkjemparane var samansett, og at ein skal vere forsiktig med å gje dei «komplekse nasjonalsosialistiske motiver» (Thoresen, 2021). Han argumenterer også at «å konkludere med at majoriteten av de norske frontkjemperne var involvert i krigsforbrytelser blir historiefaglig feil», og grunngrir dette med at det ikkje finnast nok empiri eller dokumentasjon som støtter denne førestillinga (Thoresen, 2021).

Ulfstein påpeikar at det er rimeleg å anta at motiva som leia fram til å bli frontkjempar var mange, og nemner oppvekstmiljø som ein av faktorane (Ulfstein, 2021). Dette har vi også tidlegare sett frå Sigurd Sørli sin studie. Vidare påstår Ulfstein at «det ikke er noe som tyder på at frontkjemperne hadde lavere moral enn folk flest», og stiller spørsmål om frontkjemparane sine versjonar, og erfaringar frå krigen, kan gje oss betydingsfull kunnskap til å motarbeide oppslutning om ekstreme og valdelege rørsler i dagens samfunn (Ulfstein, 2021).

Ut ifrå argumenta til både Thoresen og Ulfstein, kan det verke som dei støttar serien i framstillinga av frontkjemparane som «heile menneske», noko som også var eit diskusjonsemne i kapittel 4.2. Serieskaparen, Alexander Kristiansen, har uttalt i eit intervju at denne framstillinga av dei frivillige, og dramatiseringane i dokumentarserien, er viktig for å vise at «hvem som helst kan la seg radikalisere» (Bamle, 2021b). I likskap med dei ovannemnde, argumenterer også Eirik Veum for å menneskeleggjere frontkjemparane. Han poengterer at det kan vere med på å auke forståinga for korleis heilt vanlege menneske kan

vende ryggen til samfunnet og svike landet (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021a). Ut ifrå dette, og det som kom fram i analysen om bruken av dramatiseringar i dokumentarserien, ser det ut til at grensa mellom menneskeleggjering og skjønning av frontkjemparane til ein viss grad er diffus, noko som skapar ueinigheit om framstillinga av dei.

Å «menneskeleggjere» frontkjemparane, slik det blir omtalt i debatten, er eit argument for at det er viktig å ta i betraktning at også frontkjemparane var ei samansatt gruppe. Som Sørliie sin studie også viser: «Skoleelever, studenter, advokater, offiserer, leger, prester, lærere, håndverkere, skogs-og industriarbeidere, fiskere og småbønder» var blant dei frivillige (Sørliie, 2015, s. 90). Alderen på frontkjemparane var varierende, men det er «en utbredt forestilling at frontkjemperne var svært unge» – under 20 år (Sørliie, 2015, ss. 92-93). Eventyrlysten og fascinasjonen for soldatar og militærmakt var truleg ein draum som lokka unge gutar inn i Waffen-SS (Sørliie, 2015, s. 114). Vanskelege forhold heime og eit håp om betre framtidsutsikter var, som tidlegare nemnt, også ein grunn til å verve seg. Dette er «menneskelege» faktorar som påverka valet, og som ikkje nødvendigvis hadde noko med politikk eller ideologi å gjere.

Diskusjonsemne rundt moraliserande historieskriving og etterpåklokskap er endå meir framståande i debatten om Michelet si bok og heimefronten. Her omfattar diskusjonen tema slik som nordmenn sine haldningar overfor jødane, fluktapparatet og redningsaksjonen som skulle hjelpe flyktande jødar over grensa til Sverige. Ein stor del av diskusjonen handlar om kva heimefronten visste om jødedeportasjonane før jødane vart sendt ut av landet til konsentrasjonsleirer – spesielt etter at det vart kjent at Noregs fremste motstandsmann, Gunnar Sønsteby, skal ha uttalt at han hadde blitt informert om dette heile tre månadar i forvegen. Resten av dette delkapittelet vil derfor ta for seg desse diskusjonane i debatten om *Hva visste Hjemmefronten?*

7.1.1. «Den moraliserande historieskrivar»

Medan Michelet har blitt kritisert av historikarar for å vere for moraliserande i sitt arbeid, der ho tolkar historia frå eit notidsperspektiv, meiner ho sjølv at det i denne saka er omvendt: «Jeg mener det er motparten som har konstruert en moralsk fortelling, en oppbyggelig historie om at nordmenn var jødernes heroiske beskyttere» (Harbo, 2018). Hennes formål var å kartlegge kva som faktisk var realiteten for jødane.

Historikar Ole Kristian Grimnes har kritisert Michelet for å fremje eit snevert syn der ho ikkje ser på heimefronten sitt perspektiv (Grimnes, 2018; I. Levin, 2018). Professor Irene Levin tar Michelet i forsvar mot Grimnes. Poenget Michelet kjem med om at «kunnskapen om at alle jøder – menn, kvinner og barn – var i akutt livsfare, nådde frem til både utefronten og heimefronten, men ble ikke effektivt spredt til dem det gjaldt», blir ifølgje det Levin fortel avfeia av Grimnes som «moralisme» (I. Levin, 2018). Ueinigheita mellom Irene Levin og Grimnes handlar om korleis jødane tolka varsla dei fekk. Levin meiner Grimnes vidarefører ideen om at skylda ligg på jødane for å ikkje flykte på tross av varsla, medan ho sjølv meiner at vi i notid vanskeleg kan vite korleis desse varsla og situasjonen vart tolka den gongen (I. Levin, 2018).

Medan Levin gjer eit poeng ut av jødane si tolking av varsla, viser Moland i ein kronikk til korleis usikkerheit også kan ha prega tolkinga av situasjonen og varslinga i motstandsbevegelsen:

Det var ikke mangel på varsel som var problemet. Spørsmålet om hva Heimefronten visste kunne umulig være avgjørende for jødernes skjebne. I virkelighetens 1942 dominerte usikkerheten, terroren og at ingen kunne forestille seg krematorienes «Endlösung» (Moland, 2018).

Moland meiner det ikkje er modig å sitte i fredens Norge i 2018 og gå til angrep på heimefronten. Han understrekar at det var det tyske maktapparatet som satt dagsorden (Moland, 2018), og påstår at Michelet ikkje skjønner «hvilken enorm vilje og anstrengelse det var i det tyske riket for å utrydde jødene i Europa» (H. Gundersen, 2018). Utdjupande argumenterer Moland at når varsla først kom var det mykje som måtte planleggast av den norske motstanden for å redde jødane på ein trygg måte. Han meiner Michelet framstiller heimefronten «som om de skulle ha vært et direktorat, et omfattende firma, en maktfaktor med alle muligheter til å sette i gang en fullstendig evakuering av jødene omtrent som under en moderne militærøvelse» (Moland, 2018). Ifølgje han er dette «en form for makt, myndighet og organisasjonskapasitet som de [heimefronten] ikke hadde» (H. Gundersen, 2018). Moland meiner altså at Michelet ikkje forstår dei utfordringane og føresetnadane motstandsfolka stod ovanfor i 1942. I ein artikkel i Morgenbladet framhevar også Tangestuen poenget om at «man skal være forsiktig med å mene hva folk burde skjønt så lenge etterpå» (Lunde, 2020a).

Victor Lind understrekar at under okkupasjonen, med den situasjonen folk stod i, hendte det at ein måtte gjere ting som ikkje hadde vore greitt i fredstid. Med dette siktar han til motstandsfolka bak redningsaksjonen av jødane og andre flyktningar, og forsvarar desse (Lunde, 2018b). Godøy uttrykker same synspunkt på følgjande måte:

For oss som har levd hele livet i et fredelig samfunn, er okkupasjonstidens dilemmaer vanskelige å begripe. I prinsippet er det lett å ta stilling til de moralske valgene krigen innebar. Der og da var situasjonen langt mindre oversiktlig. (Godøy, 2018)

Godøy poengterer også at krigen var ei tid prega av forvirring, og at nordmenn flest ikkje var heltar (Godøy, 2018). Dette poenget gir uttrykk for at folk flest var passive tilskodarar – og dei som var aktive motstandskjemparar stod overfor vanskelege dilemma som krav tøffe prioriteringar. Dette passar ikkje med grunnforteljinga der det norske folk sto saman som eit samla folk mot okkupasjonsmakta – dei gode mot dei vonde. Jacobsen påpeikar også korleis menneska i historia er meir nyansert enn dette, og meiner Michelet «skriver et enkelt moralsk narrativ der folk enten er gode eller onde, aldri komplekse og sammensatte, og der virkeligheten er entydig» (Jacobsen, 2021). Dette kan tolkast som at det var fullt mogleg å vere motstandsmann og antinazist, og likevel ikkje ta det som ville vore moralsk riktige val i dagens samfunn. Med desse argumentasjonane i betraktning, blir det klart at god og vond er to ytterpunkt på ein skala – og ikkje ein dikotomi, slik det lenge vart framstilt i den tradisjonelle grunnforteljinga om krigen.

Medan det å tolke fortida gjennom dei moralske haldningane som gjelder i notid vil vere problematisk, blir det på den andre sida argumentert for at dette vil føre til at ein stiller andre og nye spørsmål ved historia. Historikar Astrid Sverresdotter Dypvik skriv at «Ettertida ser annleis på det som skjedde, enn det samtida gjorde», og peiker på holocaust som eit døme på eit forskingsfelt som vart til på denne måten (Dypvik, 2021). Dette kan tolkast i samanheng med det Lenz og Nilssen (2011, ss. 17-19) skriv om historisk tenking og historiemedvit, der forteljingar om fortida omformar og tilpassar seg kontekster i samtida. Samfunnsmessige forandringar, relevans og betyding av historiske hendingar i samtid vil prege kva for forteljingar av historia som vert belyst (Lenz & Nilssen, 2011, ss. 18-19).

7.1.2. Kva visste egentleg Sønsteby?

«Vi kom borti dette tre måneder før det ble iverksatt, og da var det vår hundre prosents oppfatning at jødene ville bli tatt i Norge» (Sønsteby, 1970, sitert i Mauren, 2018). Dette sitatet frå Sønsteby har Michelet brukt som eit utgangspunkt i boka si. Motstandskjempar, journalist og historikar Ragnar Ulstein, som i 1970 utførte intervjuet med det mykje omtalte sitatet, meiner sitatet er tatt ut av sin samanheng og tolka i etterpåklokskapens lys. I ein artikkel i Aftenposten legg Ulstein til at «Boken har lagt altfor stor vekt på disse uttalelsene. Sønsteby var god til å plukke opp informasjon, men vi må huske på at dette var en tid da det var mye rykter og propaganda» (Mauren, 2018). Michelet meiner dette synspunktet kjem av at historikarar lenge har låst seg til éin bestemt tolking av historia: at jødeaksjonen oppstod spontant. Ho påstår at dei derfor no går ut i debatten og seier at Sønsteby «må ha husket feil» (Michelet, 2018b).

Historiker og jurist, Christopher S. Harper, meiner at «forfatterne som reiser tvil om troverdigheten i hans [Sønstebys] uttalelser, må belegge det» (Harper, 2020). Han siterer rapportforfattarane – Berggren, Bruland og Tangestuen – sin påstand om at «Ingen andre kjelder støtter Sønstebys påstand om at han fekk eit konkret varsel frå Statspolitiet om ein aksjon mot jødane allereie sommaren 1942» (Harper, 2020). Harper meiner dette er feil, og tilbakeviser det med å vise til ei brevveksling mellom Ragnar Ulstein og Arvid Brodersen i 1978, der sistenemnde skal ha bekrefta Sønsteby sine opplysingar. Han stiller dermed spørsmålet om historikarane bak motboka vil hevde at også Brodersen var lite truverdig (Harper, 2020). At Sønsteby kan ha «husket feil», slik historikarane har hevda, er ifølgje Harper rein synsing. Han argumenterer at vi må ta Sønsteby sine opplysingar på ordet fram til noko anna kan dokumenterast (Harper, 2020).

Irene Levin stiller spørsmål ved kvifor Sønsteby sine opplysingar tidlegare alltid har vore betrakta som udiskutable sannheiter, medan han no plutseleg hugsa feil. Ho påpeikar at spørsmåla Michelet tar opp «blir hevdet å være kjent av norske historikere i lang tid», og spør kvifor ikkje faghistorikarar har tatt tak i opplysingane tidlegare og forsøkt å finne ut av kva Sønsteby faktisk meinte (I. Levin, 2018). Sjøbye og Vold argumenterer for det same, og poengterer at vi måtte ut av det historiske fagmiljøet for at desse opplysingane skulle bli undersøkt: «Visste han [Sønsteby], så måtte også andre ha visst. Slikt er historikernes

oppgave å finne ut av. Men det måtte en journalist som Marte Michelet til før Sønstebys utsagn fikk den oppmerksomheten det har krav på» (Søbye & Vold, 2020).

Tore Pryser har eit heilt anna synspunkt, og trur Sønsteby «rett og slett bløffet» (Lunde, 2020b). Han grunnir dette med at han veit at «Sønsteby har bløffet om andre ting» og at han no arbeider med ei bok der han «vurderer Sønsteby som kilde» (Lunde, 2020b). Med Pryser sine utsegn i betraktning kan ein stille spørsmål ved om Sønsteby sitt sitat i det heile tatt kan brukast som kjelde. Sitatet er fundamentalt i Michelet si bok, men historikarar meiner han enten hugsar feil eller bløffa, og Sønsteby kan ikkje lenger svare for seg. Truleg må ein undersøke påstanden andre stader for å finne svar.

Ein annan påstand om Sønsteby som Michelet hevdar i si bok, og held fast på i debatten, er at Sønsteby skal ha stengt si fluktrute for jødar «på et kritisk tidspunkt, rett etter massearrestasjonen av jødiske menn 26.oktober» (Michelet, 2020). Berggren, Bruland og Tangestuen meiner at Michelet feiltolkar kjeldene sine, og dermed ikkje har belegg som støttar denne konklusjonen. Det som derimot finnast dokumentasjon på, ifølgje rapportforfattarane, er «at Sønsteby bisto jøder å flykte både før og etter dette, noe flyktninger selv har oppgitt i ettertid» (Berggren et al., 2020b). Historikarane argumenterer at kjeldene Michelet brukar ikkje kan bevise påstanden om at antijødiske haldningar og motiv skal ha skapt så store og avgjerande konsekvensar for den jødiske flukta, slik ho hevdar i boka si (Berggren et al., 2020b).

7.1.3. Fluktapparatet: Med livet som innsats

Eit tema som er mykje diskutert i debatten om Michelet si bok, og som kort er nemnt ovanfor, er fluktapparatet: I kva grad heimefronten deltok i redningsaksjonen av jødane, i kor stor grad dei faktisk kunne hjelpe til, samt kva vurderingar som vart gjort i arbeidet med å få jødane over grensa til Sverige. I debatten er det ueinigheit i framstillinga av sentrale aktørar i fluktoperasjonen. Kritikken mot Michelet går ut på at ho tolkar historia i etterpåkløskskapens lys då ho legg fram at menneska som styrte fluktrutene var pengegriske og tok seg godt betalt av jødane – meir enn det dei gjorde for andre nordmenn på flukt. Spesielt får motstandsmann Alf T. Pettersen og flyktningsoperasjonen Carl Fredriksens Transport gjennomgå i boka.

Medan historikarar, forfattarar og andre fortel om Carl Fredriksens Transport som ein viktig del av norsk heltehistorie, har Michelet eit anna syn. Ho skriv blant anna at «jøder ble presset for penger eller lurt til å betale urimelig høye summer for ferden over grensen til Sverige» (Lunde, 2018a). Dermed fjernar ho helteglorien som lenge har hengt over denne redningsaksjonen.

Kritikken går ut på at Michelet har skapt eit feilaktig bilde av Carl Fredriksens Transport og hovudpersonane i denne flyktningsoperasjonen – blant anna Alf T. Pettersen. Hilde Vesaas meiner Michelet oppfører seg som «moralsk dommar» overfor Pettersen der ho rakkar ned på motiva og integriteten hans. Ho understrekar at ho ikkje kan påstå at nokre av hjelparane bak Carl Fredriksens Transport ikkje tok seg godt betalt, men meiner det er «grovt og urettmessig» å framstille det slik at «profitt skal ha vært en viktig beveggrunn» for gjennomføring av redningsoperasjonen (Vesaas, 2018). Vesaas kan fortelje at aktørane i Carl Fredriksens Transport i hennar syn framleis er heltar. Ho argumenterer at haldningane mot jødane var «sannsynligvis hverken bedre eller verre enn det som var vanlig på 1940-tallet i Norge», men at menneska bak Carl Fredriksens Transport likevel satt inn alt og «berget livet til over 350 jøder og enda flere motstandsfolk» (Vesaas, 2018).

Motstandsmann og konsentrasjonsleirfange, Kaare Dyvik, forsvarar motstandsfolka sine prioriteringar ved å belyse kva for fare dei stod overfor i redningsaksjonen av jødane. Han meiner «en storstilt redningsaksjon av jødene i Norge høsten 1942 ville ha medført utallige videre tapte liv», og utdjupar at «Etter Terbovens forordning av 12. oktober 1942 innebar det dødsstraff for alle som engasjerte seg i transport av flyktninger» (Dyvik, 2018).

Dyvik argumenterer at «Marte Michelet utelater denne realiteten når hun i sin bok kritiserer Hjemmefronten og tillegger dem moralsk ansvar for at ikke alle norske jøder ble brakt til sikkerhet i Sverige» (Dyvik, 2018). Han gir uttrykk for at Michelet si bok manglar forståing og innsikt, og vil «på vegne av hele Hjemmefronten avvise de påstander Michelet har fremsatt i sin bok» (Dyvik, 2018).

Poenget Dyvik framhevar er at det kosta mykje å hjelpe flyktningar, noko Michelet ikkje viser forståing for. Sjølv mista Dyvik mykje under krigen – sannsynlegvis på lik linje med mange andre i den norske motstanden. Sorg, smerte og tap var også noko heimefronten måtte oppleve ettersom dei ofra mykje i redningsaksjonane og motstandsarbeidet. Ifølgje Dyvik er

dette fakta som er fråverande i Michelet si bok (Dyvik, 2018). Det kan tolkast slik at Michelet unngår å sjå historia frå heimefronten sitt perspektiv, når ho har eit så stort fokus på det jødiske perspektivet. Multiperspektivet, samt historisering, blir ifølgje kritikken fråverande i boka.

At motstandsfolk som deltok i redningsaksjonane «sette livet på spill» er også ein argumentasjon som er gjennomgåande i debatten. Lind meiner det å bruke menneska bak Carl Fredriksens Transport som skyteskive ikkje var så klokt av Michelet, og skriv at «Hvis det var noen som hjalp jødene, så var det dem» (Lunde, 2018b). Han understrekar at synet hans på Carl Fredriksens Transport er uendra:

Dette var bare helt vanlige arbeidsfolk som satte livet på spill for å redde jøder og andre nordmenn fem dager i uken i seks uker. Noe måtte de leve av. Alf Pettersen satt bevæpnet i forsetet hver eneste gang i seks uker. Han tok sjansen på skuddveksling med tyske soldater – det kunne gå begge veier. (Lunde, 2018b)

I dette sitatet belyser Lind risikoen Alf T. Pettersen og andre motstandsmenn utsette seg for i redningsarbeidet. Han rettferdiggjjer også at nokre mogleg tok seg betalt fordi dei, på lik linje med andre menneske i lønna arbeid, måtte ha noko å leve av. Lind gir i tillegg uttrykk for at Michelet sitt fokus er feil. Det kjem fram slik:

Den virkelige plyndringen var uansett beslagleggelsen av kontoer og alle jødeboene. Det er derfor jeg ikke tror det var så klokt å kjøre hardt på at plyndring ble utført av Carl Fredriksens Transport. Det var ikke der den virkelige plyndringen foregikk. (Lunde, 2018b)

På denne måten peikar Lind på ei anna problemstilling angående behandlinga av jødane i Noreg under krigen. Ifølgje det som blir lagt fram her, bommar Michelet når ho skal fortelje om skyggesidane i den norske heimefronten.

Son av Alf T. Pettersen, Jon Elling Whist, skriv i eit debattinnlegg at Michelet har «konstruert en røverhistorie om Carl Fredriksens Transport» (Whist, 2019). Han motbevis Michelet sin framstilling av Pettersen som profittdriven ved å vise til døme der han ikkje tok betalt. Vidare skriv han at «Bildet Michelet tegner av min far som en simpel profittdrevet menneskesmugler, uten tanke for min høygravide mor, er ikke bare uriktig, det er sårende» (Whist, 2019). Sitatet ovanfor viser også til korleis potensielle brot på etiske omsyn i

Michelet sin bok går utover sentrale motstandsfolk og deira etterkommarar – med manglande forståing for kva føresetnadar, kapasitet og moglegheiter motstandsfolka hadde.

Ifølgje det Whist skriv, er det andre faktorar som spelte inn i kva for val og prioriteringar som vart gjort ved fluktarbeidet – til dømes høggravide koner, som blir nemnt her. Familieliv og andre årsaker som låg til grunn for at nokre av redningsfolka tok seg betalt, eller ikkje ville utsette seg sjølv og sin familie for større risiko enn det dei såg på som strengt nødvendig, må derfor tas i betraktning. Med utgangspunkt i Whist sine utsegn, manglar Michelet denne innsikta, noko som skapar eit uriktig bilete av menneska det gjeld. Michelet har, ifølgje kritikken, ikkje tatt fortidige menneske sine premisser i betraktning når ho har skrive denne historia.

I eit debattinnlegg gir son av ein annan grenselos, Nils Skogstad, uttrykk for at Michelet kjem med i overkant sterke tiltalar mot heimefronten – og då spesielt Carl Fredriksens Transport:

Det var fire personer som startet denne fantastiske fluktruten. [...] De startet 28. november 1942, og i løpet av syv uker reddet de ca. 1000 mennesker, av dem 358 norske jøder. Med livet som innsats kjørte de ut av byen [...] Det endte med at tre fra denne fantastiske gjengen selv måtte flykte. Bare én ble igjen i Norge. Det var Rolf Syversen, som ikke ville reise fra sin gravide kone. Han ble arrestert 10. juli 1943, og 30. oktober året etter ble han skutt på Trandum. Takken er en trist beretning om en pengegrisk hjelper. (Skogstad, 2020)

Dette utdraget viser den opplevde uretten i at dei som faktisk kjempa i motstandsørsla, og prøvde å hjelpe jødane, blir framstilt som det motsette. Skogstad meiner tydeleg at Michelet fremjar ei utakknemleg framstilling av Carl Fredriksens Transport og andre grenselosar. Han brukar ord som «fantastisk» for å skildre både fluktruta og redningshjelpen. På denne måten roser han desse menneska, i motsetning til det han opplever at Michelet gjer i boka si. I tillegg kjem det fram at det faktisk var ein god del jødar som kom seg på flukt – og det takka vere redningshjelpen. I debatten legg også Ragnar Ulstein vekt på at «vi ikke må glemme at over halvparten av de norske jødene – rundt 1100 personer – kom seg over til Sverige» og at «det var stort sett motstandsfolk som tok seg av denne transporten» (Mauren, 2018).

Fleire av etterkommarane som har slått seg saman i debatten for å forsvare sine fedre og besteforeldre, argumenterer for det same som Skogstad: «De underliggende påstandene i

boken er groteske. Michelet anklager motstandsfolk som under jødeaksjonen satte livet på spill, for å ha antijødiske holdninger. De som sloss mot nazistene, blir selv fremstilt som om de deler noe av nazistenes tankegods» (Gjelsvik et al., 2020b).

Michelet hevdar å skrive frå eit jødisk perspektiv, og ifølgje kritikken frå historikarar og etterkommarar har ho gjort dette på kostnad av heimefronten sitt perspektiv. Kva det jødiske miljøet meiner har Sidsel Levin diskutert i eit debattinnlegg i Aftenposten. Ho stiller spørsmål om kor Michelet har det frå «at hun ser det fra et jødisk perspektiv» (S. Levin, 2020). Levin påpeikar at det Michelet har omtalt som «profitører» og «utpressere», er «de samme personer som overlevende norske jøder har kalt sine gode hjelpere» (S. Levin, 2020).

Levin skriv også at betalinga for flukta ikkje har vore eit tema for jødane i etterkrigstida, og argumenterer: «'Pengesporet' har fått et overdrevent fokus hos Michelet. [...] De reddet livet, fluktoperasjonene kostet, og betaling kunne bidra til å redde flere. Det var heller ikke bare jøder som betalte for flukt» (S. Levin, 2020)

På lik linje med mange av dei andre kritikarane i debatten, ligger det implisitt i Sidsel Levin sine utsegn at Michelet ikkje forstår kva menneska bak redningsapparatet risikerte for å gjere jobben. Dette indikerer at Michelet undergrev betydinga av kor mange jødar som faktisk vart redda under krigen – og det til trass for dei fordommene og haldningane mange nordmenn hadde til jødane på den tida.

På den andre sida meiner Michelet at narrativet om at menneska bak fluktapparatet tok seg godt betalt av jødar fordi denne redningsaksjonen innebar å «sette livet på spill», og derfor ikkje var spesielt umoralsk, er ein unnskyldning. Ho påstår at dette er slik forteljinga har blitt framstilt «i alle år», noko som tyder på at ho ser på det som ein bortforklaring som bidrar til å oppretthalde grunnforteljinga og myten om krigen – der helteberetningane er sentrale (Michelet, 2018c).

Forfattar Espen Søybye har skrive ei motbok – eller oppfølgingsbok – til Michelet si bok om heimefronten. I eit essay i Morgenbladet diskuterer han fire hovudtema, der eitt av dei omhandlar betaling for flukt (Søybye, 2020, s. 26-27). Søybye stiller spørsmål om kvifor jødane måtte betale for flukt, og resonnerer seg fram til ulike grunnar:

Det er blitt hevdet at jødene hadde med seg mye bagasje og var vanskelige å ha med å gjøre, kan det være grunnen til at de måtte betale mer for hjelp til flukt enn andre?

Eller var risikoen større ved å hjelpe jøder? Det kan heller ikke utelukkes at enkelte i flyktningapparatet falt for fristelsen til å utnytte jødernes desperate situasjon. (Søbye, 2020, s. 27)

Søbye viser i dette sitatet at betalingssituasjonen er usikker, men påstår likevel at vi ikke kan sjå bort ifrå at jødane vart utnytta. Han foreslår også andre grunnar for betaling – som risiko og bagasje. Ifølgje argumentasjonen vi tidlegare har sett hos Dyvik, Lind, og Sidsel Levin, kan dette oppfattast som naturlege grunnar for ekstra betaling til redningshjelpen (Dyvik, 2018; Lunde, 2018b; S. Levin, 2020).

Etterkommarane av motstandsfolka uttrykker at det er ein kjent sak at enkelte flyktningsloser hadde antijødiske haldningar og dreiv med utpressing, men understrekar at «kildene viser at dette hverken var vanlig eller systematisk, slik Michelet påstår» (Gjelsvik et al., 2020b). Dei legg også til at «Det var dessuten normalt at sivile flyktninger betalte for seg» (Gjelsvik et al., 2020b).

I eit intervju i Morgenbladet påstår Michelet at heimefronten valte å ikkje hjelpe jødane heilt fram til det vart strengt nødvendig (Lunde, 2018a). Når det gjeld fluktrutene, poengterer Moland at jødane ikkje vart prioritert fordi det var «sprengt»: Dei måtte først ta hand om menneska i motstanden med dødsstraff – og andre folk i fare. Moland legg vekt på betydninga av at ein på dette tidspunktet ikkje var klar over at arrestasjonane av jødane ville føre dei til døden (H. Gundersen, 2018). Han grunngir dermed prioriteringa til redningshjelpen med at var ein usikkerheit og uvisshet over kor alvorleg situasjonen var.

7.1.4. Antijødiske haldningar i heimefronten

Ut ifrå det som tidlegare har kome fram i analysen – om prioriteringar i heimefronten og redninga av jødar, har det også blitt tydeleg at haldningar og fordommar er eit sentralt tema. Spesielt med tanke på moraliserande historieskriving, kan ein stille spørsmål ved korleis fortidige menneske sine haldningar skal tolkast og tas i betraktning for deira val og handlingar.

Michelet har uttrykt at ho vart overraska over det ho fann i arbeidet med boka – at antijødiske haldningar og «antisemittisk stemning» prega viktige personar i heimefronten (Lunde, 2018a). Ho fortel at «det er kanskje vanskelig å forstå dette i dag, at man kunne være motstandsmann og antinazist – samtidig som man ikke likte jøder» og at «det passer

ikke med hva antinazisme er i dag» (Lunde, 2018a). Med dette gir Michelet uttrykk for at det å stille seg mot nazismen og okkupasjonsmakta, men samtidig ha fordømmar mot jødar, er motstridane haldningar. Det siste sitatet viser også at antinazistiske haldningar i dagens samfunn ikkje ville godtatt at ein har fordømmar mot jødar. Ho samanliknar slik sett haldningar i fortida med haldningar i notid, og setter eit likskapsteikn mellom nazisme og antisemittisme. På denne måten påstår Michelet at ein i dagens samfunn ikkje kan vere det eine utan det andre, og skapar ein dikotomi mellom antinazistiske haldningar og antisemittiske haldningar. Inntrykket Michelet gir er at dette likevel ikkje var ein dikotomi før og under krigen.

Moland er derimot ikkje heilt einig med denne formuleringa. Når det gjelder fordømmar og rasetenking, ytrar han sine meiningar slik:

Fordommene mot jøder var selvfølgelig utbredt i Norge omkring 1940. Dette kjenner vi fra før. Men man kan ikke blande fordommer sammen med en antisemittisme som gjør folk villige til å sende ut av landet mennesker som ikke har gjort noen annet galt enn å være jøder. (H. Gundersen, 2018)

I artikkelen sitatet er henta frå, markerer Moland forskjellen mellom jødefordømmar i Noreg og den sterke antisemittismen som levde blant tyske nazistar, og understrekar at ingen nordmenn kunne sjå for seg kva for vondskap som venta jødane under andre verdskrig. Journalisten i saka legg fram at Michelet sitt engasjement «bunner i antifascisme og antirasisme», og i denne samanheng svarar Moland med å tydeleggjere eit skilje mellom rasisme og ideologi: «Du finner grupperinger, som partiet Nasjonal Samling, men rasismen i form av det prosjektet nazismen satte i gang, fikk ikke oppslutning i Norge» (H. Gundersen, 2018).

Nina Grünfeld påpeikar, på same måte som Moland, at «antijødiske holdninger var en del av den norske kulturen før, under og etter krigen» (Grünfeld, 2018). Ho skriv at dette likevel ikkje er så kjent fordi det «passer ikke inn i narrativet om Norge som en antinazistisk nasjon» (Grünfeld, 2018), slik Michelet også har poengtert. Grünfeld tolkar Michelet sine intensjonar som eit ønske om å nyansere bildet av krigen ved å sjå den frå jødane sitt perspektiv (Grünfeld, 2018).

Ståle Dingstad argumenterer for at det var heile nasjonen som svikta jødane, og ikkje berre den organiserte motstandsbevegelsen: «Som nasjon sviktet vi når det gjaldt det grunnleggende menneskelige. Det som skulle gjelde alle mennesker, det gjaldt hverken for samene, taterne, romfolket eller jødene» (Dingstad, 2018). Han viser til grunnlova, samt deler av kulturen og litteraturen i Noreg, der jødane vart framstilt som annleis enn «oss» og ikkje hadde tilhøyrse her landet. Dingstad meiner Michelet har godt belegg i kjeldene sine, og verkar derfor tilsynelatande einig med hennar konklusjonar. Han framhevar likevel eit poeng i at det finnast eit breiare syn på saka, der ein burde sjå på heile nasjonen – alle nordmenn – og ikkje berre motstandsmenn sine haldningar til jødane (Dingstad, 2018).

Bokanmelder og forfatter, Erle Marie Sørheim, meiner Michelet set lys på eit viktig tema, men at ho feilar i å nyansere framstillingane i hennar påstandar om at heimefronten bar på antijødiske haldningar:

Det er trist at reisverket i denne boken ikke holder, for hovedbudskapet er viktig. «Folk flest» i Norge brød seg lite om hvilken skjebne som måtte bli deres jødiske landsmenn til del. I store deler av befolkningen var jødehatet betraktet som normalt, også hos mange i Hjemmefronten. Men faktaene i denne saken er hverken så entydige eller konkluderende som det Michelet fremstiller det som i sin bok. (Sørheim, 2018)

Eit underliggende poeng her er at slike haldningar ikkje vart sett på som umoralsk eller unormalt på denne tida. Sørheim gir også uttrykk for at nordmenn sine haldningar var meir samansett enn dette, og peikar på nyansane. Blant anna trekk ho fram framstillinga Michelet gir av sosiologen og motstandsmannen Arvid Brodersen. I studie av ein antologi Brodersen skreiv i 1934 fann Sørheim dette: «I teksten viser Brodersen seg åpen for det nasjonalsosialistiske prosjekt, men han kritiserer *spesifikt* nazistenes diskriminering av de tyske jødene» (Sørheim, 2018). Sørheim hevdar at dette ikkje kjem fram i *Hva visste Hjemmefronten?*, og at påstår at Michelet bevisst eller ubevisst feiltolkar og tøyser desse kjeldene frå Brodersen for at dei skal støtte opp om hennar konklusjonar. På denne måten meiner Sørheim at Michelet diskrediterer Brodersen, og skapar han til ein «syndebukk» i sitt narrativ (Sørheim, 2018).

7.2. Kan ein forstå utan å fordømme?

I debatten om *Frontkjemperne* har Ulfstein i ein kronikk, som vist til i kapittel 5.2., uttalt at «Frontkjemperne har fått sin dom og straff. Vi bør fortsatt fordømme handlingene, men prøve å forstå menneskene» (Ulfstein, 2021). Ifølgje historikar og forfattar Torgeir Ekerholt Sæveraas, har også regissøren av serien, Alexander Kristiansen, uttalt noko liknande der han seier at «Det viktigste er ikke å fordømme frontkjemperne, men å forstå dem» (Sæveraas, 2021). Sæveraas beskriv dette som «et uholdbart standpunkt, ettersom uttalelsen skaper et kunstig motsetningsforhold» (Sæveraas, 2021). Han argumenterer dette slik:

Det som er unikt med nazismen som historisk fenomen, er nemlig at forståelse og fordømmelse er to sider av samme sak, og at jo mer man forstår, jo klarere blir fordømmelsen. I møte med nazismen og den andre verdenskrig blir man derfor nesten umiddelbart nødt til å ta stilling for eller mot, der den eneste mulige og tillatte posisjonen er å erklære seg kontant og kategorisk *mot* – og slik både skal og må og bør det være. (Sæveraas, 2021)

Ifølgje Sæveraas vil altså forståing av frontkjemparane og deira handlingar ikkje vere noko anna enn, eller det motsette av, fordømming. Tvert imot viser sitatet ovanfor at forståing vil forsterke fordømminga (Sæveraas, 2021). Han påstår dermed at det ikkje er mogleg å forstå utan å fordømme. I tillegg antydar han at med auka forståing vil også fordømminga naturlegvis skje dersom ein skal posisjonere seg på «rett side» av fenomenena nazismen og andre verdskrig.

Sæveraas meiner også at serien skapar unødig tvil om frontkjemparane var nazistar eller ikkje:

For det er som kjent et faktum at de kjempet for Hitler og den tyske okkupasjonsmakten, mot sitt eget lands konge og lovlig valgte regjering. Dette er bare konstatering av fakta, men: heri ligger det også implisitt en uunngåelig moralsk vurdering, som selv nå, mer enn 75 år etter krigen, er uomgjengelig. (Sæveraas, 2021)

Med dette peikar han på korleis notidsmennesket med «riktig» moral vil tolke frontkjemparane sine haldningar og handlingar som nazistiske – uavhengig av kva frontkjemparane sjølv meiner om eigne val og ideologiske haldningar. Eit sentralt argument som Sæveraas legg fram i kronikken er at han meiner serien sviktar fundamentalt i skape ei

forståing av frontkjemparane sine motiv og bakgrunn for vala dei tok, slik at ein kan hindre at noko liknande skjer igjen (Sæveraas, 2021). Dette siste argumentet står i strid med Ulfstein (2021), vist til i kapittel 7.1., sin oppfatning av kva vi kan lære av framstillinga av frontkjemparane i serien.

Sæveraas understrekar at han ikkje har noko imot at frontkjemparane får fortelje sine historier, men meiner det er uheldig at «serieskaperne ikke evner å sette frontkjempernes uttalelser i kontekst» (Sæveraas, 2021). Det kjem ganske tydeleg fram i kronikken at Sæveraas meiner krigen frontkjemparane deltok i var ein krigsforbryting i seg sjølv, og at dei også deltok i andre krigsforbrytingar som forårsaka død og lidingar (Sæveraas, 2021). Sett i samanheng med Thoresen (2021) sine argument i kapittel 7.1., er det ein ueinigheit mellom desse to. Ifølgje det Sæveraas skriv i sin kronikk, har dokumentarserien i stor grad mislykkast i å vise eit sannferdig bilde av frontkjemparane.

Når det gjeld diskusjonen om framstillinga av heimefronten påpeikar også Marte Michelet at det ikkje handlar om å fordømme, men å forstå:

Å kikke nærmere på hva ledende motstandsmenn som Sønsteby, Gjelsvik og Brodersen gjorde, handler ikke om å *fordømme* dem. Heller ikke de andre ubekvemme funnene jeg har lagt fram, handler om å felle moralske dommer over datidens mennesker ut fra nåtidens forståelse. (Michelet, 2020)

Vidare understrekar ho at «det handler om å forstå at forutsetningene for at jødeutryddelsen, fra nazistenes perspektiv, ble så usedvanlig vellykket i Norge» (Michelet, 2020). Med dette kan det sjå ut til at Michelet forsøker å vise at ho i boka si aldri har hatt som intensjon å fordømme motstandsfolk og omtale dei på ein måte som skadar deira omdømme, slik noko av kritikken tidlegare har vist. Ho er også tilsynelatande bevisst på korleis moralske haldningar og forståingar i samtid kan påverke tolkinga av menneske i fortida, og meiner sjølv at ho ikkje opptrer moralsk overfor fortidige menneske sine gjerningar. Ho forsvarar seg slik sett mot debattantane som har skulda ho for moraliserande historieskriving, og grunngir dette med at ubehagelege funn om dei «nasjonale heltane» måtte bli fortalt for å skape forståing for korleis, og kvifor, det i Norge vart deportert så mange jødar.

Direktør ved Nansen Fredssenter, Alfredo Zamudio, poengterer også i ein kronikk i NRK at det er essensielt å forsøke å forstå tragedien «i sin fulle bredde» (Zamudio, 2018). For å oppnå dette, påpeikar han at alle forteljingar, detaljar og informasjon om sannheita må bli belyst. Slik kan Noreg få det heile bildet av krigen – «i hele sin grusomhet og kompleksitet» – og på denne måten unngå at historia gjentar seg (Zamudio, 2018). Denne argumentasjonen støtter slik sett Michelet i hennar forklaring ovanfor – at også den «grusamme» sannheita må få komme fram for å forstå krigen og jødeforfølgingane i sin heilskap. Historiesynet Zamudio fremjar her gir også tydeleg døme på korleis ein kan oppnå eit multiperspektiv på forteljinga om krigen i Noreg.

8. Diskusjon: Historiekrigen

I innleiinga såg vi at formidling av krigshistoria vart beskrive som «ei slagmark der historikarar er i profesjonskamp med journalistar og kulturlivet» (Dypvik, 2021). I min analyse vart det konkretisert korleis ulike menneske tenker ulikt om fortida: Krigen om krigen, eller historiekrigen, som går føre seg i debattane, viser korleis ulike historieforståingar kjem til uttrykk i ulike framstillingar, narrativ og diskursar, gjennom ytringar og meningsutveksling. Analysen viser at teorien om *public history* og den sosiale minneproduksjon, der ein deltakande historiekultur bidrar til den allmenne historieforståinga, er høgst gjeldande i den offentlege debatten om okkupasjonshistoria i Noreg.

Ettersom dei tre ulike historieframstillingane varierer i både sjanger og form, er det interessant å belyse korleis debattane har gått føre seg – kva dei har til felles og kvifor framstillingane har skapt så mykje engasjement. For å svare på problemstillinga eg stilte innleiingsvis, skal eg no samanfatte desse historiedebattane ved å diskutere sentrale tema og fellestrekk mellom dei: kven som deltar og kva som blir sett på som viktig, samt kva debattane kan fortelje oss om måten vi diskuterer krigen på i Noreg i dagens samfunn.

8.1. Sentrale tema og fellestrekk i debattane

8.1.1. Deltakarane

Før eg går nærare inn på kva som blir sett på som viktig i debattane, er det er interessant å rette eit blick på deltakinga – kven som debatterer og kva standpunkt dei ulike debattantane tar i saka. I alle tre debattane gjekk diskusjonane hovudsakleg for seg mellom initiativtakarar, altså skaparane av TV-seriane og journalist Marte Michelet, og faghistorikarar som har gjort forskingsarbeid på feltet.

Fleirtalet av faghistorikarane i avisinnlegga i mitt kjeldeutval hadde ei negativ haldning til framstillingane. Spesielt gjaldt dette debatten om *Hva visste Hjemmefronten?*. I debatten om *Frontkjempere* såg vi at det også var faghistorikarar som stilte med støttande argument til framstillinga, og heldt seg heilt eller delvis ueinig med dei andre faghistorikarane sine argument og påstandar. Kapittel 6.4.1. viser eit tydeleg døme på dette med Sigurd Sørлие og Vegard Sæther som har ulike oppfatningar av forskingslitteraturen på feltet og arbeidet rundt dokumentarserien. Medan Sørлие meiner frontkjemparlitteraturen er dekkande nok til å trekke den generaliserande slutninga om at det store fleirtalet av frontkjemparane var NS-

medlemar, meiner Sæther at det enno ikkje finnast nok empiri på feltet til å fastslå dette med sikkerheit. Denne ueinigheita blir spesielt synleg i episoden *Frontkjempere* i NRK-programmet *Debatten* (Solvang, 2021, 14:59-16:31).

I *Atlantic Crossing* var det ingen historikarar som direkte forsvarte serien, med unntak av medforfattar av manus, kulturhistorikar Linda May Kallestein. Det var imidlertid tilfelle av historikarar som vurderte saka frå fleire sider og på denne måten bidrog med opplysende og kritiske innspel. Til dømes kunne ikkje Trond Norén Isaksen sjå seg einig med verken Tor Bomann-Larsen eller serieskaparen, Alexander Eik, slik det kom fram i kapittel 5.1.

Deltakarar kom også frå andre fagfelt. Til dømes bidrog Ståle Dingstad, Sara Brinch og Nina Grünfeld med sine kunnskapar frå litteratur-, medie- og filmvitskapen. Direktørar ved ulike organisasjonar går også under denne kategorien av fagfolk. Her er kom det bidrag frå Nansen Fredssenter, HL-senteret, Norges Hjemmefrontmuseum, Jødisk museum, Det mosaiske trossamfunn og Det Norske Nobelinstitut. I tillegg deltok debattantar med titlar som forfattar, lektor, professor, journalist og kommentator.

Denne gruppa debattantar hadde i større grad varierende haldningar til dei omdiskuterte framstillingane: Vi såg at Michelet hadde stor støtte frå forfattar og kritikar Espen Søybye. I tillegg hadde til dømes Alfredo Zamudio ved Nansen Fredssenter og Ståle Dingstad nokre støttande argument til Michelet. Representantane frå Det mosaiske trossamfunn hadde splitta meiningar, medan Mats Tangestuen og Sidsel Levin ved Jødisk museum, samt Frode Færøy ved Norges Hjemmefrontmuseum, stod på sitt i kritikken mot Michelet sin bok. Andre deltakarar heldt seg mindre partisk i debattane, der dei i argumentasjonen vurderte både negative og positive sider ved framstillingane.

Direktørar og andre tilsette i NRK og Gyldendal forlag, samt andre norske forlag, deltok i stor grad i debattane. Dramasjef og etikkredaktør i NRK dukka ofte opp i debattspaltene i omtale av dei to TV-seriane NRK har publisert. Det same gjorde direktørar i Gyldendal forlag i debatten om Michelet si bok. Desse har alle stilt seg støttande til framstillingane dei valte å publisere. Vi har likevel sett at Gyldendal tok til seg ein del av kritikken – spesielt frå etterkommarane av motstandsfolka: Forlaget nekta å trekke Michelet si bok tilbake frå marknaden, men lova å rette på eventuelle feil (Bjørhovde & Aasmundsen, 2021). Til tross for motstanden både forlaget og statskanalen har møtt i debatten, stod dei begge på sitt, og

meinte at framstillingane, etter sine vurderingar og kvalitetskontrollar, framleis skulle vere tilgjengeleg.

Av deltakarar utan fagleg bakgrunn, kan etterkommarar av motstandsfolk, ofra og overlevande frå jødeforfølginga, samt andre folk frå det jødiske miljøet trekkast fram. Desse har kunnskap på feltet på ein annan måte – gjennom erfaring eller oppleving av krigen på nært hald – anten som tidsvitne eller med foreldre som krigsveteranar. Det som er interessant her er at medan etterkommarane av motstandsfolka slo seg saman imot Michelet og Gyldendal, var det jødiske miljøet meir splitta. Desse ueinigheitene ser vi blant anna ved at Kohn og Golombek (Det mosaiske trossamfunn) støttar Michelet sitt arbeid i aller høgste grad, medan Sidsel Levin (Jødisk museum) og Kirschner (Det mosaiske trossamfunn) meiner Michelet gjer ofra og dei overlevande ei ugjerning. Kirschner påstod i denne samanheng at fleirtalet av det jødiske miljøet han hadde snakka med var kritiske til boka, og støtta faghistorikarane i debatten (Golombek & Kohn, 2020; Kirschner, 2020; Levin, 2020).

Debattantane er slik sett ei nokså samansett gruppe. Med ulike bakgrunnar har dei gjerne ulike syn på sakene og forskjellige bidrag til debatten, noko som gir interessante innspel og innfallsvinklar. Til dømes vil ein faghistorikar som Isaksen, som har det norske kongehus som sitt ekspertisefelt, samt skrive to bøker om kronprinsesse Märtha (Solvang, 2020, 11:38-12:06; Isaksen, 2020, s. 25), ha betydeleg meir kunnskap om temaet enn andre fagfolk og det allmenne publikum. I analysen vart det også synleg at faghistorikarane heng seg langt meir opp i detaljar, medan serieskaparane og Michelet er meir opptatt av den heilskaplege historia – «det store bildet». Dette vil også vere naturleg, med tanke på forskjellar i kunnskapsnivå og interesser. Her kan det tenkast at publikum vil stille seg einig med den parten dei relaterer mest til, ut ifrå det Stugu (2021, s. 21-22) viser til om ulike motiv for å oppsøke historie: Til dømes vil ein sjåar som ser TV-serien med motiv om å oppsøke opplysning og lærdom truleg vere meir opptatt av detaljar og historisk fakta – slik som faghistorikarane – enn ein sjåar som ser serien med motiv om å oppsøke underhaldning, fascinasjon og spenning.

Etterkommarar og nære pårørande av omtalte og portretterte aktørar i framstillingane kjem med litt andre innfallsvinklar enn historikarane og andre fagfolk, men stiller seg einig med dei som støttar deira sak – i dette tilfellet dei fleste faghistorikarane. For denne gruppa blir

den viktigaste saka det etiske vernet overfor deira foreldre og besteforeldre – eit tema som kanskje ikkje hadde blitt like stor diskusjon rundt dersom dei ikkje hadde deltatt i debatten sjølv.

Generelt kan ein seie at debattantane vil betrakte dei viktigaste sakene i debatten ut ifrå det som står dei sjølv nærmast – etter kunnskap, ekspertise, interesser, erfaring og oppleving. På denne måten kan deltakinga også verke utfyllande: Initiativtakarane setter historisk kunnskap på agendaen, og historikarar får ei rolle som rettleiarar eller bidragsytarar til den allmenne historieforståinga – slik «ein deltakande historiekultur» vart forklart i kapittel 2.2. Andre deltakarar, både fagfolk og andre med grunnlag til å uttale seg, bidrar til å belyse og dekke kunnskapshol rundt temaet på dei områda dei sjølv har mest kjennskap til.

8.1.2. Kva blir sett på som viktig i debattane?

Analysen viser at okkupasjonshistoria som tema framleis vekker stort engasjement hos publikum. Engasjementet handlar både om måten historia blir framstilt på – form, og kva som blir fortalt – innhaldet. Generasjonen av krigsveteranar finnast snart ikkje meir, men krigshistoria er likevel eit tema som står mange nært – anten ein har stor interesse for temaet, har foreldre eller besteforeldre som har opplevd krigen, eller gjennom oppveksten har høyrte og lært forteljingar frå den. Forteljinga om krigen kan verke identitetsbyggande med evne til å skape eit nasjonalt fellesskap (Eriksen, 1995, s. 29). Det betyr likevel ikkje at vi har éin felles historie: Den tidlegare forskinga og analysen av debattane viser at det finnst ulike, og ofte motstridande, historieforståingar og tolkingar av krigsforteljinga. Temaet har derfor ein tendens til å vekke sterke kjensler hos det breie publikum, og bidra til store offentlege debattar.

Engasjementet som oppstår i debattane har grunnlag i at tematikkane som blir belyst rører ved ulike tabu, eller *traume*, som Grimnes (2009, s. 481) forklarar det: Behandlinga av jødane, slik Michelet framstiller det, vekker eit «mindre traume», medan frontkjemparane relaterast til nasjonalsosialismen og løfter dermed fram «det store norske traumet» frå krigen. Forteljinga om kronprinsesse Märtha i *Atlantic Crossing* utvidar krigsforteljinga med ein ny, kvinneleg helt, men bryter delvis med den tidlegare oppfatninga av kongen og kronprinsen, og den mannsdominerte diskursen generelt, som lenge har levd i den norske minnekulturen i etterkrigstida.

I analysen av debattane kjem det til syne at *Frontkjempere* og *Hva visste Hjemmefronten?* har fellestrekk i desse trauma som er nemnt over. Desse to framstillingane tar opp tema som blir betrakta som skuggesidene av krigen. Forskjellen er at heimefronten er gruppa som i grunnforteljinga var «gode nordmenn» og «på riktig side», medan frontkjemparane var «svikarar» og «på feil side». Det boka og dokumentarserien gjer, er å løyse opp dikotomien og myten om det gode og det vonde, og vise at det ikkje er så svart-kvitt som grunnforteljinga har gitt uttrykk for: Nordmenn som var «på feil side» har lenge blitt sensurert og gøymd vekk frå kollektivtradisjonen fordi deira haldningar og handlingar vert rekna som «unorsk» og «unasjonalt» (Corell, 2010, s. 142; Grimnes, 2009, s. 481; Stugu, 2021, s. 170). Forteljinga fungerer slik sett ikkje identitetsdannande. *Frontkjempere* får mest kritikk for å ikkje stille nok kritiske spørsmål i intervju, noko som gjer at framstillinga vert «for positiv» og skeiv. Forsvararar av serien argumenterer at det handlar om å vise frontkjemparane som «heile menneske», noko som krev at ein ikkje berre trekk fram det negative.

Dei mindre flatterande sidene av heltane i heimefronten, som Michelet fortel om i boka si, viser at nordmenn ikkje berre var «gode», men at det også her finnast gråsoner. Dette passar heller ikkje inn i den identitetsbyggande, nasjonale forteljinga. Felles for debattane rundt heimefronten og frontkjemparane, er at ueinigheitene og kontroversane handlar om nordmenn sine haldningar før, under og etter krigen: om jødefordommar, antisemittisme, sympati med NS og nasjonalsosialismen. Det handlar også om forståing og fordømming av handlingane deira, samt moralisering av menneske i fortida sine val og handlingar i ettertid.

Eit anna sentralt tema som vart diskutert i debattane er sjølve formatet på framstillinga. Her har *Frontkjempere* og *Atlantic Crossing* fleire fellestrekk. Først og fremst er begge av same format, i form av TV-seriar, og publisert og sendt av statskanalen NRK. Analysen viste at nokre av dei store ueinigheitene rundt desse TV-seriane handlar om det reint kunstnariske og produksjonsmessige. Seriane er av ulik sjanger – fiksjon og dokumentar, og har dermed også ulike krav for autentisitet og ulike retningslinjer å følgje. Sjangeren har også betydning for kva sjåaren kan forvente av serien: Når ein serie blir merka som fiksjon eller som dokumentar, blir det inngått ein kontrakt med sjåaren – sjåarkontrakta (Stugu, 2021, s. 122-123).

I *Atlantic Crossing* har kritikken i debatten handla om at sjåarkontrakta er uklare fordi serieskaparane har tatt seg for store kunstnariske fridommar til tross for at serien skal vere «inspirert av sanne hendingar». Kritikarane meiner serieskaparane går for langt med oppdikting av scener i hendingar som er hevda å vere sanne. Ifølgje kritikken går oppdiktinga også utover dei historiske personane som serien baserer seg på, slik at dei vert framstilt feilaktig, noko som får konsekvensar for det etiske. Forsvararar av serien argumenterer for at dette er ein dramaserie og fiksjon, noko som krev rom for kunstnariske fridommar for at den skal leve opp til forventningane ein dramaserie skal gje.

Samtidig som NRK og serieskaparane framhevar at det er fiksjon, argumenterer dei for at serien står på «trygg, historisk grunn» med årevis av arbeid bak seg (Eik & Kallestein, 2020b). Dette har kritikarane omtalt som «dobbelkommunikasjon» (Kristiansen & Rem, 2020b). Det kan også tenkast at denne dobbelkommunikasjonen skapar endå meir forvirring i sjåarkontrakta. Ifølgje Stugu (2021, s. 122-123) skal ein slik historisk TV-drama vere ein mellomting mellom fiksjon og dokumentar. Sjåarkontrakta må også gjenspeile dette. I debatten kjem det fram at NRK har forsøkt å tydeleggjere dette skiljet mellom fakta og fiksjon ved å publisere ein faktasjekk etter kvar episode. Dette har imidlertid fått kritikk for inhabilitet ettersom det ikkje er nokre fagkonsulentar involvert (Eik & Kallestein, 2020a; Figueiredo, 2020; Khorami & Vestheim, 2020).

Dokumentarserien *Frontkjempere* har, på lik linje med *Atlantic Crossing*, fått kritikk for ein uklar sjåarkontrakt. Kritikken her viser også til dramatiseringane og dei filmatiske verkemidlane brukt i serien. Det blir påstått at dramatiseringane, som inneheld både skodespelarar og replikkar, fører til feilaktige framstillingar ettersom filmsekvensane som skal rekonstruere frontkjemparane sine beretningar nærast er oppdikting og fiksjon. Ordet propaganda blir også brukt for å tydeleggjere kor langt serien har gått i dei dramatiserte sekvensane i framstillingane sine (Grünfeld, 2021). Kritikarane meiner dramatiseringane skapar sympati med frontkjemparane, noko som er uheldig. Motargumenta handlar derimot om at dramatiseringane forsterkar framstillinga av frontkjemparane som menneske på både godt og vondt (Bamle, 2021b).

Serieskaparen bak *Frontkjempere* forsvarte i tillegg bruken av reenactment-scenene ved å argumentere for eit ønske om å nå ut til eit yngre publikum (Selmer-Anderssen & Kallelid, 2021b). Sett i samanheng med tidlegare undersøkingar, vil ein sannsynlegvis i større grad

lykkast i å formidle historisk kunnskap om krigen til ungdommar gjennom populærkulturen eller historiekulturen generelt i samfunnet (Kvande & Naastad, 2020, s. 63, 125). Det verkar nærliggande å tru at verkemiddel som underhaldning og spenning kan bidra til dette, men for kritikarane i debatten høyrer det ikkje heime i dokumentarserien, og går utover serien sin truverd.

I debatten om *Hva visste Hjemmefronten?* finnast det også antydningar til at formatet er problematisk. Det blir hevda at Michelet beveger seg mellom sakprosaen, journalistikken og forskinga, noko kritikarane meiner skapar trøbbel ettersom dei ulike etiske retningslinjene for dei tre fagfelte kolliderer (Jacobsen, 2021). Andre hevdar derimot at Michelet sin bakgrunn frå journalistikken er ein styrke og grunngir dette med at hennar arbeidsmetodar har gjort det mogleg å bringe nye perspektiv fram i lyset (Selmer-Anderssen, 2021b).

Eit klart fellestrekk for alle debattane, er bruken av omgrepet «historieforfalsking». Spesielt *Atlantic Crossing* har fått kritikk for å presentere «fake history» (Bomann-Larsen, 2020a). Argumentasjonen hos kritikarane handlar om at serien vrir og vender på den faktiske historia, og presenterer usannheitar også der det finnast godt nok kjeldebelegg for kva som hendte. Bruken av kjelder er også det problematiske i Michelet si bok. «Historieforfalsking» blir nemnt berre éin gong i mitt kjeldeutval av denne debatten, i ein tittel (Gjelsvik et al., 2020a), men det kan tenkast at det er historieforfalsking kritikarane refererer til når dei påstår at Michelet gir feilaktige framstillingar og brukar hypotesebekreftande metode som fremjar eit unyansert narrativ. På same måte som i debatten om *Atlantic Crossing*, handlar kritikken også her om at kjeldene blir fordreidd, slik at dei skal passe inn i eit bestemt narrativ. Medan kritikarane meiner det er snakk om beviselege feil i boka, argumenterer Michelet og Gyldendal med at det heller er snakk om ulike tolkingar av kjeldematerialet. Dette siste argumentet har vi også sett brukt i debatten om *Atlantic Crossing* (Køhn, 2020a). Dei meiner slik sett at det handlar om *historieforståing*.

Også *Frontkjempere* har fått denne type kritikk, men ikkje i like stor grad. I denne debatten handlar kritikken om «falske framstillingar» og uriktige presentasjonar om at serien vektlegg frontkjemparane sine subjektive forteljingar, og dramatiserer desse med fiksjon. På denne måten gir serien eit feilaktig bilde av historia, ifølgje kritikarane. Historikarane Sæther og Thoresen, argumenterte likevel imot dette og uttrykte det som nyttelaust å bruke omgrep som «historieforfalsking» då det berre fører til splitting og polarisering (Sæther & Thoresen,

2021). Begge disse to, samt andre som tok serien i forsvar, meinte at dei sju historikarane som har bidratt i serien balanserte ut frontkjemparane sine subjektive beretningar med historiske fakta og forskingsgrunnlag.

8.2. Korleis burde historia bli framstilt, 77 år etter krigen?

Som den tidlegare forskinga og analysen av debattane har vist, finnast det ingen einskapleg framstilling av krigen. Dei ulike synspunkta og tolkingane om historieframstillingane som vert ytra i debattane kan likevel gi oss ein peikepinn på kor vi er på veg når det gjeld måten vi diskuterer krigen på. Korleis blir okkupasjonshistoria framstilt i dag? Kva kan ytringane i debattane fortelje oss om korleis ulike folk meiner den burde bli framstilt?

At grunnforteljinga blir utfordra av alternative perspektiv vert tydeleg i analysen av desse historiedebattane. Som vi såg i kapittel 2.3.1., framhevar Stugu (2021, s. 13) spørsmålet om «i kva grad bøker og filmar har formidla ei -patriotisk grunnforteljing, og kor brei plass ein kan finne for alternative forteljingar». Han stiller også spørsmålet om det er snakk om ei ny grunnforteljing om krigen, eller om det berre handlar om ei nyansering av den gamle grunnforteljinga (Stugu, 2021, ss. 48-50). Desse spørsmåla vil også fungere som utgangspunkt for å diskutere min analyse.

Ein stor del av ueinigheitene og kontroversane rundt dei tre framstillingane oppstår som følgje av forsøket på nyansering. Grimnes (2009, s. 481) forklarar at «Nyanseringen består i å påvise hvor mye eller lite delfortellingene avviker frå grunnfortellingens dikotomi». Denne dikotomien er, som vi har sett, ytterpunkta «det gode og det vonde» – heltar og skurkar, det nasjonale og det unasjonale. Felles for alle framstillingane i analysen, er at ein del av reaksjonane kjem fordi forteljinga bryt med den diskursen, eller førestillinga, som lenge var ein etablert del av den nasjonale konsensusforteljinga om okkupasjonstida.

I analysen var det ein klar konsensus blant alle debattantane om at nyansar er viktig å framheve. Innvendingane ligg i at nyanseringa må skje på riktig premis, og bygge på forskning, fakta og kjeldegrunnlag.

Forteljinga Marte Michelet formidlar i si bok skil seg hovudsakleg frå grunnforteljinga ettersom skiljet mellom godt og vondt vert – i alle fall i til ein viss grad – viska vekk. Slik den tidlegare forskinga òg viser, var dette ei endring som først vart observert i debattane på 70-tallet – der tilfelle av menneske eller grupper hamna på verken rett eller gal side (Maerz,

2007, s. 369–370, 2010, s. 151–152). Slik sett er ikkje dette noko nytt perspektiv på krigen ettersom grunnforteljinga sin todeling av samfunnet har hatt synlege sprekkar i over 50 år. Analysen av debatten rundt *Hva visste Hjemmefronten?* viser likevel at temaet framleis er sårt, tabu eller kontroversielt. Det er rimeleg å anta at ein bakenforliggende årsak til dette er fordi det mytiske i kollektivtradisjonen er ein viktig del av den nasjonale identiteten og fellesskapet. Inntrykket kritikanerane i debatten gir, er at heimefronten og sentrale aktørar i motstandsbevegelsen blir nedskrivne for at jørdane skal få sin plass i forteljinga om krigen – at Michelet sitt «blikk på jørdane» går på kostnad av å forstå heimefronten sitt perspektiv på historia. Argumenta som blir uttrykt i debatten leier opp til at dette er hovudgrunnen til kvifor Michelet sitt forsøk på nyansering vekker reaksjonar: brot på forskningsetiske retningslinjer, moraliserande historieskriving og hypotesebekreftande metode fører til feilaktige framstillingar av heimefronten. Nyanseringa skjer, ifølgje kritikken, på feil premis.

Den tidlegare forskinga viser at forteljingar knytt til NS alltid har vore eit avvik frå grunnforteljinga: Dei høyrer ikkje til i den patriotiske minnekulturen om krigen (Eriksen, 1995, s. 15-16; Stugu, 2021, s. 170). Heilt fram til 80-talet var «den andre sida» eit neglisjert tema i krigsforteljingane (Maerz, 2010, s. 12–13). Sist det vart sendt ein TV-serie som fremja tidlegare NS-medlem sine syn, førte den også den gongen til provokasjon og store debattar. Grunnen var at desse menneska i serien, som var betrakta som «vonde» og «svikarar», vart tvert imot framstilt som «heilt vanlege menneske» (Grimnes, 2009, s. 481–482; Maerz, 2007, s. 370–371). Dette stod i strid med dei etablerte oppfatningane om NS og nordmenn under okkupasjonen. Debatten om *Frontkjempere* har liknande argument. Dokumentarserien har, ifølgje kritikanerane, skjønsmala frontkjemparane og ikkje utfordra dei nok. Motargumenta til dette handlar om at det ikkje er skjønsmaling – men «menneskeleggjering». Slik sett blir denne gruppa av «dei andre» igjen framstilt som «heilt vanlege menneske», og nok ein gong er det dette som skapar reaksjonar i eit forsøk på nyansering.

I debatten gir kritikanerane inntrykk av at nyanseringa av frontkjemparane feilar fordi fleirtalet av dei frivillige hadde sympati med NS, noko dei påstår serien ikkje belyser godt nok. Spesielt Sørli står for dette synet, og meiner serien i staden framstiller frontkjemparane misvisande med dei same, patriotiske motiva som nordmenn «på rett side» – at dei kjempa for Noreg (Solvang, 2021, 13:54-15:05, Sørli, 2015, s. 423). Andre debattantar meiner derimot at det

var fleire ikkje-ideologiske motiv som verka avgjerande for vervinga, og synes det er bra at serien «menneskeleggjer» frontkjemparane på denne måten.

Sørli, og andre debattantar som uttrykker same synspunkt – til dømes Guri Hjeltnes ved HL-senteret, meiner også at det finnast nok forskning på temaet til å fastslå NS-tilhørsla og gjere generaliserande slutningar om frontkjemparane. Dei som er ueinig i dette, spesielt Sæther og Thoresen, meiner på si side at det ikkje er grunnlag for å ta slike slutningar ettersom det er forskingsmangel på dette feltet (Solvang, 2021, 14:59-16:31; Hjeltnes, 2021; Sæther & Thoresen, 2021). Her er det altså ueinigheiter om empirien. Det kan tenkast at meir forskning på feltet er nøkkelen til å kunne belyse desse gråsonene på ein meir sannferdig måte, og tilfredsstillе alle partar i debatten. Slik kan okkupasjonshistoria utvidast med forteljingar frå «den andre sida» som kan opplyse og formidle historisk kunnskap og lærdom.

Atlantic Crossing skil seg frå dei to andre framstillingane ettersom dette faktisk er ei helteforteljing. Serien samsvarar slik sett med den patriotiske minnekulturen og det som ofte har vore hovudregelen i formidling av okkupasjonshistoria på film med det allmenne publikum som målgruppe (Stugu, 2021, s. 171). Den skil seg likevel frå dei andre helteforteljingane om krigen ein typisk ser på film ved at det i denne serien handlar om ein kvinneleg helt, kronprinsesse Märtha, og ikkje mannlege motstandsheltar. På denne måten er serien eit forsøk på å nyansere forteljinga om krigen ved å utvide den med eit kvinneleg perspektiv og løfte fram ein ny, eller gløymd, helt.

Likevel blir det skapt nokre syndebukkar i *Atlantic Crossing* også, ifølgje kritikken. På same måte som i debatten om *Hva visste Hjemmefronten?* får serien sin nyansering kritikk for å fremje nye perspektiv på kostnad av andre perspektiv. I debatten blir det argumentert for at fiksjonsserien skriv ned kronprinsen og kongen, som har hatt ein sentral plass i den patriotiske grunnforteljinga, for å løfte fram kronprinsessa. Serien får i denne samanheng kritikk for å framstille dei verkelege personane og hendingane feil ved å vri på kjeldene, og drive med overdriven dikting der det finnast faktagrunnlag. Ifølgje kritikkarane nyanserer også denne framstillinga historia på feil premiss, og baserer seg i for liten grad på fakta og det tilgjengelege kjeldegrunnlaget.

Dei delte meiningane i debattane gjer det utfordrande å trekke slutningar om korleis historia burde bli framstilt. Kritikken møter alltid motargument, og det blir vanskeleg å vite kven ein

skal tru på. Ingen eig historia om krigen, og ulike tolkingar, forståingar og perspektiv burde bli belyst for å utvikle både multiperspektiv, historieforståing og historiemedvit. Ettersom det i debattane var stor konsensus om at nyanseringa i framstillingane var gode initiativ til forteljinga om krigen, kan ein slå fast at denne perspektivutviklinga både er riktig og viktig i det kulturelle minnet. Analysen viser at ueinigheitene handlar om både form og innhald i framstillingane, og det er dermed dette som må arbeidast med når ein skal bevare og vidareformidle minnet og kunnskapen om krigen.

Når det gjeld form og format kan det tenkast at det trengst tydelegare retningslinjer for kva som er greitt å gjere i fiksjon, dokumentar og sakprosa. Til dømes burde det vere klart kor mykje ein historisk TV-drama må bygge på fakta, samt kor det er greitt å dikte når det handlar om verkelege menneske og sanne hendingar. Det same gjelder bruken av verkemidlar i dokumentarsjangeren. Analysen viste at det også var delte meiningar om Michelet sin framgangsmåte i sakprosasjangeren. Her er det rimeleg å anta at retningslinjene for dei spesifikke sjangrane må følgast konsekvent for at produktet skal oppfylle autentisitetetskravet sitt og møte publikum sine forventningar til historieframstillinga. I tillegg må spesielt dei etiske vurderingane kontrollerast.

I diskusjonen om innhaldet i framstillingane viser argumentasjonane at det er eit behov for fagkonsulentar når initiativtakarar «utanfrå» skal produsere historie. Behovet for multiperspektiv står også sterkt. Populærkulturelle historieframstillingar kan på denne måten i større grad unngå å bli kritisert for å formidle usannheiter og fremje «falske framstillingar». Dette blir truleg endå meir viktig når det kulturelle minnet skal stå aleine som formidlar av okkupasjonshistoria. Eit samarbeid mellom faghistorikarar, initiativtakarar og eventuelle andre fagfolk vil kunne skape ein deltakande historiekultur der historie som «allmenn interesse» også kan oppnå fagleg tyngde.

9. Oppsummering og konklusjon

I denne studien har eg analysert den offentlege debatten rundt tre ulike populærkulturelle framstillingar av norsk okkupasjonshistorie: sakprosaboka *Hva visste Hjemmefronten?*, fiksjonsserien *Atlantic Crossing* og dokumentarserien *Frontkjempere*. Undersøkinga er gjort med sikte på å belyse korleis desse framstillingane blir diskutert i debattane: Kva som blir sett på som viktig, kven som deltar i debattane og korleis dei deltar, samt kva desse debattane har til felles. I tillegg er det interessant kva inntrykk debattane gir av kor desse framstillingane står i forhold til den tradisjonelle grunnforteljinga.

Dei konkurrerande diskursane og motstridande forteljingane som kjem til uttrykk i debattane viser korleis okkupasjonshistoria består av eit mangfald av oppfatningar. Det er ingen klar konsensus om korleis forteljingane skal bli framstilt. Det er heller ingen som eig historia om krigen. Deltakarane i debattane viser også at alle har «rett» til å uttale seg om temaet. Det betyr likevel ikkje at alle uttaler seg på same grunnlag og opplever same gjennomslagskraft. Faghistorikarane kan gjerne uttale seg med større autoritet på historiefagleg grunnlag, medan etterkommarar og gjenlevande brukar opplevingar og førstehandsskildringar frå nær slekt i sine argument. Serieskaparar, forfattarar og andre kan argumentere på bakgrunn av faglege kunnskapar på sine felt. På denne måten er debattantane, som kjem frå ulike bakgrunnar og med ulike føresetnadar for deltaking, avgjerande for kva som blir satt på agendaen i diskusjonane av historiefamstillingane.

Det som blir sett på som viktig i debattane av desse historiefamstillingane kan grovsorterast i to hovudkategoriar: form og innhald. Når det gjeld form er det spesielt sjangeren til framstillinga og dei krava som følger med som blir diskutert. Det handlar her om ei sjåarkontrakt og ei lesarkontrakt – kva forventningar publikum kan stille til den historiske framstillinga dei blir møtt med. Ueinigheitene handlar om i kva grad desse tre framstillingane møter sine krav og spesielle retningslinjer som eit produkt av historisk sakprosa, fiksjon og dokumentar.

Når det gjeld innhald kan historieforfalsking og nye perspektiv på historia, samt tolking og forståing av fortida, trekkast fram. I debattane om *Atlantic Crossing* og *Hva visste Hjemmefronten?* handlar historieforfalsking om at det blir vridd på kjeldene for å få det til å passe inn i eit bestemt narrativ som forfattaren eller serieskaparen ønsker å fremje. På denne måten presenterer dei, ifølgje kritikarane, ei «falsk historie». Sjølv meiner dei det er

eit tolkingsspørsmål av kjeldematerialet. I tillegg blir Michelet sin journalistiske stil, og serieskaparane sin rett på å fiksjonalisere sanne hendingar i eit historisk TV-drama diskutert. Ulike tolkingar av kjelder og formidling av fakta (eller mangel på fakta) utgjer store delar av desse debattane.

I debatten om *Frontkjempere* går kritikken om historieforfalsking ut på at framstillinga blir for skeiv fordi frontkjemparane ikkje blir utfordra med nok kritiske spørsmål i intervju. Motargumentasjonen trekker fram verdien av frontkjemparane som førstehandskjelder i dokumentarserien, samt bidraga frå historikarar som balanserer ut desse subjektive beretningane. Felles for alle historiedebattane er at ueinigheitene oppstår i kollisjonen mellom historie som forskingsfelt og historie initiert «utanfrå» – der det finnst andre retningslinjer og krav for formidling.

Problemstillinga la særleg vekt på korleis *nyare* historieframstillingar av krigen vert diskutert. Dette er med tanke på vegskiljet vi no står i – der kommunikative minne gradvis forsvinn, og kulturelle minne vil stå aleine som formidlar av okkupasjonshistoria. Analysen viser at nyansane og gråsonene av okkupasjonshistoria, som dei populærkulturelle framstillingane søker seg inn i, kan vere ein viktig årsak for at det oppstår debatt. Perspektiva bidrar til ein fragmentering av den tradisjonelle grunnforteljinga, og skapar reaksjonar.

I analysen vart det i alle debattane argumentert for at det no, 77 år etter krigen, er viktig å utvide okkupasjonshistoria med nye perspektiv og nyanser. Dei delte meinjingane handlar om korleis ein skal gjere dette og på kva premiss. Kritikerane gir inntrykk av at nyanseringa i Michelet si bok skjer på feil premiss der jødane si historie blir fremja på kostnad av heimefronten sitt perspektiv. Det same gjelder kritikken mot *Atlantic Crossing*: kongen, kronprinsen og regjeringa vert skriven ned for at kronprinsesse Märtha skal bli løfta fram. I debatten om *Frontkjempere* vert det argumentert for at nyanseringa skjer på feil måte ettersom dokumentarserien sitt ukritiske blick på frontkjemparane fører til at dei vert framstilt «for positivt».

Alle framstillingane skil seg frå den tradisjonelle grunnforteljinga, men i ulik grad og på ulikt vis. *Hva visste Hjemmefronten?* og *Frontkjempere* avviker i stor grad frå kollektivtradisjonen. Ifølgje kritikken river Michelet, på feilaktig vis, opp sentrale delar av heimefronten og det vi kjenner som norske motstandshelter. *Frontkjempere* får på si side kritikk for å glorifisere ei

gruppe menneske som representerer «det største traumet» frå krigen og «det unasjonale». Dette er begge perspektiv som strider direkte imot den patriotiske minnekulturen og grunnforteljinga. Forsvararar av framstillingane meiner det er naudsynt å belyse alle sidene, også skyggesidene, i sin heilskap. *Atlantic Crossing*, derimot, fremjar ei helteberetning og kan i den forstand inngå i den patriotiske minnekulturen. Kvinnefokuset vil også vere eit bidrag til utvikling av grunnforteljinga. Problemet, ifølgje kritikken, er at dette er gjort på feil premisser der sentrale skikkelsar i kollektivtradisjonen vart feilaktig framstilt.

Konkluderande kan ein seie at det i debattane er mange som har sterke meiningar om korleis historia skal framstillast i populærkulturen i dag. 77 år etter krigens slutt opplevast temaet framleis som følsamt og bærer på viktige kulturelle betydingar. Det skaper eit enormt engasjement hos publikum. At temaet er betydingsfullt kjem til syne i meiningsutvekslingane hos blant anna etterkommarar som uttrykker fornærming eller æreskrenking på vegne av sine foreldre, eller på den andre sida: grupper som opplever at ei historie som står dei nær, og som tidlegare har vore neglisjert, endeleg blir fortalt til breitt publikum. Sterke meiningar kjem også til uttrykk hos faghistorikarar som kan kjenne seg støtt av at ein lang tradisjon med forskning nærast blir forkasta av det dei opplever som falske forteljingar. Initiativtakarane bak framstillingane vil på si side kunne oppleve at forteljinga dei formidlar, og har brukt årevis på å produsere, blir stempla som «ikkje godkjent» i debattane.

Den opplevde autoriteten hos faghistorikarar gir dei slik sett ein makt til å «bestemme» innhaldet i forteljinga om krigen, noko som kan føre til at dei i debattane har kraft til å «avvise» eit perspektiv. Initiativtakarar utanfor det historiske fagmiljøet vil på si side likevel ha ein makt når det gjeld historieformidling i populærkulturen. I denne samanheng fann studien at for fagleg og vitenskapleg interesserte vil akademiske verk og historiske fakta trumfe populærkulturelle framstillingar, medan det for «folk flest» vil vere omvendt.

Alle kan formidle sine oppfatningar av historia og uttale seg om korleis dei meiner historia skal bli framstilt, men dette blir gjort på forskjellige grunnlag og med ulike formål. Den offentlege debatten viser at okkupasjonshistoria i høgste grad blir eit produkt av ein deltakande historiekultur, der fleire bidrar til å skape og formidle forteljinga om krigen – og utvikle den vidare.

10. Kjeldeliste

Kjeldelista innehold publikasjoner som er referert til i oppgåva, samt bakgrunnskilder som ikkje er direkte brukt i teksten, men som eg i studien har hatt nytte av. Lista er delt i tre seksjonar der 10.1. viser til analyserte avisartiklar og avisinnlegg, 10.2. viser til TV-program, og 10.3. listar opp bøker og andre artiklar.

10.1. Avisinnlegg

- Aune, O. (2020, 25. november). - Dette er pinlig og provinsielt. *NRK*.
<https://www.nrk.no/kultur/-dette-er-pinlig-og-provinsielt-1.15260096>
- Bamle, P. (2021a, 16. april). - Det fremgår tydelig at nazismen var ille. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/kultur/reportasje/2021/04/16/det-fremgar-tydelig-at-nazismen-var-ille/>
- Bamle, P. (2021b, 16. april). - Et eksempel på hvor galt det kan gå. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/kultur/reportasje/2021/04/16/et-eksempel-pa-hvor-galt-det-kan-ga/>
- Berggren, E. B., Bruland, B. & Tangestuen, M. (2020a, 20. november). Lite tillitvekkende fra Gyldendal. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/eKGX8y/lite-tillitvekkende-fra-gyldendal>
- Berggren, E. B., Bruland, B. & Tangestuen, M. (2020b, 27. november). Nye feiltolkninger av kilder i Michelets kronikk. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/2dVWnR/nye-feiltolkninger-av-kilder-i-michelets-kronikk>
- Bjørhovde, H. (2021, 22. februar). Plagiat og faktafeil er gjengangere. Men det skal mye til å stanse en bok. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/nA4Xgd/plagiat-og-faktafeil-er-gjengangere-men-det-skal-mye-til-aa-stanse-en>
- Bjørhovde, H. & Aasmundsen, J. S. (2021, 15. februar). Uaktuelt å trekke Marte Michelets bok. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/zg8kA9/gyldendal-forlag-uaktuelt-aa-trekke-marte-michelets-bok>
- Bomann-Larsen, T. (2020a, 16. november). Fake history, made in Norway. *NRK*.
<https://www.nrk.no/ytring/fake-history-made-in-norway-1.15233333>
- Bomann-Larsen, T. (2020b, 20. november). Under et falskt skinn av dokumentasjon. *NRK*.
<https://www.nrk.no/ytring/under-et-falskt-skin-av-dokumentasjon-1.15253179>
- Dingstad, S. (2018, 26. desember). Det var nasjonen, ikke bare hjemmefronten, som sviktet. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/WLG2zQ/det-var-nasjonen-ikke-bare-hjemmefronten-som-sviktet-staale-dingst>

- Dypvik, A. S. (2021, 23. april). Michelet, minnene og moralen. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/ideer/essay/2021/04/23/michelet-minnene-og-moralen/>
- Dyvik, K. (2018, 23. november). Et tidsvitne svarer Michelet. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/gP9xmk/et-tidsvitne-svarer-michelet-kaare-dyvik>
- Eide, E. L. M. (2020, 16. november). Skaparen av Atlantic Crossing slår tilbake: - Det er fiksjon, ikkje dokumentar. *NRK*. <https://www.nrk.no/kultur/skaparen-av-atlantic-crossing-slar-tilbake-mot-kritikken--det-er-fiksjon-ikkje-dokumentar.-1.15246234>
- Eik, A. & Kallestein, L. M. (2020a, 18. november). «Atlantic Crossing» har sitt på det tørre. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/OQgzEO/atlantic-crossing-har-sitt-paa-det-toerre>
- Eik, A. & Kallestein, L. M. (2020b, 18. november). Slurvete kritikk av «Atlantic Crossing». *NRK*.
<https://www.nrk.no/ytring/slurvete-kritikk-av-atlantic-crossing-1.15249198>
- Eriksen, U. (2021, 7. april). NRK tar på seg rollen som suspekt youtubekanal. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/kultur/2021/04/07/nrk-tar-pa-seg-rollen-som-suspekt-youtubekanal/>
- Figueiredo, I. de. (2020, 20. november). Atlantic Crossing setter NRKs troverdighet på spill. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/kRvenB/atlantic-crossing-setter-nrks-troverdighet-paa-spill>
- Færøy, F. (2018, 26. november). Med rett til å anklage. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/rL715l/med-rett-til-aa-anklage-frode-faeroey>
- Førland, T. E. (2020, 25. november). Hvem skal man tro på? Arkivverket trenger mer penger og historikerne nye vaner. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/eKG4wa/hvem-skal-man-tro-paa-arkivverket-trenger-mer-penger-og-historikerne>
- Gjelsvik, B. (2020, 16. november). Vil Michelet beklage nå? *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/2d3n2x/vil-michelet-beklage-naa>
- Gjelsvik, B., Berggrav, D. H., Hauge, J. C., Jensen, T.-A. L., Klemmetsen, H., Sønsteby, M., Ulstein, A. & Whist, J. E. (2020a, 2. desember). Historieforfalskninger rammer Gyldendals omdømme. *NRK*. <https://www.nrk.no/ytring/historieforfalskninger-rammer-gyldendals-omdomme-1.15269915>
- Gjelsvik, B., Berggrav, D. H., Hauge, J. C., Jensen, T.-A. L., Klemmetsen, H., Sønsteby, M., Ulstein, A. & Whist, J. E. (2020b, 20. desember). Hva skjer når et forlag ikke lytter til faghistorikerne og gjeldende forskning? *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/39Bn7L/hva-skjer-naar-et-forlag-ikke-lytter-til-faghistorikerne-og-gjeldende-f>

Godøy, B. (2018, 29. november). Hjemmefront-kritikken gjennomsyres av antipati mot den borgerlige motstandsbevegelsen. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/5VdK1z/hjemmefront-kritikken-gjennomsyres-av-antipati-mot-den-borgerlige-mots>

Golombek, R. & Kohn, E. (2020, 30. november). Marte Michelet stiller de viktige spørsmålene. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/Ln3JpR/marte-michelet-stiller-de-viktige-spoersmaalene>

Grimnes, O. K. (2018, 7. desember). Den moraliserende historieskriver. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/l1R7wk/den-moraliserende-historieskriver-ole-kristian-grimnes>

Grue, L. (2019, 6. april). Flertallet av jøder i Danmark ble reddet fra nazistenes folkemord. Hvorfor? *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/8mpkix/flertallet-av-joeder-i-danmark-ble-reddet-fra-nazistenes-folkemord-hvo>

Grünfeld, N. (2018, 22. november). Antijødiske holdninger var en del av norsk kultur. Før, under og etter krigen. Hvilken unnfallenhet utviser vi i dag? *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/6nJKdz/antijoediske-holdninger-var-en-del-av-norsk-kultur-foer-under-og-etter>

Grünfeld, N. (2021, 15. april). *Regissøren jobbet med «Frontkjempere» i over ti år. Hvordan klarte han å lage et så trangt univers?*

<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/AlnIjz/regissoeren-jobbet-med-frontkjempere-i-over-ti-aar-hvordan-klarte-han>

Gundersen, H. (2018, 16. november). - Dette er nasjonal selvpisking. *Morgenbladet*.

<https://www.morgenbladet.no/aktuelt/2018/11/16/dette-er-nasjonal-selvpisking/>

Gundersen, T. R., Molven, F. & Nordanger, P. (2020, 29. november). Faghistorien har sviktet i studiet av det norske holocaust. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/41Oe3g/faghistorien-har-sviktet-i-studiet-av-det-norske-holocaust>

Harbo, H. (2018, 18. desember). - Det har vært et sterkt ønske om å kontrollere fortellingen om krigen. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/kultur/i/6nG5LW/det-har-vaert-et-sterkt-oenske-om-aa-kontrollere-fortellingen-om-krigen>

Harper, C. S. (2020, 18. november). Var Sønsteby troverdig om jødeaksjonen? *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/396pMP/var-soensteby-troverdig-om-joedeaksjonen>

- Hjeltnes, G. (2021, 16. april). Frontkjempenes blodspor gjennom Europa. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/vAJlJL/frontkjempenes-blodspor-gjennom-europa>
- Isaksen, T. N. (2020, 20. november). Kronprinsesse i kulissene. *Morgenbladet*, s. 25.
- Jacobsen, K. (2021, 11. februar). Marte Michelet forstår ikke forskningsetikk, skriver Kjetil Jacobsen. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/ideer/kommentar/2021/02/11/marte-michelet-forstar-ikke-forskningsetikk-skriver-kjetil-jacobsen/>
- Jonassen, M. (2020, 29. november). Man trenger ikke dikte for å fortelle spennende historier om kvinners innsats. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/kRvn3L/man-trenger-ikke-dikte-for-aa-fortelle-spennende-historier-om-kvinner>
- Kalbakk, P. A. & Sjø, M. (2021, 6. april). Derfor sender NRK serien «Frontkjempere». *NRK*.
<https://www.nrk.no/ytring/derfor-sender-nrk-serien-frontkjempere-1.15444521>
- Khorami, A. & Vestheim, T. M. F. (2020, 1. desember). NRK har ikke faktasjekket Atlantic Crossing selv. *NRK*. <https://www.nrk.no/kultur/nrk-har-ikke-faktasjekket-atlantic-crossing-selv-1.15269135>
- Kirschner, R. (2020, 30. november). Som norsk jøde kan jeg ikke akseptere dette! *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/Kyrd7o/som-norsk-joede-kan-jeg-ikke-akseptere-dette>
- Kristiansen, T. & Rem, T. (2020a, 17. november). NRK gir seerne en grunnleggende usann fortelling om krigen. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/86BQr2/nrk-gir-seerne-en-grunnleggende-usann-fortelling-om-krigen>
- Kristiansen, T. & Rem, T. (2020b, 24. november). «Atlantic Crossing»: Serieskapernes svar er et lærestykke i dobbeltkommunikasjon. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/R95pOr/atlantic-crossing-serieskapernes-svar-er-et-laerestykke-i-dobbeltkom>
- Kristiansen, T. & Rem, T. (2020c, 8. desember). «Atlantic Crossing» er bare blitt villere. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/Qmrigq/atlantic-crossing-er-bare-blitt-villere>
- Køhn, I. (2020a, 17. november). Historien kan tolkes. *NRK*.
<https://www.nrk.no/ytring/historien-kan-tolkes-1.15247239>
- Køhn, I. (2020b, 30. november). NRK svarer på «Atlantic Crossing»-kritikken: En dramaserie vil alltid være fiksjon. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/yRlaMe/nrk-svarer-paa-atlantic-crossing-kritikken-en-dramaserie-vil-alltid>

- Levin, I. (2018, 11. desember). Mangler kunnskap om jødene under krigen. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/ka93IX/mangler-kunnskap-om-joedene-under-krigen-irene-levin>
- Levin, S. (2020, 18. november). Hvor har Michelet det fra at hun ser historien fra et jødisk perspektiv? *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/aPOK4E/hvor-har-michelet-det-fra-at-hun-ser-historien-fra-et-joedisk-perspekti>
- Lunde, A. F. (2018a, 9. november). Hjemmefronten visste. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/boker/2018/11/09/hjemmefronten-visste/>
- Lunde, A. F. (2018b, 30. november). De var mennesker, som oss. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/kultur/2018/11/30/de-var-mennesker-som-oss/>
- Lunde, A. F. (2020a, 29. oktober). Legger frem hard kritikk av Marte Michelets bestselger om hjemmefronten. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/boker/2020/10/29/legger-frem-hard-kritikk-av-marte-michelets-bestselger-om-hjemmefronten/>
- Lunde, A. F. (2020b, 27. november). - Jeg tar ikke lett på feil. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/boker/2020/11/27/jeg-tar-ikke-lett-pa-feil/>
- Magnus, A. (2020, 28. november). Vi forstår at de etterlatte ønsker svar. *NRK*.
<https://www.nrk.no/ytring/vi-forstar-at-de-etterlatte-onsker-svar-1.15265073>
- Mauren, A. (2018, 8. november). Visste Hjemmefronten om jødedeportasjonene? *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/norge/i/5VK9Ob/visste-hjemmefronten-om-joededeportasjonene-ikke-godt-nok-bevist-me>
- Michelet, M. (2018a, 13. november). Hvem eier historien om krigen? *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/Kvgz0e/hvem-eier-historien-om-krigen-marte-michelet>
- Michelet, M. (2018b, 21. november). Krigshistorien i ruiner etter én ny bok? *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/P38P47/krigshistorien-i-ruiner-etter-en-ny-bok-marte-michelet>
- Michelet, M. (2018c, 2. desember). Velger man hjemmefrontens blikk? Eller de forfulgtes blikk? *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/BJPaMQ/velger-man-hjemmefrontens-blikk-eller-de-forfulgtes-blikk-marte-mi>
- Michelet, M. (2020, 27. november). Vi kunne ha vært allierte. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/ideer/kronikk/2020/11/27/vi-kunne-ha-vaert-allierte/>
- Moland, A. (2018, 12. november). Michelets bok om Hjemmefronten og jødene er et faglig og etisk forfeilet prosjekt. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/gPI56L/michelets-bok-om-hjemmefronten-og-joedene-er-et-faglig-og-etisk-forfeil>

Njølstad, O. (2018, 29. desember). Er det egentlig grunnlag for å kritisere hjemmefronten? *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/gPmM61/er-det-egentlig-grunnlag-for-aa-kritisere-hjemmefronten-olav-njoelstad>

Pettrøm, M. T. & Schwencke, M. (2020, 18. november). Ekspertene mener vi bør godta faktafeil i «Atlantic Crossing» og «The Crown». *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/X8945n/ekspertene-mener-vi-boer-godta-faktafeil-i-atlantic-crossing-og-the-c>

Rossvik, F. (2020, 25. november). Fortjent kritikk for Atlantic Crossing. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/kommentar/i/dl71yJ/fortjent-kritikk-for-atlantic-crossing>

Selmer-Anderssen, P. C. (2021a, 24. april). Mannen bak NRK-serien «Frontkjempere»: - Jeg er interessert i gråsonene. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/kRgy9k/mannen-bak-nrk-serien-frontkjempere-jeg-er-interessert-i-graasonen>

Selmer-Anderssen, P. C. (2021b, 28. mai). Mener Marte Michelets kritikere driver med flisespikkeri. Nå kommer Espen Søybye med motbok. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/pA3K5j/mener-marte-michelets-kritikere-driver-med-flisespikkeri-naa-kommer-es>

Selmer-Anderssen, P. C. & Kallelid, M. (2021a, 6. april). - Jeg er redd for at dette skaper sympati med frontkjemperne. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/86M0dQ/jeg-er-redd-for-at-dette-skaper-sympati-med-frontkjemperne>

Selmer-Anderssen, P. C. & Kallelid, M. (2021b, 11. april). Nina Grünfeld har selv laget dokumentarer om krigen. Dette mener hun «Frontkjempere» kunne gjort bedre. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/kultur/i/X81VyE/nina-grunfeld-har-selv-laget-dokumentarer-om-krigen-dette-mener-hun>

Skogstad, N. (2020, 2. desember). Det er leit at de som hjalp jødene, nå fremstilles som pengegriske. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/jB3PPA/det-er-leit-at-de-som-hjalp-joedene-naa-fremstilles-som-pengegriske>

Slettholm, A. (2020, 28. november). Hva visste Marte Michelet? *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/kommentar/i/7K7QE8/hva-visste-marte-michelet>

Snoen, J. A. (2020, 19. november). Falsk historiefortelling forkledd som drama. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/2dVi9q/falsk-historiefortelling-forkledd-som-drama>

- Solberg, R. M. (2020, 18. desember). Hovedfunnene i «Hva visste Hjemmefronten?» står like støtt som før. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/dl7MEO/hovedfunnene-i-hva-visste-hjemmefronten-staar-like-stoett-som-foer>
- Solheim, S., Døvik, O., Andersen, I. Y. & Grøndahl, E. (2020, 27. november). Familiane til fleire av motstandsfolk vurderer søksmål mot Marte Michelet. *NRK*.
<https://www.nrk.no/norge/familiane-til-fleire-motstandsfolk-vurderer-soksmal-mot-marte-michelet-1.15263448>
- Stenwig, S. (2021, 12. april). «Frontkjempere» på NRK er en mislykket dokumentar. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/R97bjx/frontkjempere-paa-nrk-er-en-mislykket-dokumentar>
- Svelstad, O. E. (2021, 26. januar). Sofia Helin går kraftig ut mot dei norske historikarane. *NRK*.
<https://www.nrk.no/kultur/sofia-helin-gar-kraftig-ut-mot-dei-norske-historikarane-1.15344124>
- Svelstad, O. E. & Grøndahl, E. (2020, 15. desember). Han rømde frå nazistane—No støttar han boka til Marte Michelet. *NRK*. <https://www.nrk.no/kultur/stotter-boka-til-marte-michelet-1.15285765>
- Sæther, V. & Thoresen, K. F. (2021, 21. april). På tide å svare om «Frontkjempere». *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/WOzRK/paa-tide-aa-svare-om-frontkjempere>
- Sæveraas, T. E. (2021, 23. april). Forståelse og fordømmelse er to sider av samme sak. *Morgenbladet*.
<https://www.morgenbladet.no/ideer/kronikk/2021/04/23/fordommelse-og-forstaelse-er-to-sider-av-samme-sak/>
- Søbye, E. (2020, 27. november). Den norske deltagelsen. *Morgenbladet*, ss. 26-27.
- Søbye, E. & Vold, J. E. (2020, 21. november). Baksiden av medaljen. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/oAKeA7/baksiden-av-medaljen>
- Sørheim, E. M. (2018, 17. november). Tvilsomme konklusjoner i Michelets bok. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/VRJvJ/tvilsomme-konklusjoner-i-michelets-bok-erle-marie-soerheim>
- Tangestuen, M. (2018, 13. desember). Det er uverdige å manipulere historien om hjemmefronten og jødene. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/wEB3jG/det-er-uverdige-aa-manipulere-historien-om-hjemmefronten-og-joedene-mat>
- Thoresen, K. F. (2021, 6. april). En frontkjemperens motiv. *NRK*. <https://www.nrk.no/ytring/en-frontkjemperens-motiv-1.15444853>

- Ulfstein, G. (2021, 10. april). Tiden er kommet for å høre frontkjempenes versjon. *NRK*.
<https://www.nrk.no/ytring/tiden-er-kommet-for-a-hore-frontkjempenes-versjon-1.15449403>
- Vesaas, H. (2018, 14. november). Michelet oppkaster seg til moralsk dommer over folk som reddet 800 forfulgte fra nazistene. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/yvw4nx/michelet-oppkaster-seg-til-moralsk-dommer-over-folk-som-reddet-800-for>
- Vesaas, H. (2020, 18. november). Når kommer et dementi av Michelets påstander om hjemmefronten? *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/dlm4dX/naar-kommer-et-dementi-av-michelets-paastander-om-hjemmefronten>
- Whist, J. E. (2019, 7. januar). Min far henges feilaktig ut som profittdrevet flyktningslos. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/yvo78e/min-far-henges-feilaktig-ut-som-profittdrevet-flyktninglos-jon-ellin>
- Zamudio, A. (2018, 15. november). Vi er ikke ferdig snakket om krigen. *NRK*.
<https://www.nrk.no/ytring/vi-er-ikke-ferdig-snakket-om-krigen-1.14293790>

10.2. TV-program

- Solvang, F. (Programleder). (2018, 15. november). Hva visste Hjemmefronten? [Episode i TV-program]. I *Debatten*. NRK. <https://tv.nrk.no/serie/debatten/201811/NNFA51111518>
- Solvang, F. (Programleder). (2020, 1. desember). Sannhet og fiksjon i tv-dramaer [Episode i TV-program]. I *Debatten*. NRK. <https://tv.nrk.no/serie/debatten/202012/NNFA51120120>
- Solvang, F. (Programleder). (2021, 13. april). Frontkjempere [Episode i TV-program]. I *Debatten*. NRK. <https://tv.nrk.no/serie/debatten/202104/NNFA51041321>

10.3. Bøker og artiklar

- Amlie, H. (2020, 9. oktober). Atlantic Crossing (1:8)—Premiere! NRK. <https://www.nrk.no/presse/programtaler/premiere-pa-atlantic-crossing-1.15193724>
- Andresen, A., Rosland, S., Ryymmin, T. & Skålevåg, S. A. (2015). *Å gripe fortida: Innføring i historisk forståing og metode* (2. utg.). Det norske samlaget.
- Berggren, E. B., Bruland, B. & Tangestuen, M. (2020). *Rapport frå ein gjennomgang av Hva visste hjemmefronten?* Dreyers forlag.
- Bratberg, Ø. (2017). *Tekstanalyse for samfunnsvitere* (2. utg.). Cappelen Damm akademisk.
- Bøe, J. B. (2006). *Å lese fortiden: Historiebruk og historiedidaktikk*. Høyskoleforlaget.
- Corell, S. (2010). *Krigens ettertid: Okkupasjonshistorien i norske historiebøker*. Scandinavian Academic Press.
- Eriksen, A. (1995). *Det var noe annet under krigen: 2. verdenskrig i norsk kollektivtradisjon*. Pax.
- Eriksen, A. (1999). *Historie, minne og myte*. Pax.
- Eriksen, G. S. (2021, 29. mars). Parodisk historieløst, Melby! VG. <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/BI9mPQ/parodisk-historieloest-melby>
- Ferrer, M. (2019). Kritisk tenkning i møte med lærebøker. I M. Ferrer & A. Wetlesen (Red.), *Kritisk tenkning i samfunnsfag* (s. 110–128). Universitetsforlaget.
- Grimnes, O. K. (2009). Hvor står okkupasjonshistorien nå? *Nytt Norsk Tidsskrift*, 26(03–04), 480–488. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3053-2009-03-04-23>
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Jørgensen, M. W. & Phillips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode*. Roskilde Universitetsforlag.

- Kunnskapsdepartementet. (2009). *Læreplan i historie (HIS1-02): Hovedområder*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006. <https://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Hovedomraader>
- Kvande, L. & Naastad, N. E. (2020). *Hva skal vi med historie?: Historiedidaktikk i teori og praksis* (2. utgave.). Universitetsforlaget.
- Lenz, C. (2011). «And it's really kind of strange to be here with Germans»—Didaktiske redskaper for interkulturelle læringsprosesser. I C. Lenz & T. R. Nilssen (Red.), *Fortiden i nåtiden: Nye veier i formidlingen av andre verdenskrigs historie* (s. ss. 246-268). Universitetsforlaget.
- Lenz, C. & Nilssen, T. R. (2011). Innledning: Historiekultur, historiebevissthet og historisk kompetanse. I C. Lenz & T. R. Nilssen (Red.), *Fortiden i nåtiden: Nye veier i formidlingen av andre verdenskrigs historie* (s. ss. 11-25). Universitetsforlaget.
- Maerz, S. (2007). Okkupasjonstidens lange skygger. *Nytt Norsk Tidsskrift*, 24(04), 365–375. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3053-2007-04-03>
- Maerz, S. (2010). *Okkupasjonstidens lange skygger: Fortidsbearbeidelse i Norge som identitetsdiskurs*. Unipub.
- Melby, G. (2021, 30. mars). Vi ønsker en bred debatt om fagene i skolen. VG. <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/nA2XOo/vi-oensker-en-bred-debatt-om-fagene-i-skolen>
- Michelet, M. B. (2018). *Hva visste hjemmefronten?: Holocaust i Norge: Varslene, unnvikelsene, hemmeligholdet*. Gyldendal.
- Prost, A. & Winter, J. (Red.). (2020). A new century: The age of the Internet. I *The Great War in History: Debates and Controversies, 1914 to the Present* (2. utg., s. 193–213). Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/9781108914970.011>
- Sand, C. (2021, 17. mars). Frontkjempere. NRK. <https://www.nrk.no/presse/programtaler/frontkjempere-1.15419843>
- Skram, H. F. (2011). Historiefaget i Kunnskapsløftet: Dyktiggjøre og bevisstgjøre. *Acta Didactica Norge*, 5(1), (Art 2-29 sider). <https://doi.org/10.5617/adno.1063>
- Stugu, O. S. (2016). *Historie i bruk* (2. utg.). Det norske samlaget.
- Stugu, O. S. (2021). *Den andre verdenskrigen i norsk etterkrigsminne*. Det norske samlaget.
- Syse, H. (2011). Historieforståelse og Holocaust i Kunnskapsløftet. I C. Lenz & T. R. Nilssen (Red.), *Fortiden i nåtiden: Nye veier i formidlingen av andre verdenskrigs historie* (s. ss. 26-45). Universitetsforlaget.
- Sørli, S. (2015). *Solkors eller hakekors: Nordmenn i Waffen-SS 1941-1945*. Dreyer forlag.
- Tosh, J. (2008). *Why history matters*. Palgrave.

Tosh, J. (2014). Public History, Civic Engagement and the Historical Profession in Britain. *History*, 99(2 (335)), 191–212.

Aase, T. H. & Fossåskaret, E. (2014). *Skapte virkeligheter: Om produksjon og tolkning av kvalitative data* (2. utg.). Universitetsforlaget.

Vedlegg 1

Utval av kjelder: *Hva visste Hjemmefronten?*

Mediearkiv: Atekst (Retriever)

Søkeord: «Hva visste Hjemmefronten» AND Marte Michelet

Dette søket vil finne artiklar som inneheld den eksakte frasen «Hva visste Hjemmefronten» og søkeorda Marte og Michelet.

Avgrensing periode: 01.11.2018 – 31.08.2021 (boka vart utgitt november 2018, deretter har to motbøker og eit tilsvar etter motboka blitt utgitt i 2020 og i 2021)

Totalt treff av avisinnlegg: 1126 treff (1270 inkl. liknande) der 658 er på papir og 611 på nett

Treff i flest papiraviser: Aftenposten (100), Dagsavisen (89), Klassekampen (88)

Treff i flest nettaviser: Aftenposten (88), Dagsavisen (29), VG (26) (NRK har 25 artiklar her)

Utvalde aviser: NRK, Aftenposten, Morgenbladet


Treff i utvalde aviser: NRK (25), Aftenposten (100 papir + 88 nett), Morgenbladet (35 papir + 18 nett)

Treff i utvalde aviser totalt: 262 (266 inkl. liknande) (nokre av papirutgåvene vil også vere på nett)


Under ligg statistiske oversikter over treff i dei utvalde avisene.

Navn	Type	2018	2019	2020	2021	Totalt
Aftenposten	Papir	32	8	34	26	100
Aftenposten	Nett	23	8	31	26	88
Morgenbladet	Papir	6	2	16	11	35
Morgenbladet	Nett	5	2	8	3	18
NRK	Nett	4	1	4	16	25
Alle samanlagt		70	21	93	82	266

TABELL 1: TREFF I DEI UTVALDE AVISENE. DATA ER HENTA FRÅ ATEKST.



FIGUR 1: STOLPEDIAGRAM LAGA MED UTGANGSPUNKT I DATA FRÅ TABELL 1. TAL LISTA OPP PÅ VENSTRE SIDE ER TAL PÅ TREFF.



FIGUR 2: LINJEDIAGRAM SOM VISER HYPPIGHETA AV AVISINNLEGG I DEI TRE UTVALDE AVISENE I DEN AVGRENSA PERIODEN.

Tabell 1 viser årstal i staden for månader (i motsetning til vedlegg 2 og 3) ettersom det er henta avisinnlegg frå fleire enn 12 mnd. Det vart meir oversikteleg på den måten. Det gjeld

ikkje heile 2018 og 2021, men frå 1.nov 2018 til 31.aug 2021. Linjediagrammet i figur 2 er henta direkte frå Atekst sin analysefunksjon. Alle data er henta 12.januar 2022.

I linjediagrammet blir det veldig tydeleg at debatten var mest aktuell i november og desember 2018 og 2020. Frå februar 2019 til september 2020 vart det publisert veldig få innlegg i dei utvalde avisene. Ettersom Aftenposten var den avisa som omtalte boka og debatten mest, vil denne statistikken også vere representativ for eit større utval aviser. Eg har også sjekka statistikken for til dømes Dagsavisen, og den følger om lag same mønster. Eg ser også at debatten tar seg opp igjen med ein gong motboka, *Rapport av ein gjennomgang av Hva visste Hjemmefronten?* (Bruland, Berggren & Tangestuen, 2020) vart gitt ut.

Innlegga i dei utvalde avisene vart i første omgang skumlest for å filtrere ut innlegg som ikkje er så relevant for min studie, samt for å skaffe ei oversikt. I andre omgang leste eg dei utvalde innlegga i oversikta laga, og reinska ut innlegg etter kriterium, relevans og metningspunkt. Ettersom nokre av innlegga til Aftenposten og Morgenbladet finnast i papirutgåver og på nett, valte eg berre ein av utgåvene slik at artikkelen ikkje skulle telle dobbelt opp.

Kriterium: Innlegget skal fremje eit eller fleire synspunkt om ein eller fleire av dei tre utvalde framstillingane (her: *Hva visste Hjemmefronten?*).

Eg har valt ut 67 innlegg av 266. Ikkje alle vil ha betydning for analysen då eg ser at eg mest sannsynleg vil nå eit metningspunkt. Mange av sakene er intervjusaker. I utgangspunktet hadde eg tenkt å sile ut objektiv journalistikk og informasjonsjournalistikk, slik at datamaterialet berre skulle bestå av subjektive meiningar. Likevel valte eg å inkludere dei ettersom desse intervjusakene også får fram subjektive meiningar som kan vere nyttig for analysen.

	Aftenposten	NRK	Morgenbladet	Alle avisene
Debattinnlegg	24		3	27
Kronikk	15	3	1	19
Intervjusak	7	2	6	15
Kommentar	1		2	3
Essay			3	3
Samanlagt	47	5	15	67

Under er ein oversikt over deltakarane i debatten. I staden for å ha «tal på avisinnlegg» i høgre kolonne har eg valt å telle bidrag, og i staden for «forfattar av innlegg» i høgre kolonne har eg valt «deltakarar». Dette har eg gjort fordi mange innlegg er skrivne av t.d. tre historikarar saman, og ikkje berre éin. I slike tilfelle ønsker eg å telle med alle tre som bidragsytarar. I tillegg er det i 15 intervjusaker, og her vil eg telle med alle intervjuobjekta i saka. Fleire av bidraga kan vere frå same deltakar (slik som Michelet, med 10 bidrag). Deltakarane i episoden av Debatten på NRK TV er også telt med.

Deltakarar	Bidrag i debatten (i mitt kjeldeutval)
Marte Michelet	11
Historikarar Førsteamanuensis/professor i historie	37 (Mange av bidraga er frå Moland og forfattarane av motboka: Berggren, Bruland og Tangestuen)
Andre akademikarar (Representerer ein vitskapleg disiplin som ikkje er historie, t.d. professor i nordisk litteratur)	7
Andre fagfolk (Representantar frå andre organisasjonar, firma eller fagmiljø, t.d. direktør i Gyldendal Forlag eller forstandar i Det mosaiske trossamfunn. Dersom debattanten i tillegg bærer tittelen historikar teller vedkommande heller med i den kategorien)	21
Forfattarar (Som regel med kombinert tittel, t.d. kritikar eller lektor)	10

Etterkommarar av motstandsfolk	31 (8-9 etterkommarar slo seg saman i debattinnlegga, noko som resulterte i mange bidrag. 5 av bidraga er frå Jon Elling Whist, som også er professor)
Krigsveteranarar/Tidsvitne	3 (Ragnar Ulstein, også krigshistorikar) (Kaare Dyvik) (Leif Arild Levin, som var barn under krigen, med koplingar til både jødisk miljø og Milorg)
Andre	1 (Andreas Slettholm, kommentator)

Vedlegg 2

Utval av kjelder: *Atlantic Crossing*

Mediearkiv: Atekst (Retriever)

Søkeord: «Atlantic Crossing»

Dette søket vil finne artiklar som inneheld den eksakte frasen «Atlantic Crossing» (og ikkje t.d. «atlantic» og «crossing» skilt frå kvarandre)

Avgrensing periode: 01.10.2020 – 31.08.2021

Totalt treff av avisinnlegg: 874 (952 inkl. liknande) der 463 er på papir, 484 på nett og 5 på TV/radio

Treff i flest papiraviser: Dagsavisen (44), Aftenposten (36), Klassekampen (28)

Treff i flest nettaviser: NRK (43), Aftenposten (37), Dagbladet (31)

Utvalde aviser: NRK, Aftenposten, Morgenbladet


Treff i utvalde aviser: NRK (43), Aftenposten (36 papir + 37 nett), Morgenbladet (7 papir + 15 nett)

Treff i utvalde aviser totalt: 138 (men nokre er publisert på både nett og papir)


Under ligg statistiske oversikter over treff i dei utvalde avisene.

Navn	Type	okt.20	nov.20	des.20	jan.21	feb.21	mar.21	apr.21	mai.21	jun.21	jul.21	aug.21	Totalt
NRK	Nett	7	19	4	4	4	3	0	1	1	0	0	43
Aftenposten	Nett	3	18	9	0	0	3	1	1	0	2	0	37
Aftenposten	Papir	4	17	9	2	1	0	1	1	0	1	0	36
Morgenbladet	Papir	1	3	6	2	0	0	1	1	0	0	0	14
Morgenbladet	Nett	1	3	3	0	0	0	0	0	0	0	0	7
Alle samanlagt		16	60	31	8	5	6	3	4	1	3	0	137

TABELL 1: TREFF I DEI UTVALDE AVISENE. DATA ER HENTA FRÅ ATEKST,



FIGUR 2: STOLPEDIAGRAM LAGA MED UTGANGSPUNKT I DATA FRÅ TABELL 1. TAL LISTA OPP PÅ VENSTRE SIDE ER TAL PÅ TREFF.



FIGUR 2: LINJEDIAGRAM SOM VISER HYPPIGHEITA AV AVISINNLEGG I DEI TRE UTVALDE AVISENE I DEN AVGRENSA PERIODEN.

Tabell 1 og Figur 1 er utforma med tal henta frå Atekst 7. desember 2021. Linjediagrammet i figur 2 er henta direkte frå Atekst 7. desember 2021. Dei fleste innlegga er frå november 2020. Innlegg som treffer på søkeordet publisert etter desember er for det meste ikkje relevante.

Kriterium: Innlegget skal fremje eit eller fleire synspunkt om ein eller fleire av dei tre utvalde framstillingane (her: i hovudsak *Atlantic Crossing*).

Etter å ha sett gjennom nokre av innlegga, har eg valt å berre inkludere Aftenposten sine digitale artiklar. I Morgenbladet har eg berre valt ut to artiklar – ein digital og ein på papir. Her tar eg foreløpig med begge. Til slutt satt eg med eit utval på 25 avisinnlegg. Det som er reinska ut er innlegg som ikkje treffer kriterium.

	Aftenposten	NRK	Morgenbladet	Alle avisene
Debattinnlegg	7			7
Kronikk	2	1	1	4
Intervjusak	1	4		5
Kommentar	3			3
Replikk		3		3
TV-melding	1		1	2
Historiespalte	1			1
Samanlagt	15	8	2	25

Under er ein oversikt over deltakarane i debatten. I staden for å ha «tal på avisinnlegg» i høgre kolonne har eg valt å telle bidrag, og i staden for «forfattar av innlegg» i høgre kolonne har eg valt «deltakarar». Dette har eg gjort fordi mange innlegg er skriva av t.d. tre historikarar saman, og ikkje berre éin. I slike tilfelle ønsker eg å telle med alle tre som bidragsytarar. I tillegg er det i 5 intervjusaker, samt 1 debattprogram på TV, og her vil eg telle med alle intervjuobjekta i saka og deltakarane i Debatten på NRK TV.

Deltakarar	Bidrag i debatten (i mitt kjeldeutval)
Alexander Eik og Linda May Kallestein (Serieskapar/regissør/manusforfattar)	10
Historikarar Førsteamanuensis/professor i historie	12
Andre akademikarar (Representerer ein vitenskapleg disiplin som ikkje er historie, t.d. professor i filmvitskap)	4
Andre fagfolk (Representantar frå andre organisasjonar, firma eller fagmiljø, t.d. dramasjef i NRK. Dersom debattanten i tillegg bærer tittelen historikar teller vedkommande heller med i den kategorien)	10 (Kringkastingsrådet er inkludert her, der fleire er politikarar)
Forfattarar (Som regel med kombinert tittel, t.d. kritikar eller lektor. Manusforfattarar er også inkludert her. Debattantar som i tillegg har tittel som historikar eller professor i andre fagfelt teller heller med i kategori 2 eller 3)	7 (Tor Bomann-Larsen som ein av dei viktigaste bidragsytarane her)
Kommentator	4
Andre	1 (skodespelar Sofia Helin)

Vedlegg 3

Utval av kjelder: *Frontkjempere*

Mediearkiv: Atekst (Retriever)

Søkeord: Frontkjempere AND (NRK OR dokumentarserie*)

Dette søket vil finne artiklar som inneheld søkeordet «frontkjempere» og minst eitt av søkeorda «NRK» eller «dokumentarserie(n)».

Avgrensing periode: 01.04.2021 – 31.08.2021 (serien hadde premiere i april 2021)

Totalt treff av avisinnlegg: 238 (255 inkl. liknande) der 118 er på papir og 137 på nett

Treff i flest papiraviser: Dagsavisen (20), Klassekampen (11), Rogalands avis (10), (Aftenposten og Morgenbladet har også 9 innlegg kvar her)

Treff i flest nettaviser: NRK (9), Aftenposten (9), Dagsavisen (7), Morgenbladet (7) og Vårt Land (7)

Utvalde aviser: NRK, Aftenposten, Morgenbladet


Treff i utvalde aviser: NRK (9), Aftenposten (9 papir + 9 nett), Morgenbladet (9 papir + 7 nett)

Treff i utvalde aviser totalt: 42 (43 inkl. liknande) (nokre av papirutgåvene er også på nett)


Under ligg statistiske oversikter over treff i dei utvalde avisene.

Navn	Type	apr.22	mai.22	jun.22	jul.22	aug.22	Totalt
NRK	Nett	8	1	0	0	0	9
Aftenposten	Nett	9	0	0	0	0	9
Aftenposten	Papir	8	1	0	0	0	9
Morgenbladet	Papir	6	2	1	0	0	9
Morgenbladet	Nett	6	1	0	0	0	7
Alle samanlagt		37	5	1	0	0	43

TABELL 1: TREFF I DEI UTVALDE AVISENE. DATA ER HENTA FRÅ ATEKST.



FIGUR 1: STOLPEDIAGRAM LAGA MED UTGANGSPUNKT I DATA FRÅ TABELL 1. TAL LISTA OPP PÅ VENSTRE SIDE ER TAL PÅ TREFF.



FIGUR 2: LINJEDIAGRAM SOM VISER HYPPIGHEITA AV AVISINNLEGG I DEI TRE UTVALDE AVISENE I DEN AVGRENSA PERIODEN.

Tabell 1 og diagram 1 er utforma med tal henta frå Atekst 6.januar 2021. Tabell 2 er henta direkte frå Atekst 6.januar 2021.

Dei fleste innlegga er frå april 2021. Det vart ikkje publisert innlegg i juli eller august i desse avisene, og berre eitt innlegg i juni. Av dei 43 innlegga i søketreffet, stod eg igjen med 12 innlegg etter utreinsking ut ifrå kriterium (18 viss ein tar med Aftenposten på både papir og nett). Utvalet består hovudsakleg av avisinnlegg publisert i april 2021.

Kriterium: Innlegget skal fremje eit eller fleire synspunkt om ein eller fleire av dei tre utvalde framstillingane (her: i hovudsak *Frontkjempere*).

	Aftenposten	NRK	Morgenbladet	Alle
Debattinnlegg	3			3
Kronikk		2	1	3
Intervjusaker	3		2	5
Kommentar		1		1
Samanlagt	6	3	3	12

Under er ein oversikt over deltakarane i debatten. I staden for å ha «tal på avisinnlegg» i høgre kolonne har eg valt å telle bidrag, og i staden for «forfattar av innlegg» i høgre kolonne har eg valt «deltakarar». Dette har eg gjort fordi mange innlegg er skrivne av t.d. tre historikarar saman, og ikkje berre éin. I slike tilfelle ønsker eg å telle med alle tre som bidragsytarar. I tillegg er det i 5 intervjusaker, samt 1 debattprogram på TV, og her vil eg telle med alle intervjuobjekta i saka og deltakarane i Debatten på NRK TV.

Deltakarar	Bidrag i debatten (i mitt kjeldeutval)
Alexander Kristiansen (Serieskapar/producent/regissør/manusforfattar)	5
Historikarar Førsteamanuensis/professor i historie	10
Andre akademikarar (Representerer ein vitenskapleg disiplin som ikkje er historie, t.d. professor i filmvitskap)	5
Andre fagfolk (Representantar frå andre organisasjonar, firma eller fagmiljø, t.d. etikkredaktør i NRK. Dersom debattanten i tillegg bærer tittelen historikar teller vedkommande heller med i den kategorien)	5
Forfattarar (Som regel med kombinert tittel, t.d. kritikar eller lektor)	2
Etterkommarar av frontkjemparar	2 (Geir Ulfstein, professor ved UiO, men skriv her som privatperson, og Tone Beate Windingstad i NRK-programmet Debatten)